



Kinn kommune

Møtebok

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Festsalen, Florø kulturhus
Dato: 12.06.2023
Tid: Kl. 09:00 - 15:30

Følgjande medlemmer møtte	Parti
Anders Ole Sunnarvik	Kinn AP
Bente Nygård	Kinn AP
Ola Teigen	Kinn AP
Petter Karl Refsnes	Kinn AP
Silje Ødegård Standal	Kinn AP
Stine Kråkenes Øvrelid	Kinn AP
Frank Willy Pedersen Djuvik	Kinn FrP
Anett Berg	Kinn H
Arlene Vågene	Kinn H
Kristian Skibenes	Kinn H
Morten Andreas Hagen	Kinn H
Vidar Grønnevik	Kinn H
Gustav Johan Nydal	Kinn KrF
Kine Andersen Nygård	Kinn MDG
Daniel Erik Adrian Henriksson	Kinn Rødt
Geir Ole Oldeide	Kinn Rødt
Marie Kronen Tveranger	Kinn Rødt
Jan Arve Midtbø	Kinn SP
Sidsel Fænn Kongsvik	Kinn SP
Torgunn Elisabeth Eikevik	Kinn SP
Ingunn Kjersti Frøyen	Kinn SV
Jon Valur Olafsson	Kinn SV
Edvard Iversen	Kinn V
Hilmar Eliasson	Kinn V
Jacob André Telvik Nødseth	Kinn V
Jan Henrik Nygård	Kinn V
Asgeir Olav Solheim	UAH
Fredrik Smiley Egeberg	UAH
Randi Hagevik Aare	UAH
Tom André Vedvik Hopland	UAH

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti
Lars Terje Standal	Kinn AP	Doris Christensen	Kinn AP
Leif Magne Gil	Kinn AP	Inger Strand Kvalheim	Kinn AP
Marie Kristine Øverås Jensen	Kinn AP	Heidi Rønhovde	Kinn SV
Ronny Cassells	Kinn AP	Asbjørn Sjørdal	Kinn AP
Tove Lill Refvik Volle	Kinn AP	Åge Arne Larsen	Kinn AP
Miriam Johanne Nesje	Kinn FrP	Kjell-Magne Kvalheim	Kinn FrP
Hanne Eva Husebø Kristensen	Kinn H	Bengt Solheim-Olsen	Kinn H
Geir Arne Solheim	Kinn MDG		
Sunniva Audardottir Oldeide	Kinn Rødt	Hege Chatrine Brandsøy	Kinn Rødt

Frå administrasjonen møte:

Øyvind Bang-Olsen, Norunn Stavø, Runa Nybakk, Rolf Bjarne Sund, Linda Nipen, Norvall Bakke, Henrik Ulriksen, Frida Rogne.

Andre som møte:

Bjørn Hollevik, nestleiar i kontrollutvalet
Linda Mortensen Midtbø, dagleg leiar Florø hamn
Magny K. Rogne, dagleg leiar Havhesten
Halvor Halvorsen, dagleg leiar Bordgleder

Sakene som blei behandla i møte måndag 12.06.2023

Møtet gjekk over 2 dagar, og desse sakene vart behandla 12. juni:
066/23 - 074/23, 076/23 - 078/23, 080/23, 082/23 084/23, 087/23, 099/23.
Representantane som møtte i kommunestyremøte 13.06 står i eigen protokoll.

Kommunestyremøte 12.06.2023

Morten Hagen fråtrjedde møte kl. 11.15, og Mats Brunsvik tiltredde som vara.

Ola Teigen
Ordførar

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
066/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
067/23	Spørsmål
068/23	Godkjenning av møteprotokoll
069/23	Refererte skriv og meldingar
070/23	Forvaltningsrevisjon: prosjektrapport - Arbeidsmiljø i oppvekstsektoren
071/23	Prinsippvedtak "Merket for berekraftig reisemål, Visit Fjordkysten og Sunnfjord"
072/23	Oppheving av gebyrforskrift
073/23	Orienteringssak - Mogeleg fusjon mellom Nordfjordnett og SYSIKT
074/23	Brannordning i Kinn kommune
075/23	Framtidig kjøkkenløsning for Kinn kommune
076/23	Florø hamn Kinn kommune KF - Årsrekneskap og årsmelding 2022
077/23	Havhesten Kinn kommune KF - Årsrekneskap og årsmelding 2022
078/23	Kinn Bordgleder KF - Årsrekneskap og årsmelding 2022
079/23	Kinn utdannings- og ressurscenter KF - Årsrekneskap og årsmelding 2022
080/23	Årsrekneskap og årsrapport 2022 - Kinn kommune
081/23	1. tertialrapport 2023, med revidert budsjett og finansrapport - Kinn kommune
082/23	Bordgleder Kinn kommune KF - Revidert budsjett T1 2023
083/23	Kinn utdannings og ressurscenter KF - Revidert budsjett T1 2023
084/23	Havhesten Kinn kommune KF - Revidert budsjett T1 2023
085/23	25007-Nordfjordbadet: Forretning og finansieringsplan pr. 26.05.23
086/23	25002-Fullskala fotballhall - Storhallen i vest : Forretning og finansieringsplan pr. 26.05.23
087/23	Politisk organisering og delegering
088/23	Framlegg til møtereglement i politiske organ for Kinn kommune
089/23	Framlegg til forskrift for godtgjering i politiske organ - Kinn kommunen sine arbeidsvilkår for lokalpolitikere
090/23	Vedtekter - kommunale foretak
091/23	Oppretting av KF Bustad og eigedom
092/23	Oppretting av vikarpool i barnehage
093/23	Lokal forskrift om tømning av slamanlegg - Eigengodkjenning av revidert forskrift
094/23	Kommunale forvaltningsmål for hjort 2023-2027
095/23	Interkommunalt samarbeid innanfor byggesak og forureiining i Nordfjord og Sunnfjord
096/23	Tilstandsrapport 2022 - Kinn barnevern
097/23	Interpellasjonar
006/23	Interpellasjon/ spørsmål til formannskapsmøte 10.05.2023 - Havnepyspy
098/23	Skjenkeløyve- Ludviken As - 2023-2024
099/23	Høyringsmerknad - Utgreiingsprogram for Havvind



Saksnr.	Utval	Møtedato
066/23	Kommunestyret	12.06.2023

Godkjenning av innkalling og sakliste

KOST- 066/23 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Behandling i Kommunestyret 12.06.2023:

Godkjenning av innkalling:

Ingen merknadar.

Godkjenning av sakliste:

Ingen merknadar.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

KOST- 066/23 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.



Saksnr.	Utval	Møtedato
067/23	Kommunestyret	12.06.2023

Spørsmål

KOST- 067/23 Vedtak:

Ingen vedtak.

Behandling i Kommunestyret 12.06.2023:

Spørsmål frå repr. Nødseth:

Eg viser til tema i formannskapet i dag om manglande ordensreglement i grunnskulen i Kinn, på spørsmål frå underteikna.

Det vart orientert om at ein framleis ikkje har på plass ordensreglement for grunnskulen i Kinn og at ein brukar dei gamle reglementa frå Vågsøy og Flora.

I forlengelsen av dette stiller eg følgjande tre spørsmål til komande kommunestyremøte, inntatt nederst.

Bakgrunnen er dette kravet i opplæringslova:

"§ 9 A-10. Ordensreglement

Kommunen skal gi forskrift om ordensreglement for den enkelte grunnskole, og fylkeskommunen skal gi forskrift om ordensreglement for den enkelte vidaregåande skole.

Reglementet skal gi reglar om rettane og pliktene til elevane så langt dei ikkje er fastsette i lov eller på annan måte. Reglementet skal innehalde reglar om orden og oppførsel, om kva tiltak som kan nyttast mot elevar som bryt reglementet, og om korleis slike saker skal behandlast.

Skolen kan berre nytte tiltak som er fastsette i ordensreglementet. Tiltaka skal ikkje innebere fysisk refsing eller anna krenkjande behandling. Før det blir teke avgjerd om tiltak, har eleven rett til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerda.

Ordensreglementet skal gjerast kjent for elevane og foreldra. Kravet i forvaltningsloven § 38 første ledd bokstav c om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje."

Ordensreglementet skal skape føreseielegheit og handlekraft innan eit viktig område i skulen, for å sikre alle elevar og tilsette ein trygg skulekvardag.

1) Kor lenge har ein arbeidd med å etablere eit nytt ordensreglement? Er det godt nok at ein 3,5 år inn i Kinn kommune ikkje har eit slikt reglement på plass? Kva er det som gjer at dette tek så lang tid?

Svar:

Oppvekstsektoren i Flora og Vågsøy deltok i den nasjonale satsinga *Inkluderande barnehage og skulemiljø* ved overgang til Kinn kommune. Satsinga handla om å få større kunnskap og forståing av regeleverket for kapittel 9.A i opplæringslova om elevane sitt skulemiljø og kapittel VIII i barnehagelova om psykososialt barnehagemiljø.

I oppfølginga av satsinga er det nå fokus på å få på plass forskrift om ordensreglement for grunnskulen i Kinn kommune. Arbeidet er starta opp som del av det samla arbeidet med «trygt og godt skulemiljø».

I løpet av 3,5 år av Kinn kommune har det vore skifte av både leiing og rådgjevarar i den administrative oppvekstsektoren. Vi har hatt 2 år med pandemi, og arbeid med å følgje opp restriksjonar og anbefalingar frå Folkehelseinstituttet har også hatt stort fokus administrativt. Etter folkeavstemming og vedtak om å halde fram som Kinn kommune, har arbeid med ulike reglement og handlingplanar hatt fokus. Det er såleis fleire grunnar til at arbeidet med ordensreglement tatt lengre tid enn nausynt.

2) Har det å mangle eit slikt ordensreglement hatt noko praktisk utfordring? Om ja, kva konsekvensar då?

Svar:

For å unngå praktiske utfordringar og uheldige situasjonar, ligg ordensreglementa til dei tidlegare kommunane til grunn fram til nytt ordensreglement for Kinn er klart. Skulane kjenner «sine» reglement, og kommunedirektøren er ikkje kjent med at dette har ført til praktiske utfordringar.

3) Eit ordensreglement er eit av fleire verkty kommunen har for å handtere konflikhtar i skulen. Korleis vil ein beskrive administrasjonen sitt arbeid med å sikre at ulike konflikhtar i skulekvardagen vert følgt opp på ein rask og god måte? Lukkast administrasjonen med dette?

Svar:

Konflikhtar i skulekvardagen vert løyst på lågast nivå, altså på skulen. Alle som jobber på skulen skal følgje med på at elevane har det bra på skulen. Dersom ein tilsett kjenner til, eller trur at ein elev ikkje har ein trygg og god skulekvardag, skal vedkommande gripe inn, seie frå til rektor og undersøkje kva som har skjedd. Rektor har ansvar for at det vert lage ein plan og sett inn tiltak for at eleven skal skal få det trygt og god på skulen (Opplæringslova § 9A-4 – Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skulemiljø).

Dersom ein tilsett krenkjer ein elev, skal vedkommande straks varsle rektor. Rektor varslar skuleeigar. Dersom rektor krenkjer, skal den tilsette ev. den som oppdagar krenkinga, varsle skuleeigar direkte. Skuleeigar har ansvar for å undersøkje saka og sette i verk tiltak (Opplæringslova § 9A-5 Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider på skulen krenkjer ein elev).

I saker der skuleeigar er varsla, har skuleeigar straks følgt opp med undersøking. Elevar har også uttalt seg.

Spørsmål frå repr. Nydal om status Brandsøyvegen

Svar frå kommunedirektør:


Vi har hatt møte og koordinerer dei regionale prosjekta saman med administrasjonen i fylkeskommunen, og i det møte blei det klart at det er fylkeskommunen som har ansvar for detaljreguleringa, og vi stiller med fagfolk i forhold til å gi innspel til ein slik prosess. Så er det også slik at fylkeskommunen ønskjer sjølv å regulere, då får dei med dei siste standarane. Vi følgjer opp og etterspør framdrift frå fylkeskommunen.

Røysting:

Ingen røysting.

KOST- 067/23 Vedtak:

Ingen vedtak.



Saksnr.	Utval	Møtedato
068/23	Kommunestyret	12.06.2023

Godkjenning av møteprotokoll

KOST- 068/23 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Møteprotokoll frå siste møte ligg i Acos møteportal og på Kinn kommune si heimeside.


Behandling i Kommunestyret 12.06.2023:

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

KOST- 068/23 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.



Saksnr.	Utval	Møtedato
069/23	Kommunestyret	12.06.2023

Refererte skriv og meldingar

KOST- 069/23 Vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Behandling i Kommunestyret 12.06.2023:

Orientering v/ nestleiar i kontrollutvalet Bjørn Hollevik, om møtebok frå kontrollutvalet 23.05.2023.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding samrøystes vedtatt.


KOST- 069/23 Vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Underliggende sak:

007/23, Møtebok - Kontrollutvalet - 23.05.2023

008/23, Rådgivning - Forebygging og håndtering av hat og trusler mot folkevalgte



Saksnr.	Utval	Møtedato
017/23	Kontrollutvalet	23.05.2023
070/23	Kommunestyret	12.06.2023

Forvaltningsrevisjon: prosjektrapport - Arbeidsmiljø i oppvekstsektoren

KOST- 070/23 Vedtak:

1. Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet Arbeidsmiljø i oppvekstsektoren, utarbeida av Vestland Revisjon, datert 05.05.2023.

2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine tilrådingar skal følgjast/utførast:

- sikre at tilsette og tenesteleiarar i oppvekstsektor får tilgang til, og tileignar seg, god kunnskap om avvikssystemet og korleis dette fungerer.
- I implementeringa og oppfølginga av bruken av avvikssystemet må kommunen trekke inn tilsette sine erfaringar med kor tilrettelagt systemet er for deira arbeidsplass
- Skulane i kommunen bør implementere og følgje opp risikovurdering for psykososialt arbeidsmiljø.

3. Det skal utarbeidast ordensreglement for skulene i Kinn kommune.

4. Oppfølging og lukking, (kva tiltak som vert gjort), av avvik er ei viktig oppgåve i skulekvardagen som kommunedirektøren skal syte føre at vert prioritert i heile organisasjonen. Hovudutvalet må følge opp arbeidet med avvik jevnleg.

Den årlege rapporten etter opplæringslova § 13-3e skal frå no av gjennomførast halvårleg, og også ha særleg fokus på dei tema som prosjektrapporten peikar på som utfordrande. Kommunestyret føreset vidare at oppvekst- og kulturutvalet, arbeidsmiljøutvalet og administrasjonsutvalet vert halde løpande orientert om sider ved saka som er relevant for desse utvala.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet kjem med slik tilråding til kommunestyret:

1. Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet Arbeidsmiljø i oppvekstsektoren, utarbeida av Vestland Revisjon, datert 05.05.2023.
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine tilrådingar skal følgjast/utførast:
 - sikre at tilsette og tenesteleiarar i oppvekstsektor får tilgang til, og tileignar seg, god kunnskap om avvikssystemet og korleis dette fungerer.
 - I implementeringa og oppfølginga av bruken av avvikssystemet må

kommunen trekke inn tilsette sine erfaringar med kor tilrettelagt systemet er for deira arbeidsplass

- Skulane i kommunen bør implementere og følgje opp risikovurdering for psykososialt arbeidsmiljø.

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet fatta i møte 30.03.2022 vedtak om å få utført eit forvaltningsprosjekt knytt til arbeidsmiljøet i oppvekstsektoren i Kinn kommune. Prosjektplanen vart vedteke i møte 24.05.2022. Prosjektrapporten er no ferdigstilt.

Saksopplysningar:

Forvaltningsrevisjon er ei lovpålagt oppgåve. Kontrollutvalet har ansvaret for å sjå til at det vert utført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda og av selskap kommunen har eigarinteresser i. (Kommunelova § 23-2.) Forvaltningsrevisjon inneber å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak. (Kommunelova § 23-3).

Hovudtrekka i rapporten er:

- Kinn kommune har etablert avviks- og varslingsystem som også fangar opp fysisk- og psykisk vald i oppvekstspørsmål.
- Det er ikkje gjort undersøkingar av i kva grad avvikssystemet blir følgt opp i einingane. På grunnlag av rapportuttak på avvik i Kinn kommune, og tilbagemeldingar frå hovudtillitsvalde i kommunen blir det stilt spørsmål til kor vidt avvikssystemet i stor nok grad blir brukt i tråd med intensjonane. Og i framhaldet av dette kor vidt avviksrapporteringa gir eit rett bilde av avvikssituasjonen rundt trakassering, fysisk- og psykisk vald frå elevar mot tilsette i skulane.

Kommunen har oppretta kvalitetsgruppe for Compilo, som skal arbeide med korleis avvik skal følgjast opp. Ifølgje utviklingsplan for oppvekst skal det vår 2023 gjennomførast opplæring/oppfrisking i Compilo for alle tenesteleiarar i oppvekst.

- Ifølgje Kinn kommune er det alvorsgraden i saka som legg føring for korleis den blir følgt opp. Alle saker fører alltid til elevsamtalar og foreldresamtalar. Dei alvorlege sakene fører til avviksrapportering med tiltak, involvering av verneombod, oppfølgingssamtalar med tilsette og dokumentasjon av skad og henting. Tiltaka blir følgt opp i samarbeid med foreldre. Konsekvensar av uønskte hendingar kan gje utslag ved fastsetting av halvårskaraktarar (orden/åtferd)
- Ifølge hovudverneombod blir avvik som går på denne rapportens tema følgt for dårleg opp i Florø-delen av kommunen. Det er eksempel sjukemeldingar som følgje av situasjonen i kommunen som ikkje blir fanga opp av systemet.
- Retningslinjer for handtering av vald og truslar på arbeidsplassen er vurdert som mest relevant i forhold til revisjonen. Denne krev at kvar skule skal utarbeide handlingsplan for utagering og truslar. Dette er pr. i dag ikkje på plass. Det same gjeld risikovurdering av psykososialt arbeidsmiljø i oppvekstsektor, der kvar skule skal utarbeide ROS-analyse.
 - Begge desse dokumenta er ikkje implementert i skulane. Det kan difor ikkje seiast noko om kor vidt desse blir følgde opp. Ifølgje Kinn kommune blir det pr. i dag arbeidd med dette i oppvekstsektor.

Vurderingar:

Tilrådinga i rapporten tilseier at nokon tilbakemeldingar i rapporten tyder på at det kan vere varierende tillit blant tilsette i delar av oppvekstsektor til korleis arbeidsgjevar og kommuneadministrasjon følgjer saker som handlar om trakassering, fysisk- og psykisk vald. Noko som igjen kan føre til færre tilbakemeldingar på slike utfordringar. For å styrke tilliten mellom partane på dette området rår revisjonen til at arbeidsgjevar gjennomfører tiltak for å sikre god dialog med tilsette og tilsettere representantar om forhold på arbeidsplassen som handlar om denne rapportens tema.

Det ser ut til at Kinn kommune har satt i gang prosessar rundt kommunens utfordringar med varierende bruk av avvikssystemet og implementering av aktuelle plan- og risikovurderingsdokument. I framhaldet av dette bør Kinn kommune sikre at:

- tilsette og tenesteleiarar i oppvekstsektor får tilgang til, og tileignar seg, god kunnskap om avvikssystemet og korleis dette fungerer.
 - I dette arbeidet bør ein vurdere å trekke inn tilsette sine erfaringar med kor tilrettelagt systemet er for deira arbeidsplass.
- Kommunens skular implementere og følgjer opp risikovurdering for psykososialt arbeidsmiljø.

Utkast til rapport er sendt kommunedirektøren til uttale. Svaret frå kommunedirektøren og revisjonen sine kommentarar til uttalen er vedlagt rapporten.

Behandling i Kommunestyret 12.06.2023:

Punkt 3 frå Raudt, foreslått av Daniel Erik Adrian Henriksson, Kinn Rødt
3. Det skal utarbeidast ordensreglement for skulene i Kinn kommune.

Tillegg:, foreslått av Jacob André Telvik Nødseth, Kinn Venstre
Den årlege rapporten etter opplæringslova § 13-3e skal frå no av gjennomførast halvårleg, og også ha særleg fokus på dei tema som prosjektrapporten peikar på som utfordrande. Kommunestyret føreset vidare at oppvekst- og kulturutvalet, arbeidsmiljøutvalet og administrasjonsutvalet vert halde løpande orientert om sider ved saka som er relevant for desse utvala.

Høgre, foreslått av Arlene Vågene, Kinn Høyre

Punkt 4

Oppfølging og lukking, (kva tiltak som vert gjort), av avvik er ei viktig oppgåve i skulekvardagen som kommunedirektøren skal syte føre at vert prioritert i heile organisasjonen.

Hovudutvalet må følge opp arbeidet med avvik jevnleg.

Røysting:

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

Tilleggsforslag frå Raudt samrøystes vedtatt.

Tilleggsforslag frå Nødseth samrøystes vedtatt.

Tilleggsforslag frå Høgre samrøystes vedtatt.

KOST- 070/23 Vedtak:

1. Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet Arbeidsmiljø i oppvekstsektoren, utarbeida av Vestland Revisjon, datert 05.05.2023.

2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine tilrådingar skal følgjast/utførast:

- sikre at tilsette og tenesteleiarar i oppvekstsektor får tilgang til, og tileignar seg,

- god kunnskap om avviksystemet og korleis dette fungerer.
 - I implementeringa og oppfølginga av bruken av avvikssystemet må kommunen trekke inn tilsette sine erfaringar med kor tilrettelagt systemet er for deira arbeidsplass
 - Skulane i kommunen bør implementere og følgje opp risikovurdering for psykososialt arbeidsmiljø.
3. Det skal utarbeidast ordensreglement for skulene i Kinn kommune.

4. Oppfølging og lukking, (kva tiltak som vert gjort), av avvik er ei viktig oppgåve i skulekvardagen som kommunedirektøren skal syte føre at vert prioritert i heile organisasjonen. Hovudutvalet må følge opp arbeidet med avvik jevnleg.

Den årlege rapporten etter opplæringslova § 13-3e skal frå no av gjennomførast halvårleg, og også ha særleg fokus på dei tema som prosjektrapporten peikar på som utfordrande. Kommunestyret føreset vidare at oppvekst- og kulturutvalet, arbeidsmiljøutvalet og administrasjonsutvalet vert halde løpande orientert om sider ved saka som er relevant for desse utvala.

Behandling i Kontrollutvalet 23.05.2023:

Forvaltningsrevisor frå Vestland revisjon, Stig Årdal, orienterte om revisjonsprosjektet, planlegging, gjennomføring og rapporten som er oversendt.

Kommunedirektøren svarte ut sine tilbakemeldingar som er gjeve frå administrasjonen. Skildringa er av nosisasjonen og kommunen vil arbeide for å få på plass rutine og arbeidsmetodikk som ivaretek tilsette på ein tilfredsstillande måte.

Kommunalsjef for oppvekst, Runa Nybakk, orienterte om innføring av Compilo, tiltak for tilsette sitt arbeidsmiljø. Der er eit særleg fokus på utagerande elevar, kommunen arbeider med korleis forbetre arbeidssituasjonen - kompetanseheving. Der er generelt eit fokus på det å definere eit avvik, ulike grader av alvor. Halde fram innføring av Compilo, oppfølging av avvik tenesteveg, avvik skal lukkast på lågast mogleg nivå. Prosjektrapporten har bidrege til spissing av problemstillingane som sektoren arbeidar med, korleis arbeide førebyggjande der elevar kan vere utagerande m.m.

Spørsmål frå utvalet om kva som er fokus i det førebyggjande arbeidet i forhold til voldsproblematikken?


- Kommunen arbeidar med kompetanseheving på elevar med adferdsutfordringar, samarbeid på skulane og dei sosiale relasjonar mellom elevane. Ei anna utfordring er korleis avverge situasjonar, der er ein balansegang mellom læraren sitt handlingsrom der diagnose er eit bakteppe for situasjonen og der elevar er utagerande av andre årsaker. Kommunen ser på det med kompetanseplan, webinar, der dei tilsette kan delta på plandagar, slik at heile personalgruppene deltek. Også barnehage, PPT og barnevernet er involvert i arbeidet med kompetanseplan.

KOUT- 017/23 Vedtak:

Kontrollutvalet kjem med slik tilråding til kommunestyret:

1. Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet Arbeidsmiljø i oppvekstsektoren, utarbeida av Vestland Revisjon, datert 05.05.2023.
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine tilrådingar skal følgjast/utførast:
 - Sikre at tilsette og tenesteleiarar i oppvekstsektor får tilgang til, og tileignar seg, god kunnskap om avvikssystemet og korleis dette fungerer
 - i implementeringa og oppfølginga av bruken av avvikssystemet må kommunen trekke inn tilsette sine erfaringar med kor tilrettelagt systemet er for deira arbeidsplass
 - skulane i kommunen bør implementere og følgje opp risikovurdering for psykososialt arbeidsmiljø.

Vedlegg i saken:
Arbeidsmiljø i oppvekstsektor



Saksnr.	Utval	Møtedato
047/23	Plan-, miljø og næringsutvalet	30.05.2023
067/23	Formannskapet	08.06.2023
071/23	Kommunestyret	12.06.2023

Prinsippvedtak "Merket for berekraftig reisemål, Visit Fjordkysten og Sunnfjord"

KOST- 071/23 Vedtak:

1. Kinn kommune ønsker å vere ein aktiv bidragsytar til at Visit Fjordkysten og Sunnfjord skal oppnå «Merket for berekraftig reisemål».
2. Kinn kommune sluttar seg til handlingsplanen for berekraftig reisemålsutvikling for Visit Fjordkysten og Sunnfjord, slik den framgår av vedlegg 1.
3. Kinn kommune vil vere ein aktiv pådrivar for gjennomføring av berekrafttiltak i eiga verksemd.

Vedtak som innstilling frå Plan-, miljø og næringsutvalet - 30.05.2023

1. Kinn kommune ønsker å vere ein aktiv bidragsytar til at Visit Fjordkysten og Sunnfjord skal oppnå «Merket for berekraftig reisemål».
2. Kinn kommune sluttar seg til handlingsplanen for berekraftig reisemålsutvikling for Visit Fjordkysten og Sunnfjord, slik den framgår av vedlegg 1.
3. Kinn kommune vil vere ein aktiv pådrivar for gjennomføring av berekrafttiltak i eiga verksemd.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 08.06.2023

1. Kinn kommune ønsker å vere ein aktiv bidragsytar til at Visit Fjordkysten og Sunnfjord skal oppnå «Merket for berekraftig reisemål».
2. Kinn kommune sluttar seg til handlingsplanen for berekraftig reisemålsutvikling for Visit Fjordkysten og Sunnfjord, slik den framgår av vedlegg 1.
3. Kinn kommune vil vere ein aktiv pådrivar for gjennomføring av berekrafttiltak i eiga verksemd.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kinn kommune ønsker å vere ein aktiv bidragsytar til at Visit Fjordkysten og Sunnfjord skal oppnå «Merket for berekraftig reisemål».
2. Kinn kommune sluttar seg til handlingsplanen for berekraftig reisemålsutvikling for Visit Fjordkysten og Sunnfjord, slik den framgår av vedlegg 1.
3. Kinn kommune vil vere ein aktiv pådrivar for gjennomføring av berekrafttiltak i eiga verksemd.

Bakgrunn for saka:

I tråd med Visit Fjordkysten og Sunnfjord sin strategi for 2023-2026 har destinasjonsselskapet starta eit prosjektarbeid for å kvalifisere til Innovasjon Norge sitt «Merket for berekraftig reisemål».

Per mai 2023 er 53 reisemål i gong med merkeordninga, 34 reisemål og 35% av alle norske kommunar er så langt merka.

I forbindelse med prosjektet er det utarbeidd ein handlingsplan for berekraftig reisemålsutvikling for Fjordkysten og Sunnfjord (vedlegg 1). Handlingsplanen handlar først og fremst om å sikre at aktørane i regionen jobbar målretta og langsiktig for at Fjordkysten og Sunnfjord skal verte eit meir berekraftig reisemål.

Tidsramma for prosjektet er januar 2023 – desember 2024, men arbeidet med berekraftig utvikling er ein prosess som skal vidareførast også etter prosjektperioden. Handlingsplanen gjeld i prosjektperioden og skal, innan utgangen av prosjektet, reviderast.

Handlingsplanen omfattar heile Fjordkysten og Sunnfjord, og likelydande saksgrunnlag og forslag til vedtak er sendt til alle dei seks kommunane.

Saksopplysningar:

«Merket for berekraftig reisemål» er eit kvalitetsmerke for reisemål i Norge, og er eit tilbod til norske reisemål som ønsker å ta heilskapleg ansvar for det ressursfundamentet reiselivet baserer seg på; lokalsamfunn, naturen, kulturen, dei som jobbar i næringa og gjestane.

Merkeordninga er både ei sertifisering og ein strukturert arbeidsprosess, og bygger på ein standard som set tydelege krav til reisemålet si evne til berekraftig verksemd og utvikling. «Standard for bærekraftig reisemål» (vedlegg 2) er utvikla av Innovasjon Norge og skal besvarast og dokumenterast.

Reisemål kor cruisegjestar/cruiseanløp er ein vesentleg del av gjestegrunnlaget må levere på eit tillegg til basisstandarden, sjå vedlegg 3. Visit Fjordkysten og Sunnfjord har vore i møte med hamnevesen knytt til aktuelle cruisehamner i regionen vedrørende prosjektet.

Berekraftig reisemålsutvikling er ein kontinuerleg og langsiktig jobb som skal gje forbetring over tid. Kvart tredje år må reisemålet remerkast og gjennom det vise progresjon i høve gjeldande standard.

Organisering

Styringsgruppe:	Styret i Visit Fjordkysten og Sunnfjord
Prosjekteigar:	Marita Solheim
Prosjektleder:	Rutt-Lovise Strand
Prosessrettleiar:	Anne Dorte Carlson, Occasio Consulting AS

Handlingsplanen

Handlingsplanen er utarbeidd med utgangspunkt i krava i «Standard for bærekraftig reisemål», i tillegg til utfordringar og behov som er identifisert gjennom seks innspelsmøte kor representantar frå kommunane, næringa og reiselivsaktørane deltok. Handlingsplanen ligg vedlagt til saka som vedlegg 1.

Forankring av handlingsplanen skjer gjennom behandling i kommunestyret og styret i Visit Fjordkysten og Sunnfjord. Det skal årleg orienterast om reiselivsutviklinga og berekraftprosjektet i kommunestyret og halvårleg for medlemsbedriftene.

Kommunen si rolle

Eit godt samarbeid mellom kommunane og reiselivsnæringa er ein føresetnad for å lukkast med ei utvikling som er berekraftig både for dei besøkjande og for lokalbefolkninga.

Kommunane vil peike ut ein kontaktperson som kan følge prosjektet og vere ressursperson for prosjektleiar. Blant anna med dokumentinnhenting for å besvare indikatorar som ligg i krava.

Visit Fjordkysten og Sunnfjord ROLLE	Kommunane ROLLE	Reiselivsaktørane ROLLE
Prosjekteigar og prosjektleiar	Gjere vedtak om å vere en aktiv aktør for å oppnå «Merket for berekraftig reisemål»	Gje innspel til handlingsplanen
Miljøsertifisering av eiga verksemd	Berekraftig reisemål	Delta på fellesmøte
Besvare «Standard for bærekraftig reisemål»	Slutte seg til handlingsplanen	Delta på fellestiltak i prosjektet som er relevant for verksemda
Oppfølging av handlingsplanen	Berekraftig reisemålsutvikling	Svare på medlemsundersøking
Iverksetting av tiltak på reisemålet	Ha ein kontaktperson i prosjektet og bidra med eiga verksemd, herunder miljøsertifisering	Vurdere berekraft-tiltak i
Pådrivar for berekraftig reiselivsutvikling	dokumentasjon	eiga verksemd, herunder miljøsertifisering
Synleggjere gode tiltak og kommunisere administrasjon	Vurdere Miljøsertifisering	Synleggjere eigne, gode tiltak
berekraftarbeidet	Innarbeide berekraft i eigne planer, gjerne i tråd med FNs berekraftmål	
	Iverksette tiltak som legg til rette i reiselivet og i lokalsamfunnet	

Finansiering

Prosjektet er finansiert med støtte frå Innovasjon Norge. Større tiltak i handlingsplanen må organiserast som eigne prosjekt og finansierast separat. Ingen prosjekt startar opp før det er einigheit om det og finansieringa er i orden.

Vurderingar:

Kinn kommune har deltatt på fleire møte i prosjektet «Merket for berekraftig reisemål», og det er viktig å følgje opp arbeidet med eit formelt vedtak.

Prosjektet vil også vere ei naturleg oppfølging av «Temaplan for klima, berekraft og naturmangfald».

Økonomiske konsekvensar:

«Skriv her»

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Behandling i Kommunestyret 12.06.2023:

Røysting:

Innstilling frå formannskapet samrøystes vedtatt.

KOST- 071/23 Vedtak:

1. Kinn kommune ønsker å vere ein aktiv bidragsytar til at Visit Fjordkysten og Sunnfjord skal oppnå «Merket for berekraftig reisemål».
2. Kinn kommune sluttar seg til handlingsplanen for berekraftig reisemålsutvikling for Visit Fjordkysten og Sunnfjord, slik den framgår av vedlegg 1.
3. Kinn kommune vil vere ein aktiv pådrivar for gjennomføring av berekrafttiltak i eiga verksemd.

Behandling i Formannskapet 08.06.2023:

Røysting:

Innstilling frå plan-, miljø og næringsutvalet samrøystes vedtatt.

FORM- 067/23 Vedtak:

1. Kinn kommune ønsker å vere ein aktiv bidragsytar til at Visit Fjordkysten og Sunnfjord skal oppnå «Merket for berekraftig reisemål».
2. Kinn kommune sluttar seg til handlingsplanen for berekraftig reisemålsutvikling for Visit Fjordkysten og Sunnfjord, slik den framgår av vedlegg 1.
3. Kinn kommune vil vere ein aktiv pådrivar for gjennomføring av berekrafttiltak i eiga verksemd.

Behandling i Plan-, miljø og næringsutvalet 30.05.2023:

Røysting:


Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

PMNUV- 047/23 Vedtak:

1. Kinn kommune ønsker å vere ein aktiv bidragsytar til at Visit Fjordkysten og Sunnfjord skal oppnå «Merket for berekraftig reisemål».
2. Kinn kommune sluttar seg til handlingsplanen for berekraftig reisemålsutvikling for Visit Fjordkysten og Sunnfjord, slik den framgår av vedlegg 1.
3. Kinn kommune vil vere ein aktiv pådrivar for gjennomføring av berekrafttiltak i eiga verksemd.

Vedlegg i saken:

Handlingsplan Merket for bærekraftig reisemål - Fjordkysten og Sunnfjord
Standard for bærekraftig reisemål 3.0
Cruisekriterier Versjon 1.0 20082019



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
072/23	Kommunestyret	12.06.2023
048/23	Plan-, miljø og næringsutvalet	30.05.2023
069/23	Formannskapet	08.06.2023

Oppheving av gebyrforskrift

KOST- 072/23 Vedtak:

Kinn kommune opphevar følgende gebyrforskrift: FOR-2019-11-06-2253 - Forskrift om gebyrer for saksbehandling, kontroll og tilsyn etter forurensningsregelverket, Kinn kommune, Vestland.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommune opphevar følgende gebyrforskrift: FOR-2019-11-06-2253 - Forskrift om gebyrer for saksbehandling, kontroll og tilsyn etter forurensningsregelverket, Kinn kommune, Vestland

Bakgrunn for saka:

Kinn kommune har to gebyrforskrifter for reguleringsplan, byggje- og delesakshandsaming, oppmåling og eigarseksjonering, publisert på Lovtidend. Ei forskrift frå opprettinga av Kinn kommune, og den nyaste som vart vedteken av kommunestyret i desember 2022. Det krevst eit kommunestyrevedtak for å formelt oppheve den eldste, og difor har kommunedirektøren fremja forslag om å oppheve denne.

Saksopplysningar:

Ved opprettinga av Kinn kommune vedtok kommunestyret ei forskrift for gebyrer for saksbehandling, kontroll og tilsyn etter forurensningsregelverket i møte 06.11.2019. Denne er deretter endra av kommunestyret i to omgongar, i 2021 og i seinast 15.12.2022, i tråd med at kommunen har justert gebyra i samsvar med sjølkostprinsippet.

Den gamle forskrifta er ikkje formelt oppheva, og difor ligg det ute to versjonar av Kinn kommune si forskrift om gebyr på Lovtidend for desse saksfelta. For å ikkje ha to forskrifter må kommunestyret vedta å oppheve den gamle.

Vurderingar:

Det er uheldig å ha to versjonar av ei forskrift om gebyr. I dialog med jurist hjå Lovtidend er kommunen beden om å oppheve den eldste. Dette krev eit kommunestyrevedtak. Saka er difor fremja for politisk handsaming.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Gamal forskrift: <https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2019-11-06-2257?q=kinn%20kommune%20forskrift>

Ny forskrift:

<https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2022-12-15-2658?q=kinn%20kommune%20forskrift>

Behandling i Kommunestyret 12.06.2023:

Innstilling formannskapet - 08.06.2023, foreslått av ,
Kinn kommune opphevar følgende gebyrforskrift: FOR-2019-11-06-2253 - Forskrift om gebyrer for saksbehandling, kontroll og tilsyn etter forurensningsregelverket, Kinn kommune, Vestland.

Røysting:

Innstilling frå formannskapet samrøystes vedtatt.

KOST- 072/23 Vedtak:

Kinn kommune opphevar følgende gebyrforskrift: FOR-2019-11-06-2253 - Forskrift om gebyrer for saksbehandling, kontroll og tilsyn etter forurensningsregelverket, Kinn kommune, Vestland.

Behandling i Formannskapet 08.06.2023:**Røysting:**

Innstilling frå Plan-, miljø og næringsutvalet samrøystes vedtatt.

FORM- 069/23 Vedtak:


Kinn kommune opphevar følgende gebyrforskrift: FOR-2019-11-06-2253 - Forskrift om gebyrer for saksbehandling, kontroll og tilsyn etter forurensningsregelverket, Kinn kommune, Vestland.

Behandling i Plan-, miljø og næringsutvalet 30.05.2023:**Røysting:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

PMNUV- 048/23 Vedtak:

Kinn kommune opphevar følgende gebyrforskrift: FOR-2019-11-06-2253 - Forskrift om gebyrer for saksbehandling, kontroll og tilsyn etter forurensningsregelverket, Kinn kommune, Vestland.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
070/23	Formannskapet	08.06.2023
073/23	Kommunestyret	12.06.2023

Orienteringssak - Mogeleg fusjon mellom Nordfjordnett og SYSIKT

KOST- 073/23 Vedtak:

Kommunestyret i Kinn kommune tek saksutgreiing datert 30.05.2023 om forprosjekt om mogeleg samanslåing av IKT Nordfjord og SYSIKT til orientering.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 08.06.2023

Kommunestyret i Kinn kommune tek saksutgreiing datert 30.05.2023 om forprosjekt om mogeleg samanslåing av IKT Nordfjord og SYSIKT til orientering.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Kinn kommune tek saksutgreiing datert 30.05.2023 om forprosjekt om mogeleg samanslåing av IKT Nordfjord og SYSIKT til orientering.

Bakgrunn for saka:

I februar 2022 utarbeidde konsulentfirmaet Agenda Kaupang ein rapport for dei to interkommunale samarbeida SySIKT og IKT Nordfjordnett der dei greidde ut om det er mogeleg med eit tettare samarbeid mellom dei to IKT-samarbeida. Rapporten skisserer nokre forslag til samarbeidsområde og ei mogeleg vidare framdrift i utviklinga av samarbeidet mellom dei to verksemdene. Det er seinare inngått ei intensjonsavtale mellom SySIKT og IKT Nordfjord, og styra har så vedteke at det skal gjennomførast eit forprosjekt for å sjå på samarbeidsområda og drøfte om det er fornuftig å slå dei to ikt-samarbeida saman til eitt selskap.

Forprosjektrapporten vil ikkje blir ferdig slik at den kan handsamast av kommunestyra i denne kommunestyreperioden, og det blir derfor lagt fram ei orienteringssak for kommunestyra i eigarkommunane no.

Formannskapet vart orientert ved at førebels mandat var lagt fram som referatsak tidlegare i vår.

Saksopplysningar:

IKT Nordfjord og SySIKT er interkommunale samarbeid som driftar eigarkommunane sine IKT-løysingar. SySIKT vart etablert i 2005 og har i dag 8 eigarkommunar. IKT Nordfjord vart etablert i 2013 og har 5 eigarkommunar:

	Folketal		
	31.12.2022	Prosent	Prosent
K-4602 Kinn	17179		20,2 %
K-4648 Bremanger	3482		4,1 %
K-4649 Stad	9543		11,2 %
K-4650 Gloppen	5892		6,9 %
K-4651 Stryn	7244		8,5 %
IKT Nordfjord		43340	50,8
K-4636 Solund	756		0,9 %
K-4637 Hyllestad	1268		1,5 %
K-4638 Høyanger	3949		4,6 %
K-4639 Vik	2561		3,0 %
K-4644 Luster	5302		6,2 %
K-4645 Askvoll	2949		3,5 %
K-4646 Fjaler	2913		3,4 %
K-4647 Sunnfjord	22215		26,1 %
SysIKT		41913	49,2
	85253		

Dei to samarbeida er jamstore med omsyn til kor mange innbyggjarar det bur i eigarkommunane, men det er stort spenn i folketalet i dei einskilde kommunane – frå Solund (ca 760) til Sunnfjord kommune (ca 22 300).

I Vestland fylke er det berre eitt tilsvarande ikt-samarbeid - IKT Nordhordland, men dei fleste kommunane i det nye fylket er med i DigiVestland – eit samarbeid som ikkje er ein driftsorganisasjon, men eit viktig strategisamarbeid og koordinator for å rulle ut nasjonale fellesløyser.

I rapporten sin skriv **Agenda Kaupang** at det i åra som kjem er forventa at kommunane får auka lisenskostnader, veksande integrasjonsutfordringar, større behov for digital kompetanse, og ikkje minst større avhengighet til at dei digitale tenestene skal fungere godt. Agenda Kaupang peikar også på at det er aukande sikkerheitsutfordringar noko som gjer det viktig å drøfte sikkerheit og robust infrastruktur og driftsmiljø i kommunane.

Agenda Kaupang peikar vidare på at eit langsiktig målbilde for eit samarbeid kan vere ei fullstendig samansmelting med felles juridisk konstruksjon og felles eigarstyring frå dei 13 kommunane som i dag er eigarar av dei to verksemdene.

Dei meiner at det vil vere eit overordna ønske å oppretthalde ei distribuert lokalisering. Rapporten føreslår at dei to verksemdene inngår ei formell intensjonsavtale og databehandlaravtalar om forankrar og gjer det enklare å samarbeide med å realisere tiltaka som er føreslegne i rapporten.

Vidare skildrar rapporten ei rekke moglege samarbeidstiltak av både kortsiktig og meir langsiktig karakter:

- Avhende eigarskap og avslutte drift av eigen fiber i IKT Nordfjord (Nordfjordnett)
- Etablere fiber mellom verksemda sine datasenter
- Felles kompetanseheving på Microsoft 365-plattformen
- Felles opplæring og kurs
- Bistå kvarandre med kompetanse ved fråvær/sjukdom
- Samarbeid om personvern og informasjonssikkerheit
- Samarbeid om IKT-fagleg bistand til kommunane på områda helse, oppvekst og økonomi
- Felles avtaler med Norsk Helsenett og felles aksess til internett
- Innkjøpssamarbeid
- Felles avtaler om lisensar og fagsystem
- Planlegge harmonisering av teknisk plattform og system

- Redusere tal driftssenter
- Samarbeid om support og brukarstøtte
- Samarbeid om klienthandtering
- Rådgjeving og bistand i anskaffingar av velferdsteknologi, sensorar og smarthusteknologi
- Etablere felles prosjektkontor

Rapporten føreslår i det vidare at ein startar med desse tre tiltaka:

- Planlegge harmonisering av teknisk plattform og system
- Felles kompetanseheving på Microsoft 365-plattformen
- Samarbeid om personvern og informasjonssikkerheit

Sommaren 2022 vart det inngått ein intensjonsavtale mellom dei to verksemdene. Dei viktigaste punkta i intensjonsavtalen er:

« 3 FØREMÅLET

Føremålet med intensjonsavtalen er å stadfeste nemnde partar sitt felles ønske om at ein i fellesskap forpliktar seg til å gjennomføre dei føreslegne tiltaka for å utvikle eit tettare samarbeid mellom IKT Nordfjord og SySIKT.

6 PLIKTER

Samarbeida pliktar å vidareutvikle samarbeidet og aktivt gå inn i dei tiltak som er skissert i rapporten frå Agenda Kaupang. Partane pliktar å gjennomføre naudsynte prosessar for å jobbe fram mot evt. framtidig samanslåing av verksemdene. Utfallet av desse prosessane vil vere at partane einast om forpliktande samarbeidsavtale.

12 FORMALISERING AV SAMARBEIDSAVTALE

Samarbeidsavtale formaliserast gjennom likelydande vedtak hjå partane sine eigarkommunar.»

14.12.2022 vart det halde eit felles styremøte der det vart bestemt at det skulle utarbeidast eit forprosjekt med følgjande mandat:

«Mål og rammer

Effekt mål (kvifor) Deltakarkommunane i samarbeidet har tilgang på trygge og effektive drifts-, service-, forvaltnings- og utviklingstenester innan IKT-området. Den nye organisasjonen har høg kompetanse, er ein attraktiv arbeidsplass og har ein sentral rolle i høve å ivareta regionen sine interesser på digitaliserings- og sikkerhetsområdet.

Resultat mål (kva) Resultatmål for hovudprosjektet: SYS IKT og IKT Nordfjord er fusjonert til eit selskap innan 01.01.2025.

Resultatmål for forprosjektet (denne fasen): Det skal innan 30.06.2023 utarbeidast ein overordna forretningsplan for det fusjonerte selskapet samt prosjektplan for gjennomføring av naudsynte aktivitetar fram mot fusjonsdato. Konkrete tiltak nedfelt i intensjonsavtalen mellom selskapa datert 08.06.2022 skal inngå i prosjektplanen. Forretningsplan og prosjektplan for gjennomføring av fusjonen skal godkjennast i respektive styre og kommunestyre før sommaren 2023.»

Politisk sak må innehalde:

- Ynskja effekt i tråd med intensjonsavtala
- Milepåleplan for hovudprosjekt
- Tenestenivå for fusjonert selskap
- Økonomiske rammer/finansieringsmodell
- Kompetansekartlegging/kompetanseutviklingsplan
- Lokalisering
- SWOT/risiko

Det er oppretta ei styringsgruppe med følgjande medlemmer: kommunedirektørar Anders Skipenes, Øyvind Bang-Olsen, Jens-Eivind Kobbeltvedt og Terje Heggheim. Vidare er det etablert ei prosjektgruppe med desse medlemmene: Anne Ruth Botn Bjørlo, Bent Sølvberg Eikeberg, Bea Aksnes (HTV), Stein Mortensbakke, Leif Einar Dale og Eli Fitje (HTV) .

Tidlegare kommunedirektør i Sunnfjord kommune Ole John Østenstad er engasjert som prosjektleiar.

Prosjektrapporten vil venteleg vere ferdig i løpet av september. Prosjektgruppa har jamlege møte og har henta inn informasjon frå andre tilsvarande samarbeid i landet. Det er lagt vekt på ein open og transparent prosess der særleg dei tilsette skal få god informasjon.

Det er viktig å presisere at det ikkje er vedteke at dei to samarbeida skal slåast saman, men at ein ser det som framtidsretta med tettare samarbeid og at den pågåande prosessen vil vise om det er grunnlag for å slå SySIKT og IKT Nordfjord saman til ein organisasjon.

Vurderingar:

Dei fleste kommunane i Sogn og Fjordane har lang erfaring i å samarbeide om digitalisering og drift av IT-løysingane sine. Kommunane er jamt over små med avgrensa ressursar. Samarbeida har gitt kommunane gode tenester og ein har klart å halde kostnadane på eit moderat nivå.

Vi opplever no ein endra situasjon der den tradisjonelle it-drifta i større og større grad blir flytta frå lokale serverrom til skybaserte løysingar. Samtidig blir kravet til oppetid og sikre løysingar større. På mange kommunale tenesteområde blir det også utvikla nasjonale løysingar som det er føresett at alle skal ta i bruk. Kommunane skal også vere aktive deltakarar i DigiVestland-samarbeidet. Og endringane går svært fort. Det er dette perspektivet som gjer at det er naudsynt å sjå på endra organisering i it-samarbeida, spesialisering og justering av kompetansen gjennom meir samarbeid og kanskje større fagmiljø. Skal kommunane levere kvalitativt gode og kostnadseffektive tenester må den digitale grunnmuren vere god.

Det er mange spørsmål som må avklarast i det vidare arbeidet, men prosjektet er opptekne av å trygge dei tilsette enten det gjeld framtidig lønn, stillingsvern eller lokalisering.

Forprosjektet skal sjå på korleis samarbeidet mellom SySIKT og IKT Nordfjord kan utviklast, og om det på sikt er grunnlag for å slå dei to organisasjonane saman. Dei to samarbeida er både like og ulike med omsyn til kva tenester dei gir kommunane. Også kostnadsnivået er ulikt. Så langt viser arbeidet med forprosjektet at det alt eksisterer eit godt samarbeid, men at det kan og bør utviklast vidare. Også det gode samarbeidet med IKT Nordhordaland må utviklast vidare. Aktørane i prosjektet ser også tydeleg at det no skjer store endringar og at ein må førebu seg på ei anna framtid på dette området. Når forprosjektet er ferdig og handsama i dei styrande organa i SySIKT og IKT Nordfjord, blir det lagt fram for endeleg handsaming i kommunestyra i eigarkommunane.

Økonomiske konsekvensar:

«Skriv her»

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Behandling i Kommunestyret 12.06.2023:

Røysting:

Innstilling frå formannskapet samrøystes vedtatt.

KOST- 073/23 Vedtak:

Kommunestyret i Kinn kommune tek saksutgreiing datert 30.05.2023 om forprosjekt om mogeleg samanslåing av IKT Nordfjord og SYSIKT til orientering.

Behandling i Formannskapet 08.06.2023:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.


FORM- 070/23 Vedtak:

Kommunestyret i Kinn kommune tek saksutgreiing datert 30.05.2023 om forprosjekt om mogeleg samanslåing av IKT Nordfjord og SYSIKT til orientering.

Vedlegg i saken:

Prosjektmandat - FP Sysikt-IKTNF

Agenda Kaupang rapport om mulighetene for samarbeid (2)



Saksnr.	Utval	Møtedato
074/23	Kommunestyret	12.06.2023
071/23	Formannskapet	08.06.2023

Brannordning i Kinn kommune

KOST- 074/23 Vedtak:

Kommunestyret vedtar ny brannordning for Kinn kommune slik den ligg føre.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar ny brannordning for Kinn kommune slik den ligg føre.

Bakgrunn for saka:

I samsvar med [lov av 14. Juni 2002 om vern mot brann, eksplosjon og ulykke med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver](#) (brann og eksplosjonsvernloven), skal kommunen sørge for etablering og drift av eit brannvesen som kan ivareta førebyggjende og beredskapsmessige oppgåver etter lov på en effektiv måte.

[Forskrift om organisering, bemanning og utrusting av brann- og redningsvesen og nødmeldesentralene](#) (brann og redningsvesenforskriften) stiller krav til organisering, bemanning og utrusting av brann- og redningsvesenet, samt krav til kompetanse ho dei tilsette i brann- og redningstenesta.

Gjennom brannordninga skal Kinn kommune dokumentere at Kinn brann og redning er bemanna, organisert, utstyrt og trent på en slik måte at oppgåvene kan utførast på ein tilfredsstillande måte etter gjeldande regelverk.

Saksopplysningar:

Brannordninga er bygger på ROS analyse, førebyggjande analyse og beredskapsanalyse og viser korleis brann- og redning må vere organisert for å tilfredstille beredskapen lokalt og dei lovkrava som blir stilt i forhold til dette.

På grunn av kort innsatstid og god bemanning, har brannvesenets oppgåver auka og blitt ein stadig viktigare ressurs i den heilhetlige beredskapen lokalt. Kommunen sin beredskapsplikt og sikkerhetstenking er intensivert.

Det er kommunestyret som vedtar Brannordninga for Kinn kommune. Den skal vidare til Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) for godkjenning.

Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) for Kinn brann og redning er eit dokument som skal danne grunnlag for beredskapsplanlegginga for tenesta. Brann- og eksplosjonsvernlova § 9 andre ledd stiller krav til at "kommunen skal

gjennomføre en risiko- og sårbarhetsanalyse slik at brannvesenet blir best mulig tilpassa de oppgaver det kan bli stilt overfor".

ROS-analysen tar føre seg eit sett uønskete hendingar som kan få potensielt store konsekvensar for tenesteproduksjonen. Ein vurderer sannsyn for at hendinga kan skje, kva konsekvensar hendinga kan få og i kva grad tenesta er i stand til å handtere hendinga (sårbarheit). Analysane av desse hendingane vil saman danne eit risikobilete som indikerer kva hendingar ein bør dimensjonere for når ein skal planlegge beredskap.

Førebyggande analyse skal på bakgrunn av funna i risiko- og sårbarhetsanalysen (ROS-analyse) skape eit grunnlag for korleis brannvesenet sitt førebyggande arbeid skal dimensjonerast. I tillegg skal den saman med ROS-analysen brukast som utgangspunkt for utarbeiding av beredskapsanalyse. Basert på hendingane kartlagt i ROS-analysen er det etablert eit sett dimensjonerande hendingar for det førebyggande arbeidet. For å handtere hendingane er det identifisert eksisterande, og framlegg til nye tiltak, og utført analyse av desse.

Førebyggande analyse har tatt utgangspunkt i brannvesenet sin ROS-analyse for å etablere 4 hendingar førebyggande avdeling skal dimensjonerast for å handtere.

Dei dimensjonerande hendingane er:

1. Risikoutsette grupper
2. Brann i bygning
3. Farlege stoff
4. Ulykker

Beredskapsanalysen skal på bakgrunn av funna i risiko- og sårbarhetsanalysen definere kva hendingar brannvesenet skal dimensjonere beredskapen for og stille krav til naudsynte ressursar for å handtere desse hendingane. Det blir etablert dimensjonerande krav og identifisert kva som skal til for å nå desse.

Basert på hendingane i beredskapsanalysen blir det utarbeida innsatsplanar. Eit sentralt prinsipp er at dersom brannvesenet sin beredskap kan handtere eit mindre tal dimensjonerande hendingar, vil den òg vere i stand til å handtere alle andre liknande hendingar. Det er beredskapsanalysen som slår fast lokalisering av brannvesenet sin beredskapsstyrke.

Analysen skal vise kva vurderingar som ligger til grunn for organisering, samt utrustning og bemanning av brann- og redningsvesenet ut frå påvist risiko. Vurderinga av tal personar i beredskapsstyrken, vaktberedskapen, tal vaktlag, og lokaliseringa av beredskapsstyrken, jf. forskrifta §§ 13, 17, og 15 skal omfatte:

- a. risikoen i ansvarsområdet
- b. kravet til utrykningstid
- c. oppmøtetid for personellet som skal møte til førsteinnsats og vidare innsats, og
- d. samarbeid med andre brann- og redningsvesen.

Beredskapsanalysen har tatt utgangspunkt i brannvesenet sin ROS-analyse og førebyggande analyse for å etablere 11 hendingar beredskapen skal dimensjonerast for å handtere. Dei dimensjonerande hendingane er:

1. Brann i institusjon

2. Brann i landbruksbygg
3. Brann på øyane
4. Brann i tunell
5. Eksplosjon og kjemikalieutslepp
6. Ekstremvær
7. PLIVO-hending
8. Akutt ureining
9. Ulykke på sjø
10. Hjertestans hos innbyggjar eller innsatspersonell
11. Skogbrann og flatebrann


Foreslåtte nye tiltak med bakgrunn i ROS- førebyggjande og beredskapsanalysane med økonomisk konsekvens:

- For å auke beredskapen bør det etablerast depo i Stavang og på Husevågøy, med den same utstyrstilhengar som ein har på dei andre depoa.
- Brannbåt i Florøbassenget bør gjenetablerast.

Økonomi og tiltaksanalyse

Økonomianalyse gjennomført av Agenda Kaupang i 2021 for Kinn kommune viste eit teoretisk innsparingspotensiale for Brann- og ulykkesvern på om lag 15 mill samanlikna mot KORSTRA gruppe 7. Analysen bygger på rekneskapstal rapportert i KOSTRA i 2021 for tenesterfunksjonane 338 Førebygging av brann og andre ulykker og 339 Beredskap mot brann og ulykker.

I 2021 brukte Kinn kommune i snitt kr 1781 pr innbyggjar på brann og ulykkesvern. I 2022 er talet kr 1675.



Utklipp frå Agenda Kaupan sin økonomianalyse 2021.

Analysen tar ikkje høgde for lokale forhold, geografi og risikoanalyser. Den tar heller ikkje hensyn til om samanlikningskommunane har brannordning som stettar krav i lover og forskrifter.

I Handlingsprogram og økonomiplan 2023-2026 vedtok kommunestyret eit innsparingskrav knytt til brann- og ulykkesvern på tilsaman kr 7,5 mill i 2026.

Driftsbudsjett

Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2021	2022	2023	2024	2025	2026
Kommunedirektør	0	-1 500	-750	-750	-4 665	-7 580
Samfunn, kultur og miljø	26 461	20 829	21 010	21 785	21 985	21 985
Fellesposter	3 557	2 275	2 424	2 424	2 424	2 424
Sum	30 006	21 604	22 684	23 459	19 744	16 829

Utklipp frå Handlingsprogram og økonomiplan 2023-2026

Kommunedirektøren har derfor sett ned eit omfattande arbeid for å sjå på potensialet for innsparingar innanfor området.

Størstedelen av den økonomiske ramma til brann- og ulykkesvern er knytt til lønn, opplæring av mannskap, arbeidstøy. Det er faste utgifter til 110 sentralen, nødnett forsikring osv. I tillegg er det eit forventet inntektskrav knytt til avtale med Bremanger kommune, kystverket og meir usikre inntekter knytt til kursverksemd for andre brannvesen.

Utgifter knytt til lønn blir vidare styrt av vaktordning og lønns- og arbeidstidsforandlingar på sentralt og lokalt nivå. Vurdering av brannordning har derfor vore sentralt i arbeidet med tiltaksanalyse.

I arbeidet med tiltaksanalysen har arbeidsgruppe sett på mulige innsparingstiltak, evt mulighet for å auke inntektssida. Mellom anna har ein vurdert:

- Stasjonstruktur.
- Vaktordning på stasjonane.
- Type oppdrag.
- Avtalar og samarbeid knytt til beredskap i område utanfor kommunen sine grenser.
- Anna

Metoden som er nytta i arbeidet har vore open dialog og innspelsmulighet, der alle i gruppa har bidratt med innspel til moglege tiltak. Ein har gjort søk, og hatt dialog med andre kommunar om korleis desse har løyst stasjonsstruktur og vaktordning. Og vidare er alle tiltaka drøfta i plenum, vurdert og vekta i forhold til fordelar og ulemper.

Moglege tiltak med økonomisk konsekvens er vurdert opp mot ROS analyse, førebyggjande analyse og beredskapsanalyse.

Analysen er vedlagt.

Prosess

Kommunedirektøren sette ned ei arbeidsgruppe for å koordinere arbeidet med analysene og planlegging av brannordning hausten 2022. Gruppa har bestått av leiarane innan brann- og redningstenesta (Brannsjef, Beredskapssjef og leiar for førebyggjande avdeling), rådgjevarar og administrativ ressursar innan stab og støtte, hovudtillitsvalgt for Delta og Fagforbundet, plasstillitsvalgt, og to verneombod frå brannstasjonane i Måløy og Florø. Kommunedirektøren har sjølv leia arbeidet.

Gruppa har hatt tilsaman 8 møte.

Heiltidstilsette og deltidstilsette brannmanskaper har fått informasjon om arbeidet gjennom 2 informasjonsmøte, eit i Florø og eit i Måløy. I tillegg har alle fått informasjon om ROS, førebyggjande- og beredskapsanalysane, og forslag til brannordning i forkant av at desse blir lagt fram for kommunestyret i denne saka.

Vurderingar:

Brannordning

Forskrift om organisering, bemanning og utrustning av brann – og redningsvesen og nødmeldesentralene (brann- og redningsvesensforskriften) stiller følgjande krav:

§ 17. Vaktberedskap:

I tettsteder med 3000 til 8000 innbyggere skal beredskapen som et minimum være organisert i vaktlag bestående av deltidspersonell i kontinuerlig vaktberedskap.

I tettsteder med 8000 til 20 000 innbyggere skal beredskapen som et minimum være organisert i vaktlag bestående av heltidspersonell med kontinuerlig vaktberedskap på brannstasjonen innenfor ordinær arbeidstid. Utenfor ordinær arbeidstid kan beredskapen organiseres i vaktlag bestående av deltidspersonell med kontinuerlig vaktberedskap, men hvor utrykningsleder har brannvern som hovedyrke.

ROS og beredskapsanalysen finn ikkje grunn til å avike fra desse krava.

For Eikefjord brannstasjon peikar beredskapsanalysen på at minste kravet er at beredskapen blir organisert med deltidspersonell utan kontinuerlig vaktberedskap. Her har ein likevel etablert vaktordning med 4 utrykningsledere i faste vakter. Med denne ordninga kan man holde deltidsmannskapet på 12, i staden for 16. Utrykningsleiar sikrar første innsats og bil.

Utrykningstida til øyane og delar bygdene mellom Eikefjord og Naustdal, avviker frå kravet om at innsatstid utanfor tettsted ikkje bør overstige på 30 min. Brannbåt, branndepot og framskutt depot er tiltak for å bøte på dette.

Brannordning for Kinn kommune bør derfor vere følgjande:

Beredskapsstyrke og vakt ordning ved Florø brannstasjon:

- 18 brannkonstablar. Inkludert 4 utrykningsledere.
- 4 stk på overordna vakt.
- 4 dagkassanerte.
- Vaktordning 24/7 i firedelt vakt.
- Vaktlag er på 5 mannskap inkludert overordna vakt.

Beredskapsstyrke og vakt ordning ved Måløy brannstasjon:

- 18 brannkonstablar. Inkludert 4 utrykningsledere.
- 4 stk på overordna vakt.
- Vaktordning 24/7 i firedelt vakt.
- Vaktlag er på 5 mannskap inkludert overordna vakt.

Beredskapsstyrke og vakt ordning Eikefjord brannstasjon:

- 12 brannkonstablar. Inkludert 4 utrykningsledere.
- Vaktordning 24/7 der utrykningsleder går firdelt vakt (resten er deltidsmannskap utan vaktordning).

Depoberedskap:

Kommunen har etablert fleire branndepot som er utstyrt med tilhenger med pumper og brannvernutstyr. Bygdene stiller med mannskap (SMS-varsling, ingen vaktordning). Stasjon Florø rykker normalt ut samtidig. Disse branndepota er

etablert:

- Hovden
- Årebrot
- Rognaldsvåg
- Batalden
- Askrova
- Svanøy

Nye tiltak med bakgrunn i forslag til brannordning:

Med bakgrunn i beredskapsanalysen Dimensjonerande hendinger ID 3 brann på øyane, ID 8 akutt ureining, ID 9 Ulykke på sjø, knytt til uttrykningstid og krav til skyssbåt innan 15 min. Vurderer kommunedirektøren som nødvendig å innarbeide kjøp av brannbåt til Florø, i revidert budsjett 2023. Auka låneopptak på kr 2,9 mill.

Det blir oppretta ein brannmesterstilling i 50% i Måløy. Heilårsverknad ca kr 0,3 mill. Denne skal kal ivareta vask, test og vedlikehold av utstyr, tilrettelegge for øvinger, øvelsesplaner, vaktplaner, sjekk og vedlikehold av brannhyderanter.

Oppretting av depot i Stavang og på Husevågøy blir vurdert i budsjett og økonomiplanarbeidet for 24.

Økonomi og tiltaksanalyse

Kommunedirektøren vurderer at prosessen med vurdering av økonomi- og tiltaksanalysen har vore god, og er godt knytt opp mot dei nødvendige analysane som leiar fram til ny Brannordning.

Utover tiltak knytt til brannordninga, er det nødvendig å komme i dialog med nabokommunane om bistandsavtalar.

Vidare er det nødvendig å fortsette dialogen med Helse Førde og AMK om bruken av bæreoppdrag, samt arbeide godt førebyggjande for å ta ned unødvendige automatisk brannalarmar (ABA). Dette vil truleg ta ned tal på uttrykningar, og dermed ha ein positiv økonomisk konsekvens.

nr	Oversik tiltak som er sett i verk	Heilårsverknad
1	Brannmester Måløy 50%	300 000 kr
13	Reduksjon stasjonsvakt	- 50 000 kr
14	Reduksjon overordna vakt	- 350 000 kr
15	Full alarm uttrykning i Florø	- 80 000 kr
17	Fakturering ABA	- 1 000 000 kr
19	Lage bistandsavtale med Stad kommune	-
20	Reforhandle avtale Bremanger kommune	-
21	Brannkummar Florø	- 400 000 kr
	Sum ivreksatte tiltak	- 1 530 000 kr

I tillegg til vil kommunedirektøren vurdere flytting av kostnader til tankbil, samt arbeide vidare med å sjå på andre samarbeid mellom dei kommunale tenestene. Auka inntekter frå kommunesamarbeid har eit potensiale på 1,2 mill. kr. knytt til kostnadsdekning for tenester og samanlikning med andre kommunar. Tilsaman er innsparing kring 3 mill. kr. i høve dagens drift.

Økonomiske konsekvensar:

Tiltaka foreslått i analysen ovanfor er innarbeidd i prognosane for tenesteområde brann- og redning, som likevel melder om eit meirforbruk i 23 på om lag 2 mill.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

[lov av 14. Juni 2002 om vern mot brann, eksplosjon og ulykke med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver](#)

[Forskrift om organisering, bemanning og utrusting av brann- og redningsvesen og nødmeldesentralene](#)

Behandling i Kommunestyret 12.06.2023:

Innstilling formannskapet - 08.06.2023, foreslått av ,
Kommunestyret vedtar ny brannordning for Kinn kommune slik den ligg føre.

Røysting:

Innstilling frå formannskapet samrøystes vedtatt.

KOST- 074/23 Vedtak:

Kommunestyret vedtar ny brannordning for Kinn kommune slik den ligg føre.

Behandling i Formannskapet 08.06.2023:

Røysting:


Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

FORM- 071/23 Vedtak:

Kommunestyret vedtar ny brannordning for Kinn kommune slik den ligg føre.

Vedlegg i saken:

Tiltaksanalyse for politisk handsaming
Risiko- og sårbarheitsanalyse for brann og redning - rapport
Førebyggjande analyse for brann og redning
Beredskapsanalyse for brann og redning
Brannordning 2023



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
027/23	Helse-, sosial og omsorgsutvalet	30.05.2023
082/23	Formannskapet	08.06.2023
075/23	Kommunestyret	12.06.2023
021/23	Styret i Bordgleder Kinn kommune KF	26.05.2023

Framtidig kjøkkenløysning for Kinn kommune

KOST- 075/23 Vedtak:

1. Det skal være kjøkken i både Måløy og Florø.
2. I Måløy skal kjøkkenet startast opp seinast 1.2.24 i dei gamle lokala som kok/server 7 dagar i veka.
3. I Florø skal det leggst om til kok/server 7 dagar i veka, med moglegheit til kok/kjøl ved behov.

Vedtak som innstilling frå Helse-, sosial og omsorgsutvalet - 30.05.2023

1. HSO ber KD gå vidare med alternativ 4, der det skal være kjøkken i både Måløy og Florø.
2. HSO ber KD sjå på alternativ lokalisering av kjøkken i Florø, utanfor ny institusjon. Dette slik at man sikrer framdrift i arbeidet med ny institusjon, og sikrer levering av mat i byggeperioden.
3. HSO ønsker å greie ut muligheten for at kjøkkenet i Måløy vert gjenåpna som kok/server kjøkken med drift i ukedager, og kjøkkenet i Florø vert drifta som kombinasjonskjøkken med kok/server produksjon for Florø delen og kok/kjøl produksjon for heile kommunen.
4. HSO ber om at saka vert kostnadsberekna og lagt fram med to alternativ. Eit der drifta vert vidareført i regi av Bordgleder, og eit der drifta vert overtatt av kommunen.
5. HSO ber om at saka vert lagt fram for kommunestyret i møtet 12/13 juni.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 08.06.2023

1. Det skal være kjøkken i både Måløy og Florø.
2. I Måløy skal kjøkkenet startast opp seinast 1.1.24 i dei gamle lokala og då under den såkalla «Selje-modellen» med kok/server i vekedagar og kok/kjøl på laurdag og søndag.
3. Florø skal også legge om til "Selje-modellen" og plasserast utanfor institusjon.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommune etablerer kjøkken i ny institusjon for heile kommunen etter tilleggsalternativ 1 i saka.

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret vedtok i samband med økonomiplan/handlingsplan 2023 – 2026 følgjande:

Verbalvedtak 17.

Kjøkkenet i Måløy

Kommunedirektøren skal legge fram ei sak om korleis kjøkkenet i Måløy kan gjenopprettas. Saka skal politisk handsamast i kommunestyret innan 01.03.2023.

Det var lagt fram orienteringssak om opning av kjøkkenet i Måløy til formannskapet 08.03.2023, dette med bakgrunn i arbeidet med heilskapleg gjennomgang av kjøkkenløyving for Kinn kommune.

Vidare vedtok styret i Bordgleder 12.01.2023 følgande, og var handsama i formannskapet 02.02.2023 som mandat for utgreiing :

Styremøte i KF Bordgleder. 003/23

Dagleg leiar sin rapport, status for omstillingsarbeid i Bordgleder KF etter bortfall av kontrakt frå Fjord1. Dagleg leiar orienterte om status for drifta og Bordgleder sin situasjon. Styret drøfta saka. Styret ser det som viktig at det blir gjort utgreiingar som er objektive og grundige, for å synleggjere utfordringar og moglegheiter. Det er semje mellom dagleg leiar/styret i Bordgleder å greie ut følgjande alternativ, som alle skal ha i seg ei vurdering også av framtidige krav til mattryggleik, arbeidsmiljø, rekruttering og framtidsbilde (fleire og mindre homogen kundegruppe av eldre) mv.

- A. Bordgleder KF held fram som i dag, og søker eksterne kundar i same omfang som til no.
- B. Som A, men minus Måløy.
- C. Som B, men minus eksterne
- D. At kommunen ikkje har eit eige sentralkjøkken i Florø, men at det skal vere eigne kjøkken på avdelingane i den nye omsorgsinstitusjonen i Florø. Måløy vert drive som før Kinn. Tenester til heimebuande i Florø må kjøpast av eksternt selskap.
- E. Interkommunalt samarbeid enten i form av at andre kommunar kjøper tenester av Bordgleder, eller at ein ser på felles eigarskap i AS/IKS eller tilsvarande.

Arbeidsmetodikk:

Aktuelle problemstillingar bør bli løyst i eit samarbeid mellom KF Bordgleder og administrasjonen, før det går til kommunestyret for endeleg avgjerd.”

Saksopplysningar:

Rapporten har sett på ulike alternativ for korleis mat skal produserast for bebuarar på institusjon og heimebuande i Florø og Måløy.

I rapporten er det vurdert to ulike produksjonsmetodar:

- Kok/kjøl som er metoden KF Bordgleder no nyttar. Dette er den vanlegaste metoden som vert brukt av storkjøkken/sentralkjøkken som produserer mat til fleire institusjonar og heimebuande.
- Ved kok-server metoden vert maten produsert på eige storkjøkken eller institusjonskjøkken, og servert nylaga til bebuarane på institusjonen og til heimebuande.

Dei økonomiske berekningane av kostpris for dei ulike alternativa er utført i samarbeid med Deloitte, på bakgrunn av investeringar, avskrivning og modellering. Ein har tatt høgde for råvarekostnadane, driftsutgifter, lønnsutgifter til produksjon og transport av maten, samt investerings- og kapitalkostnader til tyngre utstyr til eit eventuelt nytt institusjonskjøkken i Florø, og ved gjenopning av kjøkken i Måløy. Ved vurdering av kjøkken med matproduksjon ved kvart av dei 10 avdelingskjøkkene på ny institusjon i Florø er ikkje investeringskostnader til inventar og produksjonsutstyr tatt med.

Rapporten beskriv kostnadane med dei ulike løysingane som styret i KF Bordgleder skisserte i sak 003/23. **I tillegg er kostnader med 4 alternative løysingar vurdert.** Ein har ikkje tatt med mottak og handtering av mat på institusjonane, dette er arbeidsoppgåver som er inkludert i den daglege drifta.

Ein har ikkje vurdert midlertidig løysning for matproduksjon under bygging av ny institusjon i Florø.

Vurderingar:

Under er dei ulike løysingane gradert i forhold til dagens kostnad på 120,- pr kuvert:

1. Den klart billigaste løysinga er kjøp av mat til heile kommunen frå eksterne leverandørar, som vil kunne gje ei **innsparing** (i forhold til dagens kostnad) på **2 856 125,-** (tilleggsalternativ 2).

Vurdering: Det er både fordeler og ulemper med dette. Vi treng då ingen mellombels løysing i perioden med bygging av ny institusjon. Det er også den klart billigaste løysinga som vil gje ei høg innsparing. Ulempene er manglande skatteinntekter og lærlingplassar lokalt, samt tap av lokal kompetanse og fagmiljø. Ei slik løysing er heller ikkje gått gjennom med tanke på logistikk, interne driftsrutinar, administrasjon. Med ein nærmare gjennomgang trur kommunedirektøren dette vil redusere innsparing ein del.

2. Det nest billigaste er kok/kjøl for heile kommunen på ny institusjon i Florø. Dette alternativet vil gje ein meirkostnad på **571 225,-** (tilleggsalternativ 1).

Vurdering: Dette alternativet er lik dagens løysing utan KF. Det vil imidlertid krevje ei midlertidig løysing under byggeperioden.

3. Det tredje billigaste er ei vidareføring av dagens ordning der ein tek omsyn til investeringskostnader til nytt lokale i ny institusjon i Florø. Det gjev ein auke i kuvertpris på kr.8,-, frå 120,- til 128,-. Dette vil vere ein auke i kostnader i forhold til dagens kuvertpris på **913 960,-** (Alternativ A).

Vurdering: her er det tatt med at KF Bordgleder skal ha lokalar i ny institusjon. Investeringskostnader til utstyr og areal er derfor tatt med og gir ein kostnadsauke.

4. Det fjerde billigaste alternativet er produksjon av mat. kok/server-kok/kjøl (5-2) i både Florø og Måløy,- (Selje modell). Om ein vel dette alternativet vil det gje ein auke i kostnadane på **1 942 165,-** (tilleggsalternativ 4).

Vurdering: Med dette alternativet vil bebuarane få servert nylaga middag, som på Seljetun, 5 dagar i veka. Dersom ein vel å ha to produksjonskjøkken i Kinn vil denne løysinga vere den beste. Det vil då vere enklare å rekruttere kokker sidan ein ikkje må arbeide helg. Dette er noko mange kokker ynskjer. Då vert maten for helg laga klar etter kok/kjøl metoden (sjå rapport Seljetunet).

5. Alternativet med kok/server 7 dagar i veka vil gje ei kostnadsauke på **2**

170 655,- (tilleggsalternativ 3).

Vurdering: Her får ein nylaga middag kvar dag. Men det vil vere krevjande å klare å rekruttere kokker og vikarar, sidan en då må arbeide turnus og helgar.

6. Dette alternativet vil gje ein kostnadsauke på **2 970 370,-** (alternativ B) (med eksterne kundar)

Vurdering: Dette tilsvara den løysinga ein hadde før kjøkkenet i Måløy vart nedlagt.

7. Dette alternativet vil gje ein kostnadsauke på **3 884 330,-** (alternativ C) (utan eksterne)

Vurdering: Dette er same alternativ som over, men utan levering til eksterne.

8. Dette alternativet vil gje ein kostnadsauke på **18 164 955,-** (alternativ D).

Vurdering: med dette alternativet er det ikkje tatt med kostnader til investering i utstyr til 10 produksjonskjøkken på avdelingane. Dette alternativet vil fordre ei sterk oppbemanning og tilsetting av mange kokker. Det vil vere ein lite kostnadseffektiv metode å produsere mat på. I tillegg må ein ha eit produksjonskjøkken i Florø som produserer mat til Florø omsorgssenter, Markegt.55, Eikefjord og heimebuande med vedtak om matombringning.

Eigne kjøkken på kvar avdeling på ny institusjon, samt oppretting av kjøkkenet i Måløy vil føre til ein auka kostnad på **18 164 955,-** utan at investeringskostnader til produksjonsutstyr til avdelingane er tatt med. Administrasjonen synes dette er vanskeleg å gjennomføre.

Administrasjonen ser at det er mange argument for å velje alternativ 4 (Selje modellen). Innan omsorgstenesta verkar det som om så dette også alternativet som blir vurdert som fagleg tilfredsstillande. Den vil ivareta ønsket om servering av nylaga mat på alle avdelingane på ny institusjon i Florø. Eit produksjonskjøkken på den nye institusjonen i Florø vil også kunne levere nylaga middag til Florø omsorgssenter, Markegt.55, Eikefjord og til heimebuande med vedtak.

Kjøkkenet i Måløy vil kunne levere nylaga middag til Kulatoppen og heimebuande. Alternativet inneber at det er lite formålstenleg med kommunalt føretak for å ivareta styring og leing av å lage mat til eldre. Ansvar for dette må liggja i omsorgstenesta.

Likevel illustrer alternative og rapporten som er utarbeidd at matproduksjon kan ivaretakast på ein forsvarleg måte med eit sentralkjøkken integrert på ny institusjon på sjukehusomta vil. Dette gjev også den meste kostnadseffektive drifta. Leing og styring av kjøkkenteneste bør være ein del av omsorgstenesta. Heller ikkje for denne modellen er det naudsynt med KF som styringsmodell.

Kommunedirektøren understrekar at med den økonomiske stoda Kinn kommune har bør ein velje ei gode nok løysingar, med lågast kostnad. (tilleggsalternativ 1). Kommunedirektøren ser at modellen inneber at ein må gå gjennom logistikken kring matproduksjon, oppbevaring og servering.

Dersom kommunestyret skulle komme til eit anna resultat, er det etter kommunedirektøren, alternativ 4 som står fram som neste best. Dette vil krevje auka kostnader som må innarbeidast i økonomiplan.

Økonomiske konsekvensar:

Dersom kommunestyret går for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vil det ikkje

føre til auka kostnader.

Under kostnaden pr. kuvert med dei ulike løysingane som er vurdert:

Alt.A: **kuvertpris 128,-** (Som i dag, KF Bordgleder kok/kjøl heile kommunen)

Alt.B: **kuvertpris 146,-** (KF Bordgleder kok/kjøl til Florø- oppretting av kjøkken kok/server i Måløy)

Alt.C: **kuvertpris 154,-** (KF Bordgleder kok/kjøl til Florø utan eksterne- oppretting av kjøkken kok/server i Måløy)

Alt.D: **kuvertpris 279,-** (eigne kjøkken på kvar av dei 10 institusjonane på ny inst. i Florø- oppretting av kjøkken kok/server i Måløy)


Tilleggsalternativ 1: **kuvertpris 125,-** (kok/kjøl for heile kommunen på ny inst. i Florø)

Tilleggsalternativ 2: **kuvertpris 95,-** (kjøpe mat eksternt kok/kjøl heile Kinn).


Tilleggsalternativ 3: **kuvertpris 139,-** (produksjon av mat kok/server både Florø og Måløy, 7 dagar i veka)

Tilleggsalternativ 4: **kuvertpris 137,-** (produksjon av mat kok/server-kok/kjøl både Florø og Måløy,- Selje modell).

Grafisk framstilling av sjølvkost pr. kuvert:



Dei ulike alternativa vil gje følgande totalkostnad:



- **Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:**
Prosjektrapport – Mai 2023. vurdering av framtidige kjøkkenløsning for Kinn kommune.
- Produksjonskjøkkenet Seljetun.

Behandling i Kommunestyret 12.06.2023:

Forslag frå Raudt, foreslått av Daniel Erik Adrian Henriksson, Kinn Rødt

1. Det skal være kjøkken i både Måløy og Florø.
2. I Måløy skal kjøkkenet startast opp seinast 1.1.24 i dei gamle lokala som kok/server 7 dagar i veka.
3. Endeleg kjøkkenløsning for Florøområdet vert utgreidd vidare angående både organisering, produksjonsmetode og plassering.

Nytt forslag til vedtak frå KrF, Venstre, AP, foreslått av Gustav Johan Nydal, Flora KrFKinn Kristelig Folkeparti

1. Det skal vere kjøkken i både Måløy og Florø
2. Kjøkkenet i Måløy skal vere operativt frå 1.1.24
3. I Måløy skal kjøkkenet vere basert på kok/server 5 dagar i veka.
4. I Florø skal kjøkkenet vere basert på kok/kjøl 7 dagar i veka.
5. Løysinga for matsservering i helg i Måløy vert å kome tilbake til når konsekvensar for ulike alternativ er utgreidd.
6. Når ein planlegg nytt kjøkken i Florø skal det utgreiast konsekvens av å gå for kok/server 5 dagar i veka,
6. Administrasjonen søker å finne den mest mogeleg kostnadseffektive måten å transportere maten ut til brukarane.

Revidert forslag frå KrF, Venster, AP, foreslått av Gustav Johan Nydal, Flora KrFKinn Kristelig Folkeparti

1. Det skal vere kjøkken i både Måløy og Florø
2. Kjøkkenet i Måløy skal vere operativt frå 1.2.24
3. I Måløy skal kjøkkenet vere basert på kok/server 5 dagar i veka.
4. I Florø skal kjøkkenet vere basert på kok/kjøl 7 dagar i veka.
5. Løysinga for matsservering i helg i Måløy vert å kome tilbake til når konsekvensar for ulike alternativ er utgreidd.
6. Når ein planlegg nytt kjøkken i Florø skal det utgreiast konsekvens av å gå for

kok/server 5 dagar i veka,

7. Administrasjonen søkjer å finne den mest mogeleg kostnadseffektive måten å transportere maten ut til brukarane.

Fellesframlegg frå SV, Raudt, SP, FrP, De uavhengige, foreslått av Daniel Erik Adrian Henriksson, Kinn Rødt

1. Det skal være kjøkken i både Måløy og Florø.

2. I Måløy skal kjøkkenet startast opp seinast 1.2.24 i dei gamle lokala som kok/server 7 dagar i veka.

3. I Florø skal det leggst om til kok/server 7 dagar i veka, med moglegheit til kok/kjøl ved behov.

Røysting:

Revidert fellesframlegg frå KRF, Venstre og AP falt med 16 røyster (9 AP, 4 V, 1 KRF, 2 MDG).

Fellesframlegg frå SV, Raudt, SP, FrP og uavhengige vedtatt med 22 røyster (4 R, 3 SV, 6 H, 2 FRP, 3 SP og 4 uavhengige v/ Egeberg, Hopland, Aare og Solheim).

KOST- 075/23 Vedtak:

1. Det skal være kjøkken i både Måløy og Florø.

2. I Måløy skal kjøkkenet startast opp seinast 1.2.24 i dei gamle lokala som kok/server 7 dagar i veka.

3. I Florø skal det leggst om til kok/server 7 dagar i veka, med moglegheit til kok/kjøl ved behov.

Behandling i Formannskapet 08.06.2023:

Alternativt framlegg til vedtak (om kjøkken i Måløy), foreslått av Jacob André Telvik Nødseth, Kinn Venstre

Det skal greiast ut korleis ein kan etablere eit nytt kjøkken på Kulatoppen omsorgssenter, og kva dette vil koste. Om ein skal gå vekk frå ordninga med eitt sentralkjøkken i kommunen, til å ha eit eige kjøkken også i Vågsøy-delen, så bør ein få vurdert å etablere dette på/ved Kulatoppen omsorgssenter.

Å lokalisere kjøkkenet på/ved institusjonen vil m.a. gjere at ein er mindre sårbar for ev. stenging av Måløybrua ved ekstremvær, som vil kunne bli ei utfordring dersom ein heller skulle lokalisere eit nytt kjøkken på den andre sida av brua enn på/ved institusjonen.

Når dette er utgreidd vert saka å handsame på nytt, tidleg hausten 2023. Inntil vidare vert dagens ordning å vidareføre.

Alternativt framlegg til vedtak (om lokalisering av kjøkken i Florø), foreslått av Jacob André Telvik Nødseth, Kinn Venstre

Bordgleder har lagt fram korleis ein kan etablere eit kjøkken i Florø raskare og rimelegare for kommunen, ved å etablere seg i eit anna konkret lokale som skissert i brev frå dagleg leiar i Bordgleder til helse-, sosial- og omsorgsutvalet den 26. mai 2023. Dette er seinare utgreidd også av kommunedirektøren, som stør Bordgleder sitt framlegg. Ei slik etablering vil også gjere det mogleg å realisere omsorgstilbodet på sjukehuset raskare. Bordgleder viser vidare til at ei slik etablering ikkje vert påverka av kva løysing ein vel for Måløy, eller om ein skal levere kok/kjøl eller kok/server i Florø. Kinn kommune legg difor til grunn at ein arbeider vidare med ei slik lokalisering som skissert frå Bordgleder KF.

Forslag frå Raudt, Geir Oldeide, foreslått av Geir Ole Oldeide, Kinn Rødt

1. Det skal være kjøkken i både Måløy og Florø.
2. I Måløy skal kjøkkenet startast opp seinast 1.1.24 og då under den såkalla «Selje-modellen» med kok/server i vekedagar og kok/kjøøl på laurdag og søndag.
3. Florø skal også legge om til "Selje-modellen".

Revidert forslag frå Raudt, foreslått av Geir Ole Oldeide, Kinn Rødt

1. Det skal være kjøkken i både Måløy og Florø.
2. I Måløy skal kjøkkenet startast opp seinast 1.1.24 i dei gamle lokala og då under den såkalla «Selje-modellen» med kok/server i vekedagar og kok/kjøøl på laurdag og søndag.
3. Florø skal også legge om til "Selje-modellen" og plasserast utanfor institusjon.

Røysting:

Innstilling frå HSO falt med 0 røyster.

Framlegg frå Nødseth om kjøkken i Måløy falt med 0 røyster.

Framlegg frå Nødseth om kjøkken i Florø falt med 3 røyster frå AP.

Revidert framlegg frå Raudt punkt 1: vedtatt mot 3 røyster frå AP.

Revidert framlegg frå Raudt punkt 2: vedtatt mot 3 røyster frå AP.

Revidert framlegg frå Raudt punkt 3: vedtatt med 7 røyster frå Raudt, Høgre, FRP og AP.
SP røysta i mot.

FORM- 082/23 Vedtak:

1. Det skal være kjøkken i både Måløy og Florø.
2. I Måløy skal kjøkkenet startast opp seinast 1.1.24 i dei gamle lokala og då under den såkalla «Selje-modellen» med kok/server i vekedagar og kok/kjøøl på laurdag og søndag.
3. Florø skal også legge om til "Selje-modellen" og plasserast utanfor institusjon.

Behandling i Helse-, sosial og omsorgsutvalet 30.05.2023:

Alternativt framlegg frå Kinn Venstre v/Hilmar Eliasson, foreslått av Hilmar Eliasson, Kinn Venstre

1) Det skal greiast ut korleis ein kan etablere eit nytt kjøkken på Kulatoppen omsorgssenter, og kva dette vil koste. Om ein skal gå vekk frå ordninga med eitt sentralkjøkken i kommunen, til å ha eit eige kjøkken også i Vågsøy-delen, så bør ein få vurdert å etablere dette på/ved Kulatoppen omsorgssenter.

Å lokalisere kjøkkenet på/ved institusjonen vil m.a. gjere at ein er mindre sårbar for ev. stenging av Måløybrua ved ekstremvær, som vil kunne bli ei utfordring dersom ein heller skulle lokalisere eit nytt kjøkken på den andre sida av brua enn institusjonen.

Når dette er utgreidd vert saka å handsame på nytt, tidleg hausten 2023. Inntil vidare vert dagens ordning å vidareføre.

2) Bordgleder har lagt fram korleis ein kan etablere eit kjøkken i Florø raskare og rimelegare for kommunen, ved å etablere seg i eit anna konkret lokale som skissert i brev frå dagleg leiar til HSO den 26. mai 2023. Den løysinga som Bordgleder skisserer er ei løysing som bør arbeidast vidare med og leggst fram for kommunestyret. Ei slik sak vil gjere det mogleg å realisere omsorgstilbodet på sjukehuset raskare. Bordgleder viser vidare til at ei slik etablering ikkje vert påverka av kva løysing ein vel for Måløy, eller om ein skal levere kok/kjøøl eller kok/server i Florø, ei heller kva organisasjonsform ein vel for Bordgleder (KF/ikkje KF).

Framlegg frå Ap, foreslått av Ronny Cassells, Kinn Arbeiderparti

Kinn Ap er uroa for framdrifta i saka om institusjon i Florø og vil ha rask løysing for kjøkkenløysing i Florø.

I Måløy ser vi dessverre at Bordgleder ikkje leverer etter dei forventningane vi har til matløysing.

1. HSO ber kommunedirektøren vurdere dagleg leiar ved bordgleder sitt forslag om ny lokalitet i Florø.

2. Kommunedirektøren vurderer kva som må gjerast av tiltak ved kjøkkenet i Måløy dersom det skal gjenopprettast.

Begge alternativa må vere kostnadsrekna og leggest fram for formannskapet den 8.6.

Alternativt framlegg frå Raudt Kinn v/ Marie Kronen Tveranger, foreslått av Marie Kronen Tveranger, Kinn Rødt

1. HSO visar til vedtak i kommunestyret 15.desember 2022. HSO tek til vitande dette vedtaket og ser ingen grunn til å meine noko om andre kjøkkenløysingar for Måløy-regionen enn gjenåpning av kjøkkenet der.

2. For Florødelen av kommunen ,meiner utvalet at den rette løysinga er eit felles kjøkken for denne delen.

Framlegg fra Kinn SV, foreslått av Jon Valur Olafsson, Kinn SenterpartiUavhengigKinn Sosialistisk Venstreparti

HSOU innstiller på å gå vidare med alternativ 4 (seljemodellen), med matservering etter kok-server metoden på ukedager og kok-kjøl metoden på helg.

HSOU ønsker å greie ut muligheten for at kjøkkenet i Måløy vert gjenåpna som kok/server kjøkken med drift i ukedager, og kjøkkenet i Florø vert drifta som kombinasjonskjøkken med kok/server produksjon for Florø delen og kok/kjøl produksjon for heile kommunen.

HSOU ber om at saka vert kostnadsberekna og lagt fram med to alternativ. Eit der drifta vert vidareført i regi av Bordgleder, og eit der drifta vert overtatt av kommunen.

HSOU ber om at saka vert lagt fram for kommunestyret i møtet 12/13 juni.

Forslag til framlegg fra Høgre., foreslått av Mats Brunsvik, Kinn Høyre

1. HSO ber KD gå vidare med alternativ 4, der det skal være kjøkken i både Måløy og Florø.

2. HSO ber KD sjå på alternativ lokalisering av kjøkken i Florø, utanfor ny institusjon. Dette slik at man sikrer framdrift i arbeidet med ny institusjon, og sikrer levering av mat i byggeperioden.

Nytt fellesforslag fra H og SV, foreslått av Mats Brunsvik, Kinn Høyre

1. HSO ber KD gå vidare med alternativ 4, der det skal være kjøkken i både Måløy og Florø.

2. HSO ber KD sjå på alternativ lokalisering av kjøkken i Florø, utanfor ny institusjon. Dette slik at man sikrer framdrift i arbeidet med ny institusjon, og sikrer levering av mat i byggeperioden.

3. HSO ønsker å greie ut muligheten for at kjøkkenet i Måløy vert gjenåpna som kok/server kjøkken med drift i ukedager, og kjøkkenet i Florø vert drifta som kombinasjonskjøkken med kok/server produksjon for Florø delen og kok/kjøl produksjon

for heile kommunen.

4. HSO ber om at saka vert kostnadsberekna og lagt fram med to alternativ. Eit der drifta vert vidareført i regi av Bordgleder, og eit der drifta vert overtatt av kommunen.

5. HSO ber om at saka vert lagt fram for kommunestyret i møtet 12/13 juni.

Det vart vurdert om ein skulle lukke møte, HSO gjekk samrøystes for å handsame saka open.

Kommunalsjef Norunn Stavø, helse og velferdsrådgjevar Jeanette Jensen og kommunedirektør Øyvind Bang-Olsen orienterte.

Gruppemøte.

Følgjande parti trakk sine framlegg til vedtak: AP, SV og H.

Røysting:

Framlegg frå kommunedirektøren falt.

Framlegg frå Raudt falt mot 1 røyst (Raudt).

Framlegg frå Venstre falt mot 2 røyster (V og AP)

Punktvis røysting over fellesframlegg frå SV og H:

Punkt 1. 5 røysta for punkt 1, V røysta blankt, Ap røysta mot.

Punkt 2. 5 røysta for punkt 2, V og SP røysta blankt.

Punkt 3. 5 røysta for punkt 3, V røysta blankt og Raudt røysta mot.

Punkt 4. 5 røysta for punkt 4, V røysta blankt og Raudt røysta mot.

Punkt 5. 6 røysta for punkt 5, V røysta blankt.

HSOUV- 027/23 Vedtak:

1. HSO ber KD gå vidare med alternativ 4, der det skal være kjøkken i både Måløy og Florø.

2. HSO ber KD sjå på alternativ lokalisering av kjøkken i Florø, utanfor ny institusjon. Dette slik at man sikrer framdrift i arbeidet med ny institusjon, og sikrer levering av mat i byggeperioden.

3. HSO ønsker å greie ut muligheten for at kjøkkenet i Måløy vert gjenåpna som kok/server kjøkken med drift i ukedager, og kjøkkenet i Florø vert drifta som kombinasjonskjøkken med kok/server produksjon for Florø delen og kok/kjøll produksjon for heile kommunen.

4. HSO ber om at saka vert kostnadsberekna og lagt fram med to alternativ. Eit der drifta vert vidareført i regi av Bordgleder, og eit der drifta vert overtatt av kommunen.

5. HSO ber om at saka vert lagt fram for kommunestyret i møtet 12/13 juni.

Vedlegg i saken:

Prosjektrapport - Vurdering kjøkkenløsning Kinn- gjeldande versjon

Produksjonskjøkkenet Seljetun

Framtidig kjøkkenløsning for Kinn kommune – Utgreiing av vedtak frå HSO 30.05.2023


Notat etter befaring på sted - frå Bordgleder

Brev til HSO 26. mai 2023 - frå Bordgleder

Beregning investeringskostnad - frå Bordgleder

Skisse til Hso - frå Bordgleder (L)(596790)

Kjøkken - differansekostnader



Saksnr.	Utval	Møtedato
073/23	Formannskapet	08.06.2023
076/23	Kommunestyret	12.06.2023

Florø hamn Kinn kommune KF - Årsrekneskap og årsmelding 2022

KOST- 076/23 Vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2022 for Florø hamn Kinn kommune KF slik dei ligg føre.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 08.06.2023

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2022 for Florø hamn Kinn kommune KF slik dei ligg føre.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2022 for Florø hamn Kinn kommune KF slik dei ligg føre.

Bakgrunn for saka:

Rekneskapen for Florø hamn Kinn kommune KF er avlagd og presentert i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

I henhold til kommunelova §14-3 skal årsrekneskap og årsberetning vedtakast seinast seks månader etter rekneskapsårets slutt. Kvart årsrekneskap skal behandlast samtidig med tilhøyrande årsberetning. Vedtaket om årsrekneskap skal angi korleis eit eventuelt meirforbruk i driftsrekneskapet skal dekkast inn. Kontrollutvalet skal uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapet og årsberetning før formannskapet innstiller til vedtak.

Saksopplysningar:

Det ligg føre årsmelding og rekneskap for Florø hamn Kinn kommune KF per 31.12.2022. Revisor har lagt fram revisjonsberetning av 12.04.2023 utan atterhald, men med ei presisering om at rekneskapen var avlagt etter fristen i kommunelova 22. februar 2023.

Kontrollutvalet har i møte 23.05.2023 gjeve si uttale til kommunestyret i kontrollutvalssak 020/23:

Etter ei samla vurdering av det kontrollutvalet har fått lagt fram, og på bakgrunn av at kontrollutvalet i dialog med revisor ikkje er gjort kjent med andre forhold som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet, jf. kommunelova §14-3, vil kontrollutvalet tilrå kommunestyret å godkjenne årsrekneskap og årsmelding 2022 for Florø hamn KF.

Vurderingar:

Rekneskapen for 2022 viser eit netto driftsresultat på kr 1.334.426 og eit resultat i balanse på kr 0.

Investeringsrekneskapet er gjort opp i balanse.

Økonomiske konsekvensar:

Årsrekneskapen for 2022 er gjort opp i balanse. Disposisjonsfond per 31.12.2022 utgjør kr 19.444.327.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

LOV-2018-06-22-83 Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)

FOR-2019-06-07-714 Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv

Behandling i Kommunestyret 12.06.2023:

Orientering v/ dagleg leiar i Florø hamn, Linda Mortensen Midtbø.

Røysting:

Innstilling frå formannskapet samrøystes vedtatt.

KOST- 076/23 Vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2022 for Florø hamn Kinn kommune KF slik dei ligg føre.

Behandling i Formannskapet 08.06.2023:**Røysting:**

Styret i Florø hamn KF sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

FORM- 073/23 Vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2022 for Florø hamn Kinn kommune KF slik dei ligg føre.

Vedlegg i saken:

Florø hamn - rekneskap 2022 til revidering (20230303)

Florø hamn kinn kommune KF - Alden hamneområde særrekneskap 2022 (20230303)


Årsmelding Florø hamn 2022, pr 04.04.2023, etter styrehandsaming 20.03.2023 samt oppdatert statistikk

Florø hamn KF - rekneskap og årsmelding 2022

Revisjonsmelding 2022 - Florø Hamn Kinn kommune KF

Revisjonsmelding 2022 - Alden hamneområde

Protokoll - Styret i Florø hamn KF - 20.03.2023



Saksnr.	Utval	Møtedato
074/23	Formannskapet	08.06.2023
077/23	Kommunestyret	12.06.2023

Havhesten Kinn kommune KF - Årsrekneskap og årsmelding 2022

KOST- 077/23 Vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2022 for Havhesten Kinn kommune KF slik dei ligg føre.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 08.06.2023

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2022 for Havhesten Kinn kommune KF slik dei ligg føre.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2022 for Havhesten Kinn kommune KF slik dei ligg føre.

Bakgrunn for saka:

Rekneskapen for Havhesten Kinn kommune KF er avlagd og presentert i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

I henhold til kommunelova §14-3 skal årsrekneskap og årsberetning vedtakast seinast seks månader etter rekneskapsårets slutt. Kvart årsrekneskap skal behandlast samtidig med tilhøyrande årsberetning. Vedtaket om årsrekneskap skal angi korleis eit eventuelt meirforbruk i driftsrekneskapet skal dekkast inn. Kontrollutvalet skal uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapet og årsberetning før formannskapet innstiller til vedtak.

Saksopplysningar:

Det ligg føre årsmelding og rekneskap for Havhesten Kinn kommune KF per 31.12.2022. Revisor har lagt fram revisjonsberetning av 17.04.2023 utan atterhald, men med ei presisering om at rekneskapen var avlagt etter fristen i kommunelova 22. februar 2023.

Kontrollutvalet har i møte 25.05.2023 gjeve si uttale til kommunestyret i kontrollutvalssak 021/23:

Etter ei samla vurdering av det kontrollutvalet har fått lagt fram, og på bakgrunn av at kontrollutvalet i dialog med revisor ikkje er gjort kjent med andre forhold som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet, jf. kommunelova §14-3, vil kontrollutvalet tilrå kommunestyret å godkjenne årsrekneskap og årsmelding 2022 for Havhesten KF.

Vurderingar:

Rekneskapen for 2022 viser eit netto driftsresultat på kr 1.445.787 og eit resultat i balanse på kr 0.

Investeringsrekneskapet er gjort opp med eit udekka beløp på kr 106.346.

Økonomiske konsekvensar:

Årsrekneskapen for 2022 er gjort opp i balanse. Disposisjonsfond per 31.12.2022 utgjør kr 4.551.062.

Udekka i investeringsrekneskapet skuldast manglande budsjettering investering i uteområde Havhesten, og overføring frå drift til investering for dekking av eigenkapitalinnskott KLP pensjonsordning. Udekka i investering må finansierast opp i budsjettet for 2023.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

LOV-2018-06-22-83 Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)
FOR-2019-06-07-714 Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv

Behandling i Kommunestyret 12.06.2023:

Orientering v/ styreleiar Anders Ole Sunnarvik og dagleg leiar Magny K. Rogne.

Røysting:

Innstilling frå formannskapet samrøystes vedtatt.

KOST- 077/23 Vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2022 for Havhesten Kinn kommune KF slik dei ligg føre.

Behandling i Formannskapet 08.06.2023:**Røysting:**

Styret i Havhesten Kinn kommune KF sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

FORM- 074/23 Vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2022 for Havhesten Kinn kommune KF slik dei ligg føre.

Vedlegg i saken:


Årsrekneskap 2022 - Havhesten Kinn kommune KF

Årsmelding 2022 - Havhesten Kinn kommune KF

Melding frå uavhengig revisor - Årsrekneskapen 2022 Havhesten Kinn kommune KF

Havhesten KF - rekneskap og årsmelding 2022

Protokoll - Styret i Havhesten Kinn kommune KF - 27.03.2023



Saksnr.	Utval	Møtedato
075/23	Formannskapet	08.06.2023
078/23	Kommunestyret	12.06.2023

Kinn Bordgleder KF - Årsrekneskap og årsmelding 2022

KOST- 078/23 Vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2022 for Bordgleder Kinn kommune KF slik dei ligg føre.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 08.06.2023

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2022 for Bordgleder Kinn kommune KF slik dei ligg føre.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2022 for Bordgleder Kinn kommune KF slik dei ligg føre.

Bakgrunn for saka:

Rekneskapen for Bordgleder Kinn kommune KF er avlagd og presentert i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

I henhold til kommunelova §14-3 skal årsrekneskap og årsberetning vedtakast seinast seks månader etter rekneskapsårets slutt. Kvart årsrekneskap skal behandlast samtidig med tilhøyrande årsberetning. Vedtaket om årsrekneskap skal angi korleis eit eventuelt meirforbruk i driftsrekneskapet skal dekkast inn. Kontrollutvalet skal uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapet og årsberetning før formannskapet innstiller til vedtak.

Saksopplysningar:

Det ligg føre årsmelding og rekneskap for Bordgleder Kinn kommune KF per 31.12.2022. Revisor har lagt fram revisjonsberetning av 12.04.2023 utan atterhald, men med ei presisering om at rekneskapen var avlagt etter fristen i kommunelova 22. februar 2023.

Kontrollutvalet har i møte 25.05.2023 gjeve si uttale til kommunestyret i kontrollutvalssak 019/23:

Etter ei samla vurdering av det kontrollutvalet har fått lagt fram, og på bakgrunn av at kontrollutvalet i dialog med revisor ikkje er gjort kjent med andre forhold som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet, jf. kommunelova §14-3, vil kontrollutvalet tilrå kommunestyret å godkjenne årsrekneskap og årsmelding 2022 for Bordgleder KF.

Vurderingar:

Rekneskapen for 2022 viser eit netto driftsresultat på kr 1.040.725 og eit resultat i balanse på kr 0.

Investeringsrekneskapet er gjort opp med eit udekka beløp på kr 23.092.

Økonomiske konsekvensar:

Årsrekneskapen for 2022 er gjort opp i balanse. Disposisjonsfond per 31.12.2022 utgjør kr 2.260.254.

Udekket beløp i investering er av rekneskapsteknisk karakter, og har bakgrunn i at det ikke er overført det budsjetterte lånebeløpet fra Kinn kommune til Bordgleder Kinn kommune KF i 2022. Udekka i investering må dekkes inn i budsjett 2023.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

LOV-2018-06-22-83 Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)

FOR-2019-06-07-714 Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv

Behandling i Kommunestyret 12.06.2023:

Orientering v/ styreleiar Jacob Nødseth.

Røysting:

Innstilling frå formannskapet samrøystes vedtatt.

KOST- 078/23 Vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2022 for Bordgleder Kinn kommune KF slik dei ligg føre.

Behandling i Formannskapet 08.06.2023:**Røysting:**

Styret i Bordgleder Kinn kommune KF sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

FORM- 075/23 Vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2022 for Bordgleder Kinn kommune KF slik dei ligg føre.

Vedlegg i saken:


Årsrekneskap 2022 - Kinn Bordgleder KF

Årsmelding Bordgleder 2022

Bordgleder KF - rekneskap og årsmelding 2022

Revisjonsmelding 2022 Bordgleder Kinn kommune KF

Protokoll - Styret i Bordgleder Kinn kommune KF - 30.03.2023



Saksnr.	Utval	Møtedato
076/23	Formannskapet	08.06.2023
079/23	Kommunestyret	12.06.2023

Kinn utdannings- og ressurscenter KF - Årsrekneskap og årsmelding 2022

KOST- 079/23 Vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2022 for Kinn utdannings og ressurscenter KF slik dei ligg føre.

Lån frå Kinn kommune til Kinn utdannings og ressurscenter KF på kr 3.760.000 slettes, og anleggsverdien flyttes frå Kinn utdannings og ressurscenter KF til Kinn kommune.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 08.06.2023

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2022 for Kinn utdannings og ressurscenter KF slik dei ligg føre.

Lån frå Kinn kommune til Kinn utdannings og ressurscenter KF på kr 3.760.000 slettes, og anleggsverdien flyttes frå Kinn utdannings og ressurscenter KF til Kinn kommune.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2022 for Kinn utdannings og ressurscenter KF slik dei ligg føre.

Lån frå Kinn kommune til Kinn utdannings og ressurscenter KF på kr 3.760.000 slettes, og anleggsverdien flyttes frå Kinn utdannings og ressurscenter KF til Kinn kommune.

Bakgrunn for saka:

Rekneskapen for Kinn utdannings og ressurscenter KF er avlagd og presentert i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

I henhold til kommunelova §14-3 skal årsrekneskap og årsberetning vedtakast seinast seks månader etter rekneskapsårets slutt. Kvart årsrekneskap skal behandlast samtidig med tilhøyrande årsberetning. Vedtaket om årsrekneskap skal angi korleis eit eventuelt meirforbruk i driftsrekneskapet skal dekkast inn. Kontrollutvalet skal uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapet og årsberetning før formannskapet innstiller til vedtak.

Saksopplysningar:

Det ligg føre årsmelding og rekneskap for Kinn utdannings og ressurscenter KF per 31.12.2022. Revisor har lagt fram revisjonsberetning av 17.04.2023 utan atterhald, men med ei presisering om at rekneskapen var avlagt etter fristen i kommunelova 22. februar

2023.

Kontrollutvalet har i møte 23.05.2023 gjeve si uttale til kommunestyret i kontrollutvalssak 022/23:

Etter ei samla vurdering av det kontrollutvalet har fått lagt fram, og på bakgrunn av at kontrollutvalet i dialog med revisor ikkje er gjort kjent med andre forhold som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet, jf. kommunelova §14-3, vil kontrollutvalet tilrå kommunestyret å godkjenne årsrekneskap og årsmelding 2022 for Kurs utdannings- og ressurscenter KF.

Lån frå Kinn kommune til Kinn utdannings og ressurscenter KF

Kinn utdannings og ressurscenter KF har pr i dag eit lån frå Kinn kommune med saldo kr 3.760.000. Det er ikkje betalt renter og avdrag på lånet etter etablering av Kinn kommune. Lånet skriv seg frå kjøp av eigedom ved Solbakken som i dag forvaltas av Kinn kommune. Med bakgrunn i dette er det naturleg å slette lånet på kr 3.760.000 samt å flytte anleggsverdien frå Kinn utdannings og ressurscenter KF til Kinn kommune

Vurderingar:

Rekneskapen for 2021 viser eit netto driftsresultat på kr 11.211.759 og eit resultat i balanse på kr 0.

Investeringsrekneskapet er gjort opp i balanse.

Økonomiske konsekvensar:

Årsrekneskapen for 2022 er gjort opp i balanse. Disposisjonsfond per 31.12.2022 utgjer kr 16.828.591.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

LOV-2018-06-22-83 Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)
FOR-2019-06-07-714 Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv

Behandling i Kommunestyret 12.06.2023:

Orientering v/ styreleiar Ronny Cassells.

Røysting:

Innstilling frå formannskapet samrøystes vedtatt.

KOST- 079/23 Vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2022 for Kinn utdannings og ressurscenter KF slik dei ligg føre.

Lån frå Kinn kommune til Kinn utdannings og ressurscenter KF på kr 3.760.000 slettes, og anleggsverdien flyttes frå Kinn utdannings og ressurscenter KF til Kinn kommune.

Behandling i Formannskapet 08.06.2023:

Røysting:

Styret i Kinn utdannings- og ressurscenter KF sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

FORM- 076/23 Vedtak:

Kinn kommunestyre godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2022 for Kinn utdannings og ressurscenter KF slik dei ligg føre.

Lån frå Kinn kommune til Kinn utdannings og ressurscenter KF på kr 3.760.000 slettes, og anleggsverdien flyttes frå Kinn utdannings og ressurscenter KF til Kinn kommune.

Vedlegg i saken:

Årsrekneskap 2022 - Kinn utdannings- og ressurscenter KF


Årsmelding 2022 - Kinn utdannings og ressurscenter KF

Melding frå uavhengig revisor - Årsrekneskapen 2022 for Kinn Utdannings- og ressurscenter KF

Kinn utdannings- og ressurscenter KF - rekneskap og årsmelding 2022

Kommunedirektøren er av ei oppfatning om at eit badeland, slik som skissert i Nordfjordbadet, kan vere riktig satsing for utvikling av Måløy. I tillegg til å være eit positivt tiltak for folkehelse, så kan eit slikt bad presumtiv både gje auke i bu attraktiviteten og styrkje utviklinga av Måløy sine urbane kvalitetar. For ein by bør det inngå anlegg for bading til elevar og andre brukarar, som ein del av eit servicetilbodet.

Kommunaldirektøren ser på det lokale og private initiativet frå næringslivet, i arbeidet med å utvikle prosjektet, som svært positivt. Det er lagt ned betydeleg arbeid og ressursar frå alle i dette initiativet og næringslivet har i tillegg forplikta seg til å gje eit samla bidrag på til saman heile 46 MNOK. Eit slikt bidrag er noko unikt og viser eit stort engasjement for å bidra i utviklinga lokalsamfunnet.

Finansieringsplan

I vedteke økonomiplan for 2023 – 2026 er lagt inn ei bruttoramme på 200 MNOK til prosjektet i 2026. Det er lagt til grunn at 40 MNOK skal vere låneopptak. Resterande skulle finansierast eksternt. I verbalvedtak for den same økonomiplanen vart det også peika på at «finansieringsløyisinga må være realistisk utifrå kommunen sin gjeldsgrad og avgrensa høve til å finansiere prosjektet via auka låneopptak.»

I arbeidet med prosjektet og rapporten frå PWC, er det avdekka at sjølv med eit vesentleg bidrag for næringslivet, bidrag gjennom spelemidlar og momskompensasjon, er prosjektet underfinansiert med om lag 88 MNOK.

Kostnadskalkyle og finansiering	MNOK
Investering eks. mva og eks. tomt	205
Finansiering	
Spelemidlar	31
Næringslivet	46
Kommunen	40
Ytterlegare finansieringsbehov	88

I tillegg kjem tomtekostnader som ikkje er rekna inn i investeringskalkyla. Tomtekostnader og integrering av bad i andre bygningar representer ein risiko som ikkje er klarlagt.

Som følgje av underfinansieringa har ressursgruppa, som beskrive i PWC rapporten, peika på mogelegheita og selje Nordfjordhallen til fylkeskommunen, for å reise kapital til noko av denne underfinansieringa. Kommunedirektøren har hatt kontakt med fylkeskommunen vedrørende dette spørsmålet. Dersom fylkeskommunen får ein formell førespurnad frå kommunen vil dei vurdere sine behov for areal, sett opp mot kva dei betalar i dag, og korleis dere økonomi vil bli ved eit kjøp. Det vil vere fylkestinget som tek endeleg stilling til dette, som ein del av sin samla vurdering av investeringsbehov. Ein slik prosess vil ta ein god del tid og skape usikkerheit om prosjektrealisering.

Kommunen må også vurdere dei samla økonomiske konsekvensane ved eit sal. Full oversikt over dette vil ikkje vere mogleg å få fram, før ein har forhandle fram ein evt. avtale med fylkeskommunen. Det er usikkert om kommunen sin nettoutgifter vil bli lågare ved å selje hallen kontra å auke låneopptak tilsvarande eit salssummen. Kommunestyret har lagt til grunn at kommunen har avgrensa høve til å finansiere prosjektet via auka låneopptak.

Forretningsplan og driftsresultat

I arbeidet med forretningsplanen har ein arbeidd med å etablere kvalitative estimat og vurderingar både på marknad og inntektsida. Utover ordinært sal av billetter har ein estimert kommunalt kjøp av skulesymjning på 2 MNOK kvart år. I tillegg ligg det inne 2 MNOK i rein kommunal stønad for kvart driftsår. Dette vil gje ei samla inntekt på 8,9 MNOK.

Resultat	2023 kroner i heile 1000
Inntekt	8 900
Driftskostnad	9 000
Driftsresultat eksl avskr	-100
Avskrivning	2 900
Renter 5 %	4 400
Resultat etter finans	- 7 400

Ein har også gjort det same for etablere reelle forventna kostnader på driftssida. Denne analysa viser ei driftskostnad på 9 MNOK. Dette vil igjen gje eit mindre driftsunderskot på om lag 100` NOK.

Sjølv om ein i denne modellen har eit mindre driftsunderskot, så er hovudutfordringa at selskapet ikkje vil kunne bære ein gjenståande underdekning på 88 MNOK, gjennom lånefinansiering. Krav til avskrivning og rentebelastning vil i ein slik situasjon gje eit

negativt årleg driftsresultat på 7,4 MNOK. Grunna krav til avskrivningar i eit aksjeselskap, vil det for selskapets del, være ein fordel at høgst mogeleg del av eigenkapitalen tilførast som gâver eller eingongstilskot.

Slik den økonomiske stoda er for kommunen, er det ikkje forsvarleg sett fra kommunedirektøren si vurdering å tilrå ei slik investering i nær framtid utover kva midlar kommunestyret har fastsett i 2026.

Som følge av dette vil heller ikkje kommunedirektøren foreslå etablering av eit selskap pr. no. Etableringa av eit slikt selskap kan med fordel utsettast til prosjektet er fullfinansiert.

Kommunedirektøren meiner det er opp til kommunestyret å avgjere om det skal startast ein prosess med å sjå på mogeleg sal av Nordfjordhallen.

Økonomiske konsekvensar:

Økonomiske konsekvensar, utover det som kjem fram av denne saka må vurderast i samband kommande års økonomiplanarbeid.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Ikkje aktuelt

Behandling i Kommunestyret 12.06.2023:

Forslag til vedtak fra AP, H, V og FrP, foreslått av Doris Christensen, Kinn Arbeiderparti

- 1) Det vert etablert aksjeselskap for Nordfjordbadet i tråd med rapport frå PWC.
- 2) Selskapet vert stifta med NOK 1.000.000,- der Kinn kommune teiknar seg for NOK 520.000,- og næringsaktørar for 480.000,-
- 3) Kinn kommune finansierer aksjekapitalen frå overskotet i rekneskapen i 2022.
- 4) Selskapet sitt føremål er å realisere Nordfjordbadet.
- 5) Kinn kommune kallar inn til stiftingsmøte innan 25.08.2023.
- 6) Ordførar, eller den han peker ut, får fullmakt til å representere kommunen i stiftingsmøtet/ generalforsamling. Fullmakta gjeld også val av styremedlemmer. Ordførar bør konsultere valnemda i forkant av stiftingsmøtet om styret si samansetjing.

Alternativt punkt 2 frå FrP, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti

2. Selskapet vert stifta med NOK 2.000.000,-, der kommunen teiknar seg for NOK 1.000.000,- og næringsaktørar for 1.000.000,-

Forslag til vedtak frå Kinn SP, foreslått av Torgunn Elisabeth Eikevik, Kinn Senterparti

Grunna utfordringar med gjeldsgrad i Kinn kommune, set kommunestyret framdriftsplan og realisering av Nordfjordbadet på vent.

Forslag til vedtak frå Kinn SP, foreslått av Torgunn Elisabeth Eikevik, Kinn Senterparti

Grunna utfordringar med gjeldsgrad i Kinn kommune, setter kommunestyret framdriftsplan og realisering av Måløybadet på vent.

Røysting:

Framlegg frå SP falt med 3 røyster frå SP.

Fellesframlegg frå AP, H, V og FRP samrøystes vedtatt.

Tilleggsforslag frå FRP om alternativt punkt 2 falt med 9 røyster (2 MDG, Daniel Henriksson, 2 FRP, 4 uavhengige v/ Egeberg, Hopland, Aare og Solheim)

KOST- 085/23 Vedtak:

- 1) Det vert etablert aksjeselskap for Nordfjordbadet i tråd med rapport frå PWC.

- 2) Selskapet vert stifta med NOK 1.000.000,- der Kinn kommune teiknar seg for NOK 520.000,- og næringsaktørar for 480.000,-
- 3) Kinn kommune finansierer aksjekapitalen frå overskotet i rekneskapen i 2022.
- 4) Selskapet sitt føremål er å realisere Nordfjordbadet.
- 5) Kinn kommune kallar inn til stiftingsmøte innan 25.08.2023.
- 6) Ordførar, eller den han peker ut, får fullmakt til å representere kommunen i stiftingsmøtet/ generalforsamling. Fullmakta gjeld også val av styremedlemmer. Ordførar bør konsultere valnemda i forkant av stiftingsmøtet om styret si samansetjing.

Behandling i Formannskapet 08.06.2023:

Etablering av aksjeselskap - framlegg frå Høgre og FRP, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti

1. Det vert etablert aksjeselskap for Nordfjordbadet i tråd med rapport frå PWC.
2. Selskapet vert stifta med NOK 2.000.000,-, der kommunen teiknar seg for NOK 1.000.000,- og næringsaktørar for 1.000.000,-
3. Kinn kommune finansierer aksjekapitalen frå overskotet i rekneskapen i 2022
4. Selskapet sitt føremål er å realisere Nordfjordbadet.
5. Kinn kommune kallar inn til stiftelsesmøte innan 1. August 2023

Røysting:


Punkt 1 i kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.
Punkt 2 i kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.
Punkt 3 i kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak falt med 2 røyster frå AP.
Framlegg frå Høgre og FRP falt med to røyster frå FRP og Høgre.

FORM- 085/23 Vedtak:

1. Kommunestyret er positive til Nordfjordbadet.
2. Kommunestyret legg til grunn i vidare arbeid med prosjektet at Kinn kommune sitt økonomiske bidrag skal være i samsvar med økonomiplan for 2023 – 2026 (40 mill. kr. i netto låneopptak i 2026)

Vedlegg i saken:

Nordfjordbadet AS - stiftelsesdok mv..docx
Endeleg rapport - Kinn kommune - Nordfjordbadet



Saksnr.	Utval	Møtedato
086/23	Formannskapet	08.06.2023
086/23	Kommunestyret	12.06.2023

25002-Fullskala fotballhall - Storhallen i vest : Forretning og finansieringsplan pr. 26.05.23

KOST- 086/23 Vedtak:

1. Det vert etablert eit aksjeselskap for Storhall i Vest i tråd med rapport frå PWC punkt.6, Etablering av aksjeselskap.
2. Selskapet vert stifta med NOK 1.000.000,-, der kommunen teiknar seg for NOK 330.000,- og Idretten for NOK 670.000,-
3. Selskapet sitt føremål er å realisere Storhallen i Vest.
4. Kinn kommune kallar inn til stiftingsmøte innan 25. August 2023
5. Ordførar, eller den han peiker ut, får fullmakt til å representere kommuna i stiftingsmøtet/ generalforsamling. Fullmakta gjeld også val av styremedlemmer. Ordførar bør konsultere valnemda i forkant av stiftingsmøtet om styret si samansetjing.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 08.06.2023

Formannskapet sender saka vidare til kommunestyre for handsaming.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret ber om gjennomgang av hallsituasjonen i Kinn som ledd i arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel
2. Storhallen i Vest vert å komma tilbake i løpet våre 2024 i samband med vedtak av kommuneplanen sin samfunnsdel
3. Etablering av selskapet Storhallen i vest AS og vidare arbeid vert utsett til prosjektet er fullfinansiert.

Bakgrunn for saka:

Kommunedirektøren har i tråd med dei gjeldande politiske vedtaka søkt å svare desse ut i gjennom framlegginga av denne saka. Dei to førande sakene for denne utgreiinga og saksframlegget er beskrive som fyljande:

I behandlinga av [Økonomiplan og handlingsprogram 2023-2026](#) Kinn kommune vart det gjort følgjande verbalvedtak:

- a. *Ressursgruppa for Storhallen i Vest skal legge fram endeleg tilråding for realisering, organisering og finansiering av prosjektet innan 01.06.2023.*

Kommunestyret vil peike på at finansieringsløysinga må være realistisk utifrå kommunen sin gjeldsgrad og avgrensa høve til å finansiere prosjektet via auka låneopptak.

FORM- 037/23 Vedtak:

1. *Med henvisning til vurderingane frå ekstern konsulent vert dei to prosjekta Storhall i Vest og Nordfjordbadet å realisere som kvart sitt aksjeselskap.*
2. *Ressursgruppene held fram sitt arbeid og skal sørge for at kommunestyret snarast mogleg og seinast i møtet 25. mai kan fatte naudsynte vedtak for kommunal deltaking i slike aksjeselskap.*
3. *Ressursgruppa skal ha følgjande mandat/oppgåver:*
 1. *Identifisere aktuelle samarbeidspartnarar, opprette samarbeidsforum med desse og lage framlegg til avtalar/vedtekter/aksjonæravtalar mv. med aktuelle samarbeidspartnerar/eigarar.*
 2. *Lage framdriftsplan for realisering og drift av anlegga.*
 3. *Lage framlegg til skisse for finansiering. Både investering og drift.*
 4. *Ressursgruppa disponerer, i samarbeid med kommunedirektøren, planleggingsmidlar som kommunestyret til ei kvar tid har sett av til prosjektet. Om eksterne aktørar som naturleg skal delta i selskapa ønskjer å nytte eigne midlar til å sikre framdrift kjem dette i tillegg.*
 5. *Kommunedirektøren er sekretariat for ressursgruppa.*
 6. *Ressursgruppa skal levere eksternt kvalitetssikra rapportar som minimum dokumenterer følgjande forhold, før politisk behandling:*
 1. *Finansieringsplan – Endeleg kapitalisering av selskapet, eigarhøve mellom kommunen og andre, forhold knytt til momskompensasjon, tippemidlar, gåver, innskot frå idretten mv.*
 2. *Forretningsplan – Marknadsanalyse og marknad-/brukaranalyse, driftsanalyse og driftsbudsjett, behov for kommunale driftstilskot.*
- *Identifisere aktuelle samarbeidspartnarar, opprette samarbeidsforum med desse og lage framlegg til avtalar/vedtekter/aksjonæravtalar mv. med aktuelle samarbeidspartnerar/eigarar.*
- *Lage framdriftsplan for realisering og drift av anlegga.*
- *Lage framlegg til skisse for finansiering. Både investering og drift.*
- *Ressursgruppa disponerer, i samarbeid med kommunedirektøren, planleggingsmidlar som kommunestyret til ei kvar tid har sett av til prosjektet. Om eksterne aktørar som naturleg skal delta i selskapa ønskjer å nytte eigne midlar til å sikre framdrift kjem dette i tillegg.*
- *Kommunedirektøren er sekretariat for ressursgruppa.*
- *Ressursgruppa skal levere eksternt kvalitetssikra rapportar som minimum dokumenterer følgjande forhold, før politisk behandling:*
 7. *Finansieringsplan – Endeleg kapitalisering av selskapet, eigarhøve mellom kommunen og andre, forhold knytt til momskompensasjon, tippemidlar, gåver, innskot frå idretten mv.*

8. *Forretningsplan – Marknadsanalyse og marknad-/brukaranalyse, driftsanalyse og driftsbudsjett, behov for kommunale driftstilskot.*
- *Finansieringsplan – Endeleg kapitalisering av selskapet, eigarhøve mellom kommunen og andre, forhold knytt til momskompensasjon, tippemidlar, gåver, innskot frå idretten mv.*
- *Forretningsplan – Marknadsanalyse og marknad-/brukaranalyse, driftsanalyse og driftsbudsjett, behov for kommunale driftstilskot.*
4. *Investeringsprosjekta tek stor plass i det offentlege rom. Arkitektoniske og landskapsmessige verdiar er difor av stor betydning. Omsyn til natur og klima skal synleggjerast og formidlast i alle deler av prosjektarbeidet og seinare drifta*

Saksopplysningar:

I arbeidet med denne saka, har ein gjennom tidlegare politiske vedtak vedtatt at det skal opprettast ei ressursgruppe beståande av politisk valde representantar med høve til å utvide ressursgruppa ytterlegare med representantar frå eventuelt interessegrupper, gjevarside og næringsliv.

Ressursgruppa har bestått av følgande

- Hilmar Eliasson – Venstre
- Trine Merete Hovland – Høgre
- Lars Terje Standal – Arbeiderpartiet
- Bente Frøyen Steindal – Gjevarrepresentant
- Bjørn Inge Igland - Gjevarrepresentant
- Trine Vokuhl Havn – Idrettsrådet
- Robert Endestad - Fotballforbundet

Formelt er arbeidet i ressursgruppa underlagt kommunedirektøren, som også har hatt rolla som sekretariat for arbeidet i gruppa.

For å tilfredsstille krav om objektivitet og kvalitetssikring av arbeidet og endelege rapportar, som beskrive i vedtak, så har kommunedirektøren valt å gjere ei anskaffing av PWC, til å føre i pennen og kvalitetssikre underlaget som no blir forlagt i denne saksutgreiinga.

Ressursgruppa har vært premissgjevarane og gjett innspel og vurderingar for arbeidet. PWC har gjort kvalitetssikra utgreiing, som igjen har vært utfordra og kvalitetssikra av ressursgruppa. Arbeidsmetodikken, grundigheita og kvaliteten i arbeidet synest å være tillitsvekkande og god. Dette er også ressursgruppa si oppfatning.

Rapporten frå PWC er vedlagt. Rapporten er ein del av saksopplysningane i saka.

I arbeidet med å svare ut dei politiske vedtaka her det vore utfordrande og svare ut på deler av følgjande punkter. Det er forskjellige årsaker til dette, men i hovudtrekka er dette grunna i at problemstillingane er premature i forhold til modninga av prosjektet, samt at arbeidet ville kravd meir kalandertid og ressursar til å svare ut. Det er likevel slik at underlaget som vert presentert i saka må kunne sjåast som grundig og omfattande nok til å gjære eit vegval for vidare arbeid.

- Identifisere aktuelle samarbeidspartnarar, opprette samarbeidsforum med desse og lage framlegg til avtalar/vedtekter/aksjonæravtalar mv. med aktuelle samarbeidspartnerar/eigarar.

- Investeringsprosjekta tek stor plass i det offentlege rom. Arkitektoniske og landskapsmessige verdiar er difor av stor betydning. Omsyn til natur og klima skal synleggjerast og formidlast i alle deler av prosjektarbeidet og seinare drifta

Ressursgruppa si innstilling til vidare framdrift

Ressursgruppa ynskjer at det no vært etablert eit aksjeselskap for å arbeide vidare med prosjektet. Ein må her avsette nødvendig eigenkapital for å kunne skyte inn kommunens foreslåtte del på 33 % i eit slikt selskap. Selskapet bør kapitaliserast gjennom aksjekapital og/eller tilskot som gjær at selskapet kan minimum levere eit skisse/forprosjekt. Ein har estimert at ein treng omkring 7 MNOK for å etablere, drifte og realisere dette arbeidet i selskapet.

Idretten og gjevarsider er innstilt på å gå inn med nødvendig kapital for å dekke sin del av kapitalbehovet (67 %). Forutsetninga er likevel at om kommunen vel å ikkje byggje, så vil innskoten kapital verte tilbakebetalt.

Ei tentativ løysning kan også være at kommunen sjølv finansierar og modnar prosjektet fram til byggjestart og så påkallar nødvendig kapital til etablering og finansiering av selskapet.

Tidlegare politiske saker:

[22/6484 - Organisering av arbeidet med å realsere Storhall i Vest frå og med 2022. - Kinn kommune](#)

[22/29586 - Val av politikarar til ressursgrupper i prosjektutvalet - Kinn kommune](#)

[23/9026 - Vidare organisering av investeringsprosjektene Storhall i Vest og Nordfjordbadet - Kinn kommune](#)

Vurderingar:

Kommunedirektøren er av ei oppfatning om at ein fullskala fotballhall i Florø vil være ein styrking fotballen. Kommunedirektøren verdsett også det lokale og private initiativet frå både idretten og næringslivet, i arbeidet med å utvikle prosjektet. Det er lagt ned betydeleg arbeid og ressursar frå alle i dette initiativet og idretten/næringslivet/private har i tillegg forplikta seg til å gje eit samla bidrag på til saman heile 34,3 MNOK. Eit slikt bidrag er noko unikt og viser eit stort engasjement for å bidra i utviklinga lokalsamfunnet.

Finansieringsplan

I vedteke økonomiplan for 2023 – 2026 er lagt inn ei bruttoramme på 160 MNOK til prosjektet i 2026. Det er lagt til til grunn at 32 MNOK skal være låneopptak. I verbalvedtak for den same økonomiplanen vart det også peika på at «finansieringsløyisinga må være realistisk utifrå kommunen sin gjeldsgrad og avgrensa høve til å finansiere prosjektet via auka låneopptak.»

I arbeidet med prosjektet og rapporten frå PWC, er det avdekka at sjølv med eit vesentleg bidrag frå Idretten, næringslivet, fylkeskommunen, bidrag gjennom spelemidlar og momskompensasjon, er prosjektet underfinansiert med om lag 61,3 MNOK.

Kostnadskalkyle og finansiering	MNOK
Investering eks. mva, inkl. tomt	160
Finansiering	
Spelemidlar	15,4
Tilsagn frå S&F Fylkeskommune	10
Næringslivet og idretten (Idrettsløftet)	34,3
Reinvestering lån Florø idrettssenter AS (Flora kommune)	7
Kommunen	32
Ytterlegare finansieringsbehov	61,3

I dette tallet ligger også en re-investering gjennom forpliktet avtale mellom Flora kommune og idretten på 7 MNOK. Forpliktelsen er ikkje finansiert i økonomiplanen Tomteverdien er taksert til 7,5 MNOK og er lagt inn som kapital i form av tinginskudd i finansieringsplanen.

Forretningsplan og driftsresultat

I arbeidet med forretningsplanen har ein arbeidd med å etablere kvalitative estimat og vurderingar både på marknad og inntektsida.

Utover ordinært sal av utleige og sponsor inntekter, ligg det inne 2 MNOK i rein kommunal stønad for kvart driftsår. Dette vil gje ei samla inntekt på 6 MNOK pr år

Ein har også gjort det same for etablere reelle forventa kostnader på driftssida. Denne analysa viser ei driftskostnad på 3,6 MNOK. Dette vil igjen gje eit samla driftsoverskot på 2,4 MNOK.

Resultat	2023 tal i heile 1000
Inntekt	6 000
Driftskostnad	3 600
Driftsresultat eks. avskrivn.	2 400
Avskrivning	2 200
Renter 5%	3 400
Resultat etter finans	-3 200

Med eit driftresultat på 2,4 MNOK eksklusiv avskrivninger, vil dette være tilstrekkeleg til å betjene eit lån på 27 MNOK til 30 MNOK. Om ein held alle kommunale investeringsmidlar/bidrag på tilsaman 100,3 MNOK (7+32+61,3) utanfor, så vil kapitalbehovet være om lag 70-73 MNOK i kapitalutvidelse for at selskapet skal «gå rundt». Grunna krav til avskrivningar i eit aksjeselskap, vil det for selskapets del, være ein fordel at høgst mogeleg del av utvidinga av eigenkapitalen tilførast som gåver eller eingongstilskot.

Kommunedirektøren si vurdering av den økonomiske situasjonen for prosjektet.

Slik den økonomiske stoda er for kommunen, er det vanskeleg for kommunedirektøren å tilrå ei slik investering i nær framtid. Prosjektet krev ein estimert samla antatt kommunal kapital på 100,3 MNOK for å kunne fullfinansierast. Innafor rammene gitt i økonomiplanen for 2023 – 2026 er det kommunedirektøren si vurdering at dette vil verte uforsvarleg. Dersom det kjem opp anna moglegheit for ekstern finansiering, vil saka kunne vurderast på nytt.

Faglege vurderingar ved bygging av ein fullskala fotballhall.

I tillegg til dei økonomiske konsekvensane for kommunen, må også konsekvensane for idrett, barn og unge og frivilligheit vurderast i ei slik sak som dette. Dette sjølv om kommunestyret ved fleire høve har vedteke framdrift i saka. Mellom anna er det viktig å peike på ny kunnskap og erfaring med at det er aukande sosiale skilnadar innanfor idrett,

mellom anna pga. kostandane med å drive idrett. Den vurderinga som kommunedirektøren gjer, har bakgrunn i dei to målsetningane som kommunestyret tidlegare har vedteke, som er sitert nedanfor.

I eit av hovudmåla i gjeldande samfunnsdel heite det:

I Kinn er det eit variert og rikt kultur-, idretts- og foreiningsliv for alle, og vi har gode kulturopplevingar og møteplassar.

I vedteken Handlingsplan for frivillgheiten er det eit oppdrag som heite:

Vurdere muligheten for å gjere lokaler tilgjengelege for frivilligheten i kommunale nybygg og rehabiliteringar.

Idrett for alle

Både idretten og det offentlege har arbeid etter målet om «idrett for alle». På mange måtar lykkast ein med dette. Nær 90% av alle barn og unge i Noreg har vore innom organisert idrett på ein eller anna måte. 75% av ungdom over 13 år er på ein eller anna måte vore innom idretten. Fråfallet frå fylte 13 er markant. Mellom anna med bakgrunn i auka krav til spesialisering og krav frå idretten frå dette tidpunktet. Dei siste åra, også før pandemien, har denne trenden blitt enda meir markant. Tidlegare var det ikkje sosiale forskjellar i deltaking og fråfall frå idretten. No er dei ei dreining mot at fråfall i idretten, delvis skjer tidlegare og at barn og unge frå familiar med lågare inntekt fell raskare ifrå organisert idrett. Særleg gjeld dette for jenter, og i særdelesheit jenter med minoritetsbakgrunn. Ref. NOVA rapport 2/19, Anders Bakken. Dette er ein av fleire rapportar som viser den same tendensen.

Kostnader for deltaking i idrett

Idretten og foreldra til barn og unge som deltek i idrett må betale for at barn og unge skal delta i organisert idrett. Det er store forskjellar mellom idrettslag, kommunar og landsdelar i kor stor grad dette gjer seg utslag. Kinn kommune får inn følgjande for leige av desse anlegga:

Leigeinntekter frå idrett	
Florø stadion og kunstgras	kr 500 000,00
Florø idrettssenter	kr 950 000,00
Florøhallen	kr 410 000,00
Eikefjord fleirbrukshall	kr 225 000,00
Fotballhallen på Tennebø	kr 590 000,00
Turnhallen	kr 300 000,00
Total	kr 2 975 000,00

Tala er basert på fakturagrunnlaget for 2022.

I tillegg kjem midlar idretten bruke på eigne anlegg, t.d. kunstgrasbana i Eikefjord, Måløy stadion og anlegget til Skavøypoll idrettslag.

Enkelte idrettslag slit allereie med å betale leige for bruk av kommunale idrettsanlegg. Administrasjonen er i dialog med dei det gjeld, for å finne ei mest mogleg praktisk løysing.

Midlar for å betale for bruk av anlegga, kjem frå frivillige lag og organisasjonar. Samla inn via dugnad, sponsorar, foreldrebetaling mm. Dersom vi får ein hall til i Florø, med ei forventet leigeinntekt på fleire mil. kr. vil utfordringa for dei frivillige med å finansiere dette auke vesentleg.

Sosiale forskjellar

Dersom ein byggje ein ny stor hall, med utgangspunkt i at brukarane skal finansiere delar av utgiftene, vil finansieringskjeldene for dei som skal betale som i dag, uansett vere dei same. Det stor grunn til å anta at dette vil bli krevjande for laga. Vidare kan det også føre til at kravet til føresettedeltaking gjennom høgare treningsavgift og forventning om meir dugnad auke. Dette vise forskinga er ein av årsakene til at det blir sosiale forskjellar i kven som deltek i idrett. Det er i tillegg forventet eit auka kommunalt driftstilskott til hallen. Noko som i seg sjølv vil verte svært krevjande, då det vil auke det samla salderingsbehovet som ligg inne i økonomiplanen. Desse midlane vil måtte takast frå andre delar av den kommunale drifta. Som igjen vil auke utfordringa med å gje barn og unge eit tilbod med gratis eller svært redusert halleige.

Administrasjonen registrer at det er i auke i tal personar og familiar som tek kontakt for å få støtte til barn sin deltaking i idrettsaktivitet og tilgang på gratis og brukt utstyr. Denne auka gjeld også for familiar som tradisjonelt ikkje er blitt sett på som fattige.

Variasjon i tilbod

Det er også behov for å ivareta ein overordna vurdering av hallflater og lokalsamfunnet sitt behov for vidare utvikling og tilpassing til bruken av desse. Florø barneskule har eit behov for å få realisert ein gymsal for å ivareta ein kvalitativ god nok gymastikkundervisning, som er innanfor gjeldande normkrav. Bruttoramme for ein gymsal ved Florø barneskule er estimert til 67 MNOK. Dersom ein i eit tenkt tilfelle sett ein fotballhall opp mot ein gymsal vil ein gymsal gje vesentleg lågare kostnader, både investering og drift for kommunen. I tillegg vil ein gymsal vere med på å gje større mangfald i type aktivitetsflatar, slik som kampsport, dans etc.

Ombygging av den eksisterande fotballhallen

Heilt sida tanken om ein fotballhall i Florø kom opp, har det vore dialog kring ei omgjering av dagens fotballhall på Idrettssenteret, til andre typar aktivitetsflatar. T.d. handball, turn, basisaktivitet, alternative aktivitetsformar mm. Ei slik omgjering vil kunne gje eit betre mangfald i aktivitetstilbod enn i dag, og såleis vere positivt. Kommunedirektøren har sist vore i kontakt med fylkeskommunen i mai 23 ang. dette spørsmålet. Fylkeskommunen er godt kjent med denne problemstillinga. Frå administrativt hald vil fylkeskommunen vere villige til å diskutere korleis dette kan gjerast og finansierast. Prioritering av naudsynte fylkeskommunale investeringsmidlar vil vere opp til fylkestinget. Kommunedirektøren er av den klare oppfatning at det ikkje er forsvarleg å gå vidare med realisering av ein fotballhall, før det ligg føre ein avtale mellom idretten, kommunen og fylkeskommunen om ei slik omgjering av dagens fotballhall. Ein slik avtale vil sikre naudsynt mangfald, ved bygging av ein ny fotballhall. Dersom ein kjem i den situasjonen at vi sitt att med to fotballhallar i Florø som både skal finansierast og fyllast med aktivitet, kan dette verte negativt for det samla idrettstilbodet i Florø, sjølv om det isolert sett kan vere positivt for fotballen.

Vurdering av det samla idrettstilbodet i Florø

Idrettslaga i Florø etterlyse meir hallkapasitet. Det er fleire måtar å løyse dette på. Storhallen i vest, saman med ei ombygging av dagens idrettssenter, kan gje ei auke i kapasiteten, og eit meir mangfaldig tilbod. Det er også behov for ein gymsal ved Florø barneskule. Det er behov for å sjå dette i eit samla perspektiv. Difor gjer kommunedirektøren framlegg om at dette må vurderast som ein del av arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel, evt. fylgd opp i ein eigen handlingsplan for idrettsanlegg. I ein samfunnsdel fastsette kommunestyret mål og tiltak, sett opp mot kommunen sin økonomiske ståstad, noko som vil gje eit betre grunnlag for å gjere ei slik vurdering.

Oppsummert

Kommunedirektøren rår til at realisering av Storhallen i vest ikkje blir realitetsvurdert no. Eit slikt vedtak bør gjerast etter at kommuneplanen sin samfunnsdel er på plass. I ei slik vurdering må følgande vurderast:

- Det må vere kontroll på den kommunale økonomien, før eventuell kommunal deltaking og at kommunen sin økonomiske situasjon viser at det er forsvarleg å auke den kommunale deltakinga i prosjektet.

Eller at prosjektet blir finansiert eksternt, både når det gjeld investering og drift.
- Det må gjerast ei avveining av kva som er riktig å satsing for kommunen. Bygging av ein fullskala fotballhall, kor det også ligg føre ein avtale med fylkeskommunen, som sikrar at dagens fotballhall blir omgjort til andre aktivitetsflatar. Eller om det er meir riktig av kommunen å nytta avgrensa midlar til idrettsføremål, til ein gymsal ved Florø barneskule.

Begge desse punkta må vurderast opp mot dei måla som kommunestyret vel å sette for kommunen si utvikling i samfunnsdelen.

Som følge av dette vil heller ikkje kommunedirektøren foreslå etablering av eit selskap. Etableringa av eit slikt selskap kan med fordel utsettast til prosjektet er fullfinansiert.

Økonomiske konsekvensar:

Økonomiske konsekvensar, utover det som kjem fram av denne saka må vurderast i samband med budsjett og økonomiplan.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Ikkje aktuelt

Behandling i Kommunestyret 12.06.2023:

Etablering av aksjeselskap - framlegg frå Høgre og FRP, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti

1. Det vert etablert eit aksjeselskap for Storhall i Vest i tråd med rapport frå PWC punkt.6, Etablering av aksjeselskap.
2. Selskapet vert stifta med NOK 1.000.000,-, der kommunen teiknar seg for NOK 330.000,- og Idretten for NOK 670.000,-
3. Kinn kommune nyttar tomta som sitt eigenkapitalbidrag.
4. Selskapet sitt føremål er å realisere Storhallen i Vest.
5. Kinn kommune kallar inn til stiftelsesmøte innan 1. August 2023

Forslag fra AP, H, V og FrP - erstatter forslag fra FrP og H, foreslått av Doris Christensen, Kinn Arbeiderparti

1. Det vert etablert eit aksjeselskap for Storhall i Vest i tråd med rapport frå PWC punkt.6, Etablering av aksjeselskap.
2. Selskapet vert stifta med NOK 1.000.000,-, der kommunen teiknar seg for NOK 330.000,- og Idretten for NOK 670.000,-
3. Selskapet sitt føremål er å realisere Storhallen i Vest.
4. Kinn kommune kallar inn til stiftingsmøte innan 25. August 2023
5. Ordførar, eller den han peiker ut, får fullmakt til å representere kommuna i stiftingsmøtet/ generalforsamling. Fullmakta gjeld også val av styremedlemmer. Ordførar bør konsultere valnemda i forkant av stiftingsmøtet om styret si samansetjing.

Forslag frå Kinn Sp, foreslått av Torgunn Elisabeth Eikevik, Kinn Senterparti
Grunna utfordringer med gjeldsgrad i Kinn kommune, sett kommunestyret framdriftsplan
og realisering av fotballhallen på vent.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak falt med 14 røyster (4 raudt, 2 uavhengige
v/ Egeberg og Hopland, 2 MDG, 3 SP, 3 SV).

Framlegg frå SP falt med 3 røyster frå SP.

Fellesframlegg får AP, H, V, og FRP vedtatt med 22 røyster (9 AP, 4 V, 6 H, 2 FRP, 1
KRF).

KOST- 086/23 Vedtak:

1. Det vert etablert eit aksjeselskap for Storhall i Vest i tråd med rapport frå PWC punkt.6, Etablering av aksjeselskap.
2. Selskapet vert stifta med NOK 1.000.000,-, der kommunen teiknar seg for NOK 330.000,- og Idretten for NOK 670.000,-
3. Selskapet sitt føremål er å realisere Storhallen i Vest.
4. Kinn kommune kallar inn til stiftingsmøte innan 25. August 2023
5. Ordførar, eller den han peiker ut, får fullmakt til å representere kommuna i stiftingsmøtet/ generalforsamling. Fullmakta gjeld også val av styremedlemmer. Ordførar bør konsultere valnemda i forkant av stiftingsmøtet om styret si samansetjing.

Behandling i Formannskapet 08.06.2023:

Etablering av aksjeselskap - framlegg frå Høgre og FRP, foreslått av Frank Willy Pedersen
Djuvik, Kinn Fremskrittsparti

1. Det vert etablert eit aksjeselskap for Storhall i Vest i tråd med rapport frå PWC punkt.6, Etablering av aksjeselskap.
2. Selskapet vert stifta med NOK 1.000.000,-, der kommunen teiknar seg for NOK 330.000,- og Idretten for NOK 670.000,-
3. Kinn kommune nyttar tomte som sitt eigenkapitalbidrag.
4. Selskapet sitt føremål er å realisere Storhallen i Vest.
5. Kinn kommune kallar inn til stiftelsesmøte innan 1. August 2023

Røysting:


Samrøystes vedtatt å sende saka vidare til kommunestyre utan innstilling frå
formannskapet.

FORM- 086/23 Vedtak:

Formannskapet sender saka vidare til kommunestyre for handsaming.

Vedlegg i saken:

Endeleg rapport - Kinn kommune - Storhall i Vest AS (2)
Storhall i Vest AS - stiftelsesdokument



Saksnr.	Utval	Møtedato
029/23	Utval for politisk organisering	02.05.2023
060/23	Kommunestyret	25.05.2023
087/23	Kommunestyret	12.06.2023

Politisk organisering og delegering

KOST- 087/23 Vedtak:

Kinn kommunestyre vedtek politiske organisering og delegering slik det går fram av vedlagt dokument, med følgjande endringar:

Kinn kommunestyre tilrår at det framleis skal vere hovudutval for Oppvekst og kultur og hovudutval for Helse, sosial og omsorg i Kinn kommune i neste periode.

Mynde til å velje kommunal representant og vara til Kyrkeleg fellesråd skal ligge til kommunestyret.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utval for politisk organisering legg fram utkast til politiske organisering og delegering slik det går fram av vedlagt dokument

Bakgrunn for saka:

Etter avtaled med leiar for utvalet vert redigert versjon etter sist møte lagt fram for godkjenning og oversending til vidare politisk handsaming.

Saksopplysningar:

Utvalet har drøfta modell for delegering og politisk organisering og funne det hensiktemssig å slå saman dette til eit dokument.

Resultatet av drøftingane vert no lagt fram som innstilling til kommunestyret.

Vurderingar:

Dokumentet «Politisk organisering og delegering» har fire delar:

Del 1 : Prinsipper for politisk organisering og delegering

Del 2 : Politiske organisering : Politiske organer, medlemmer, arbeidsområde og delegering

Del 3 : Delegering til ordføreren

Del 3 Delegering til kommunedirektøren

Dokumentet vert lagt fram til drøfting, og som grunnlag for utvalet si innstilling til kommunestyret.

Økonomiske konsekvensar:

«Skriv her»

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Behandling i Kommunestyret 12.06.2023:

SV sitt framlegg til vedtak, foreslått av Ingunn Kjersti Frøyen, Kinn Sosialistisk Venstreparti

Kinn kommunestyre tilrår at det framleis skal vere hovudutval for Oppvekst og kultur og hovudutval for Helse, sosial og omsorg i Kinn kommune i neste periode.

Krf sitt framlegg til vedtak, foreslått av Gustav Johan Nydal, Flora KrFKinn Kristelig Folkeparti

Endring i framlegg til vedtak frå utval for politisk organisering:

Levekårsutvalet vert ikkje oppretta men Kinn kommune skal ha eit hovedutval for oppvekst, og eit hovedutval for Kultur, helse, sosial og omsorg i perioden 2023- 2027.

Mynde til å velje kommunal representant og vara til Kyrkeleg fellesråd skal ligge til kommunestyret.

Om KF, foreslått av Jacob André Telvik Nødseth, Kinn Venstre

Dei eksisterande kommunale føretaka: Havhesten, KURS, Bordgleder og Florø Hamn vert vidareført.

Subsidiert framlegg fra Kinn SV, foreslått av Jon Valur Olafsson, Kinn

SenterpartiUavhengigKinn Sosialistisk Venstreparti

Dersom kommunestyret tilrår at Helse- sosial og omsorgsutvalet og Oppvekst og kulturutvalet vert slått saman til Levekårsutval.

Framlegg til vedtak;

Levekårsutvalet (utvalet for helse- og oppvekst) skal ha 15 medlemmer.

Forslag frå Raudt, foreslått av Geir Ole Oldeide, Kinn Rødt

Kor mange KF som skal fortsette vert avgjort under sak om vedtekter for KF, sak 90/23

Subsidiært forslag fra Raudt, foreslått av Geir Ole Oldeide, Kinn Rødt

Hvis utsettingsforslaget faller foreslår Raudt følgande:

1. KF Bordgleder vert nedlagt
2. KF Havhesten vert nedlagt

Røysting:

Framlegg frå Raudt om å handsame kommunale føretak i sak 090/23: vedtatt med 21 røyster (4 R, 3 SV, 2 SP, 1 MDG, 1 KRF, 2 FRP, 6 H, 3 uavhengige v/ Egeberg, Hopland

og Solheim).

Framlegg frå utval for politisk organisering om å opprette levekårsutval falt med 2 røyster frå FRP.

Framlegg til vedtak frå SV om å oppretthalde oppvekst- og kulturutvalet og helse-, sosial og omsorgsutvalet vedtatt mot 2 røyster frå FRP.

Framlegg til vedtak frå KRF om Kinn kyrkjelege fellesråd samrøystes vedtatt.

Politisk organisering og delegering med endringsframlegga vedtatt mot 4 røyster frå Raudt.

KOST- 087/23 Vedtak:

Kinn kommunestyre vedtek politiske organisering og delegering slik det går fram av vedlagt dokument, med følgjande endringar:

Kinn kommunestyre tilrår at det framleis skal vere hovudutval for Oppvekst og kultur og hovudutval for Helse, sosial og omsorg i Kinn kommune i neste periode.

Mynde til å velje kommunal representant og vara til Kyrkeleg fellesråd skal ligge til kommunestyret.

Behandling i Kommunestyret 25.05.2023:

SV sitt framlegg til vedtak, foreslått av Ingunn Kjersti Frøyen, Kinn Sosialistisk Venstreparti

Kinn kommunestyre tilrår at det framleis skal vere hovudutval for Oppvekst og kultur og hovudutval for Helse, sosial og omsorg i Kinn kommune i neste periode.

Røysting:

Samrøystes vedtatt utsatt.

KOST- 060/23 Vedtak:

Sak utsatt.

Behandling i Utval for politisk organisering 02.05.2023:

Forslag frå Geir Oldeide, Raudt, foreslått av Geir Ole Oldeide, Kinn Rødt
KF Bordgleder og KF Havhesten vert avvikla. Det vert ikkje oppretta nytt KF for Bygg og eigedom.

Tidlegare alternative framlegg må visast i vidaresending til kommunestyret.

Røysting:

Framlegg frå Raudt v/repr. Oldeide vedtatt mot 2 røyster (Standal - AP, Nygård - V).

Framlegg til politisk organisering og delegering samrøystes vedtatt.


UPO- 029/23 Vedtak:

KF Bordgleder og KF Havhesten vert avvikla. Det vert ikkje oppretta nytt KF for Bygg og eigedom.

Utval for politisk organisering legg fram utkast til politiske organisering og delegering slik det går fram av vedlagt dokument.

Vedlegg i saken:

Politisk organisering i Kinn kommune - versjon 28042023



Saksnr.	Utval	Møtedato
028/23	Utval for politisk organisering	02.05.2023
061/23	Kommunestyret	25.05.2023
088/23	Kommunestyret	12.06.2023

Framlegg til møtereglement i politiske organ for Kinn kommune

KOST- 088/23 Vedtak:

Sak utsatt.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utval for politisk organisering drøftar framlegg til møtereglement for Kinn kommune og innstiller vidare til formannskapet/kommunestyret.

Bakgrunn for saka:

Kommunestyre sett ned utval for å vurdere reglement, delegering og politisk organisering i sak 152/22. Utvalet si innstilling skal handsamast i kommunestyret 25 mai.

Saksopplysningar:

Reglementet i denne sak regulerer gjennomføring av politiske møter i folkevalde organ i Kinn kommune. Det bygger på Kommunelova, Forvaltningslova og Offentleglova og har referansar til desse lovene der det er naudsynt. Reglementet gjeld for kommunestyret, formannskapet og for utval og nemnder.

Reglementet som ligg føre er resultat av drøftingar i utvalet.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Forvaltningslov
Kommunelova

Behandling i Kommunestyret 12.06.2023:

Røysting:

Samrøystes vedtatt å utsette saka til 31.08.2023.

KOST- 088/23 Vedtak:

Sak utsatt.

Behandling i Kommunestyret 25.05.2023:**Røysting:**

Samrøystes vedtatt utsatt.

KOST- 061/23 Vedtak:

Sak utsatt.

Behandling i Utval for politisk organisering 02.05.2023:

Det som står om gruppeleiarar og kommunestyret, merka med raudt, vert påpeika ved sakshandsaming i kommunestyret.

Røysting:


Innstilling til møtereglement samrøystes vedtatt.

UPO- 028/23 Vedtak:

Utval for politisk organisering drøftar framlegg til møtereglement for Kinn kommune og innstiller vidare til formannskapet/kommunestyret.

Vedlegg i saken:

Møtereglement for Kinn kommune - etter drøfting 25 april



Saksnr.	Utval	Møtedato
027/23	Utval for politisk organisering	02.05.2023
062/23	Kommunestyret	25.05.2023
089/23	Kommunestyret	12.06.2023

Framlegg til forskrift for godtgjering i politiske organ - Kinn kommunen sine arbeidsvilkår for lokalpolitikere

KOST- 089/23 Vedtak:

Politikarane sine arbeidsvilkår vert lagt ut på høyring. Alle forslaga frå Utval for politisk organisering vert med i høyringa.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til godtgjering for arbeid i politiske organ i Kinn kommune vert lagt fram til drøfting i utval for politisk organisering.

Bakgrunn for saka:

Kinn kommune skal gjere vedtak om fastsetting av godtgjering for arbeid i politiske utval. Reglementet for godtgjering vert utforma som ei lokal forskrift.

Utkast til forskrift om folkevalde si godtgjering i Kinn kommune for 2023-2027 blir lagt ut på høyring, med frist 1. september 2023 å gje innspel. Forskrifta skal vedtakast i oktober 2023 etter kontinuering av nytt kommunestyre.

Kva saka gjeld

Formålet med forskrifta er å regulere folkevalt si godtgjering i Kinn kommune iht. kommunelova. Etter kommunelova har alle som er valt som medlem av eit kommunalt organ, plikt til å delta i møter, og rett til fri fra ordinært arbeid. Lokalpolitikaren tek på seg eit stort ansvar og bruker mykje tid på sitt verv som folkevalde, og etter kommunelova sin vilkår skal dei bli godtgjort for dette. Det bør ikkje være et mål for folkevalgte representanter at de skal tjene penger på å inneha verv, men samtidig har personer i kommunale tillitsverv krav på godtgjøring for dette arbeidet.

I medhald av kommunelova kapittel 8 har folkevalde rett og plikt til å delta i møter. Videre følger retten til å få fri frå arbeid og dekning av utgifter og økonomisk tap, arbeidsgodtgjering, godtgjering ved frikjøp, ettergodtgjering, pensjonsordning og rett til sjukepengar.

Kommunestyret skal vedta i lokal forskrift for kvar periode. Kinn kommune har tidlegare hatt eit reglement for dette, men det er krav om å forskriftsfeste vilkåra.

Det foreslås å videreføre møtegodtgjørelsene for utvalg, styre og andre faste godtgjeringar.

Utgangspunkt for godtgjering er løn til Stortingsrepresentantar. Godgjerings fastsett med beløp eller satsar gått ut fra denne. Når løna til Stortingsrepresentantar fastsett av Stortinget vert endra vert satsane tilsvarande endra i Kinn kommune.

Stortingsløna var 1.5.2022 fastsett til 1 064 318,-

Forskrifta vil bli lagt ut på høyring innan 31. mai, med frist for å gje merknader 1. september.

Saken skal så slutthandsamast i kommunestyret i oktober 2023, jf. kommunelova § 8-4, og vil forskrifta bli kunngjort på lovdata etter vedtak.

Kinn kommunestyre har vedteke at kommunen for 2023, og perioden 2024-2026 skal forme ut eit reglement som gjev lågare kostnader for politisk organisering og leing enn i dag. Kostnadene skal i 2023 reduserast med 780.000,- i 2023 og 1.688.000,- i 2024-2026.

Det politiske utvalet kommunestyret har sett ned skal greie ut og komme med framlegg om korleis dette kan gjennomførast.

Kommunedirektøren har i vedlegget skissert ein modell for korleis kommunen kan oppnå kommunestyret sitt innsparingskrav. Modellen er forma ut for å være til hjelp for utval for politisk i sitt arbeid.

Utvalet har komme fram til å legge fram til vedtak nedlegging av tre utval i dagens politiske organisering (Samferdsel, Oppvekst og kultur, Helse- og sosial), og oppretting av nytt Levekårsutval.

For å oppnå ytterlegare reduksjon kostnader og forenkling av den politiske styringsmodellen er det vist den økonomiske effekt av å legge ned 2 eller 3 av dei kommunale føretaka. Reduksjon i kostnader ved KF som styringsmodell knyter seg til redusert honorar, tapt arbeidsforteneste og revisjonshonorar.

Økonomiske konsekvensar:
sjå vedlegg

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:
«Skriv her»

Behandling i Kommunestyret 12.06.2023:

Høyring, foreslått av Ola Teigen, Kinn Arbeiderparti
Godtgjerdslereglativet vert lagt ut på høyring.

Høyring, foreslått av Ola Teigen, Kinn Arbeiderparti
Politikarane sine arbeidsvilkår vert lagt ut på høyring. Alle forslaga frå Uvlal for politisk organisering vert med i høyringa.

Røysting:

Framlegg frå Teigen samrøystes vedtatt.

KOST- 089/23 Vedtak:

Politikarane sine arbeidsvilkår vert lagt ut på høyring. Alle forslaga frå Ulval for politisk organisering vert med i høyringa.

Behandling i Kommunestyret 25.05.2023:**Røysting:**

Samrøystes vedtatt utsatt.

KOST- 062/23 Vedtak:

Sak utsatt.

Behandling i Utval for politisk organisering 02.05.2023:

Forslag til vedtak, foreslått av Jan Henrik Nygård, Kinn Venstre

- 1) Kommunestyret vedtek ikkje struktur og rammer for det politiske arbeidet i Kinn for valperioden 2023-2027 no, men legg ved i protokollen dei framlegga som no er kome inn.
- 2) Kommunestyret ser det som naturleg at det er det nye kommunestyret som får avgjere korleis ein vil organisere og legge til rette for det politiske arbeidet, noko det nye kommunestyret uansett vil stå heilt fritt til å avgjere uavhengig av kva det noverande kommunestyret vedtek.

Forslag frå Geir Oldeide, Raudt, foreslått av Geir Ole Oldeide, Kinn Rødt

Prinsipp for godtgjersle

1. Ordførar si godtgjersle settast til 8G (p.t. 891 816 og justerast 1. mai)
2. Varaordførar si godtgjersle skal vere 10% av ordførar si godtgjersle
3. Leiar i utval og leiar i kommunale føretak får dobbel møtegodtgjersle for gjeldande utval/styre.
4. Møtegodtgjersle i:
 - a. Gruppe 1 er kr. 1 000
 - b. Gruppe 2 er kr 750
5. Alle unntatt ordførar har rett på møtegodtgjersle og eventuell tapt arbeidsforteneste. Dette gjeld også formannskapsmedlemmer.
6. Gruppeleiar får pr. år ein gruppesats på kr. 4 000 + kr. 1 000 pr gruppemedlem
7. Telefon og internett: Som før
8. Satsar for tapt arbeidsforteneste: Som før
9. Satsar for påførde utgifter: Som før

Framlegg frå FrP, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti

Faste godtgjersler basert på stortingsrepresentant si til einkvar tid gjeldande godtgjersle:

- a) Formannskapsmedlemmar, leiar i levekårsutval, planutval og kontrollutval 6 % pr år
- b) Leiar av: styret i kommunale føretak og aksjeselskap heileigd av Kinn kommune, administrasjonsutvalet og klagenemnda 3,5 % pr år
- c) Leiar av alle andre råd og utval Dobbelt møtegodtgjersle
- d) Gruppeleiarar – flat sats 3 % pr år
- e) Gruppeleiarar – tillegg pr medlem i gruppe 0,2 % pr år

Møtegodtgjersle:

f) Møtegodtgjersle gruppe 1, medlem av:

Kommunestyret, "politikardagar ", møtande varamedlemer i formannskap, møtande medlem og varamedlem i hovudutval og administrasjonsutval, kontrollutval og eventuelt regionråd (avrunda)

Nestleiarar, medlemmar, møtande varamedlemmar mv. får møtegodtgjersle i tråd med kommunen sitt godtgjerslereglement for gruppe 1. Det skal svarast tapt arbeidsforteneste. 0,13 % pr møte

g) Møtegodtgjersle gruppe 2, medlem av:

Andre utval, råd, komitear og liknande (avrunda) 0,9 % pr møte

Diskuterte prinsipp for godtgjersle, deretter såg utvalet på utkast til forskrift.

Røysting:

Framlegg frå V v/repr. Nygård fekk 1 røyst og falt (Nygård - V).

Framlegg frå R v/repr. Oldeide fekk 1 røyst og falt (Oldeide - R).

Framlegg frå Frp v/repr. Djuvik fekk 4 røyster og vart vedtatt (Djuvik - Frp, Nygård - V, Kristensen - H, Standal - AP).

Forskrift samrøystes vedtatt.

UPO- 027/23 Vedtak:

Faste godtgjersler basert på stortingsrepresentant si til einkvar tid gjeldande godtgjersle:

a) Formannskapsmedlemmar, leiar i levekårsutval, planutval og kontrollutval 6 % pr år

b) Leiar av: styret i kommunale føretak og aksjeselskap heileigd av Kinn kommune, administrasjonsutvalet og klagenemnda 3,5 % pr år

c) Leiar av alle andre råd og utval Dobbel møtegodtgjersle

d) Gruppeleiarar – flat sats 3 % pr år

e) Gruppeleiarar – tillegg pr medlem i gruppe 0,2 % pr år

Møtegodtgjersle:

f) Møtegodtgjersle gruppe 1, medlem av:

Kommunestyret, "politikardagar ", møtande varamedlemer i formannskap, møtande medlem og varamedlem i hovudutval og administrasjonsutval, kontrollutval og eventuelt regionråd (avrunda)

Nestleiarar, medlemmar, møtande varamedlemmar mv. får møtegodtgjersle i tråd med kommunen sitt godtgjerslereglement for gruppe 1. Det skal svarast tapt arbeidsforteneste. 0,13 % pr møte

g) Møtegodtgjersle gruppe 2, medlem av:

Andre utval, råd, komitear og liknande (avrunda) 0,9 % pr møte.


Vedlegg i saken:

Utkast - møtegodtgjøring

Oppsummering - godtgjeringsregulativ

Hjelpedokument for utforming av forskrift etter kommunelova §§ 8-3, 8-4, 8-6 og 8-10 mv

Summering - godtgjersle



Saksnr.	Utval	Møtedato
030/23	Utval for politisk organisering	02.05.2023
063/23	Kommunestyret	25.05.2023
090/23	Kommunestyret	12.06.2023

Vedtekter - kommunale foretak

KOST- 090/23 Vedtak:

Kinn kommunestyre vedtek vedtekter for kommunale foretak slik det går fram av vedlagte dokument, med følgjande endringar:

1. Bordgleder KF og Havhesten KF held fram som KF.

Dersom føretaket ønsker å bruke medlemmer eller varamedlemmer frå styret til å utføre ekstra arbeid for føretaket skal dette vere forankra gjennom føregåande vedtak med budsjettdekning.

Framlegg, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti

Vedtekter for KF KURS og vedtekter for Florø Hamn KF vert vedteken

Røysting:

Framlegg frå Raudt v/repr. Oldeide vedtatt mot 1 røyst (Nygård - V).

Framlegg frå FrP v/repr. Djuvik samrøystes vedtatt.

UPO- 030/23 Vedtak:

Følgande avsnitt skal inn i alle KF sine vedtekter:

Dersom føretaket ønsker å bruke medlemmer eller varamedlemmer frå styret til å utføre ekstra arbeid for føretaket skal dette vere forankra gjennom føregåande vedtak med budsjettdekning.

Vedtekter for KF KURS og vedtekter for Florø Hamn KF vert vedteken.

Vedlegg i saken:


Florø hamn KF, vedtekter

Bordgleder KF, vedtekter

Kurs KF, vedtekter

Havhesten KF, vedtekter

Innstilling - KF modell - 040402023



Saksnr.	Utval	Møtedato
056/23	Formannskapet	16.05.2023
064/23	Kommunestyret	25.05.2023
091/23	Kommunestyret	12.06.2023

Oppretting av KF Bustad og eigedom

KOST- 091/23 Vedtak:

Det vert ikkje oppretta nytt KF for Bygg og eigedom.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Det vert ikkje oppretta nytt KF for Bygg og eigedom.

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret har vedteke at kommunaldirektøren skal leggje fram sak om KF – bustad og eigedom, første halvdel av 2023. I same vedtak blir det peikt på arbeidet som blir gjort i Utval for politisk organisering (UPO) skal samordnast med sak om oppretting av KF – bustad og eigedom.

UPO har i møte 2 mai, vedteke å tilrå overfor kommunestyret at det ikkje blir oppretta eit KF – Bustad og eigedom. Dette er ei tilråding, og kommunestyret sitt vedtak om at kommunedirektøren står framleis ved lag. Når det blir lagt fram to ulike sakar som handle om det same, må desse sjåast i samanheng når dei kjem til politisk handsaming.

Denne saka svare på første setning i kommunestyret sitt verbalvedta frå desember 2022. *Kommunedirektøren skal første halvdel av 2023 legge fram ei sak om oppretting av Kinn Bustad og eigedom KF i tråd med grunngjevinga nedanfor.*

I verbalvedtak nr. 18, frå kommunestyret si handsaming av økonomiplanen i desember 2022, heiter det følgjande:

Kommunalt føretak - bustad og eigedom

Kommunedirektøren skal første halvdel av 2023 legge fram ei sak om oppretting av Kinn Bustad og eigedom KF i tråd med grunngjevinga nedanfor. Utarbeiding av vedtekter og mandat skal utarbeidast i tråd med føringane og arbeidet i utvalet for politisk organisering.

I møte 2. mai 2023 vedtok Utval for politisk organisering (UPO) i sak 029/23 Følgjande:

KF Bordgleder og KF Havhesten vert avvikla. Det vert ikkje oppretta nytt KF for Bygg og eigedom. Utval for politisk organisering legg fram utkast til politiske organisering og delegering slik det går fram av vedlagt dokument.

Dersom kommunestyret vedtek at det skal opprettast eit KF innanfor bustad og eigedom, vil det bli lagt fram sak om *vedtekter og mandat*, slik det kjem fram av setning to, i kommunestyret sitt verbalvedtak frå desember 2022.

Saksopplysningar:

Prosesen.

Kommunedirektøren informerte i ATO møtet (samanslutning av alle organisasjonane) på starten av året om vedtaket i kommunestyret. ATO peika ut to tillitsvalde; ein frå Fagforbundet og ein frå NITO til å delta i ein prosjektgruppe. I og med at oppretting eit KF innanfor dette området vil ha konsekvensar for tilsette på ein eller anna måte, er det naudsynt at tillitsvalde deltek i prosessen. Dette er teke i vare for den fasen som no blir lagt fram for politisk handsaming. Prosjektgruppa har hatt tre møte.

Denne saka handlar om organisering av ein vesentleg del av kommunen si verksemd. Nokre tal som illustrer dette er:

Tal tilsette som kan bli berørt:	84
Omsetning på driftsbudsjettet	112 mil
Vedteken investeringsramme	over ei mrd.
Kvm bygningsmasse, formålsbygg og bustad	149 000

Nedanfor følgjer ei omtale av dei fire potensielle områda innanfor eit KF for Bustad og eigedom. Dette er:

- Bustad (dagens bustadkontor).
- Formålsbygg (Forvaltning, drift, vedlikehald og reinhald).
- Strategisk eigedomsforvaltning (kjøp og sal av eigedom).
- Prosjekt (gjennomføring av større prosjekt, dagens prosjektavdeling)

Bustadkontoret

- Tal tilsette 9 faste tilsette, 6 engasjement (Busetting av flyktninger) pluss ein del på ulike tiltak/ordingar. Varier etter aktivitet og oppgåver.
- Omsetting 45 mill.
- Disponerer 540 bustadeiningar, herav 432 i kommunal eige og 107 som er leid av private, tilsaman 39 000 kvm bustader.
- Oppgåver.
 - Råd og rettleiing i boligspørsmål
 - Mottak og behandling av søknader om kommunal bolig
 - Tildeling av kommunale boliger
 - All kontraktsadministrasjon knyttet til boligene
 - All administrasjon ved avslutting av leiekontrakter
 - Klargjøring av boliger
 - Veiledning og behandling av søknader om bostøtte, startlån og boligtilskudd
 - «Fra leie til eie»
 - Strategisk planlegging av arbeid knyttet til boligbehov
 - Driftansvar Asylmottak*
 - Bustadsosialt arbeid og rettleiing i å bu.

*Boligkontoret har ansvaret for drift av boligmassen til Solbakken asylmottak. Per i dag er 230 mottaksplasser fordelt på 25 boenheter og en sentralisert del i Jakob Sandevegen 12 som inneholder 6 paviljonger som inneholder 66 sengeplasser.

Formålsbygg

- Tal tilsette 14 årsverk innan for drift av bygg og leing. Reinhold 48 årsverk, om lag 55 tilsette.
- Omsetting Drift av bygg 37 mil, reinhold 30 mil.
- 100 porteføljeobjekt på tilsaman 110 000 kvm
- Oppgåver.
 - FDVU – Dagleg drift av alle formålsbygg, herunder all byggteknisk infrastruktur, sanitæranlegg, ventilasjon, el- og varmeanlegg, branntryggleik, oppfølging av myndigheitskrav, oppfølging og vedlikehold av bygningsmasse inkl uteområdet, handtere eksterne leigeavtaler, kontakt med grendalag, rehabiliteringsprosjekt

Strategisk eigedomsforvaltning

- Tal tilsette 1 fast, pluss tilsaman ½ leiarårsverk.
- Omsetting 15 mil pr år. Vil variere frå år til år.
- Tal sal/kjøp pr år (kring 50 større og mindre avtaler)
- Oppgåver.
 - Utvikling av eigedommar kring formålsbygg og infrastruktur
 - Oppfølging av planvedtak
 - Utarbeiding av avtaler og realisering av kjøp ifm større kommunale arealbehov/utbyggingsprosjekt

Prosjekt

- Tal tilsette 5
- Kommunestyret har vedteke gjennomføring av større prosjekt for ei samla ramme på om lag 1, 05 mrd. I tillegg kjem vedtak om realisering av Nordfjordbadet og fotballhall i Florø.
- Tal prosjekt 7 stk. Pr. Mai 23.
- Oppgåver.
 - Prosjektleiing og prosjektgjennomføring.
 - Rapportering mm

Vurderingar:

Vurderingane i denne saka byggjer på det arbeidet som er gjort i samband med Utval for politisk organisering, sitt arbeid. Vedlagt er den same tabellen som utvalet nytta i sitt arbeid når fordelar og ulemper med KF er vurdert. I dette vedlegget er dei fire aktuelle tema som er vurdert til å vere ei føremålstenleg oppdeling/avgrensing av innhaldet i eit KF bustad og eigedom, vurdert ut frå dei same tema som t.d. KF Bordgleder og Kurs KF.

I tabellane er det brukt ulike omgrep som er sentrale i vurderingane av fordelar og ulemper med ulike løysingar. Nokre sentrale begrep er:

Styringslinje

Dette handlar om kven som har avgjerslemynde. Alle som er underlagt kommunedirektøren er i ei styringslinje. Eit døme på dette er at kommunedirektøren har styringsmynde overfor både teknisk, som i dag har ansvar alle formålsbygg, og alle rektorar som brukarar av bygga. Når det er

naudsynt å gjere tiltak av teknisk karakter i eit bygg som ein skule nyttar, kan rektor gje beskjed om at sikkerheita til aktuelt uteområde ikkje er god nok. Da kan kommunedirektøren omprioritere innanfor vedtekne rammar, og få dette løyst raskt og effektivt. Dersom formålsbygg blir lagt under eit KF, altså ei anna styringslinje enn den aktuelle rektoren. Vil ei slik avgjerd om å fikse dette uteområdet måtte gå til dagleg leiar av eit KF, som må finne løysing innanfor eige budsjett, eller ein må gå til styret sitt, som igjen må til kommunestyret for å finne midlar. Med andre ord, heilt enkle avgjerd, kan bli vesentleg meir komplisert dersom styringslinjene blir broten.

Direkte politisk styring

Når dette omgrepet er nytta i tabellane tenker ein på at eit utval av politikarar, dvs. styret i eit KF får meir innflytelse på einskildavgjersler. Dette treng ikkje stå i motsats til at kommunestyret får endra oversikt over heilskapen, men at rapportering og styringslinjene må vere tilpassa ei slik organisering.

Administrasjonskostnader

Når det i tabellane er vist til at adm. kostnadane er høgare, tenker ein på administrering av KF'ane Dei fire KF'a vi har i dag har ein adm. kost, dvs utover det som ville ha vore kostnaden har vore dreve som ei ordinær eining under kommunedirektøren. Slike kostnader er møtegodtgjersler, honorar mm. Samla fire Kf, utgjør dette om lag 700 – 800 tusen kr. Pr år. Det er i tabellane vist til behov for meir internfakturering og anna adm. arbeid med ulike alternativ. Dette er kostnader det ikkje er rekna på heilt konkret i dette arbeidet, men som ein legg til grunn vil gje auka kostander.

Utover kostnader til drift av styre og styrefunksjonen vil oppsplitting av dagens organisasjon krevje auke administrative kostnader. Ressurs til dagleg leiing må aukast, m.a. tilsetting av minimum 1-2 årsverk til leiingsoppgåver, ekstra i høve kva ein har i dag. Kommunestyret har bede kommunedirektøren redusere og slanke kostnader til administrasjon.

Tabellen nedanfor er ei oppsummering av dei vurderingane som er gjort ei vedlegget *Generell vurdering av KF modellen, brukt i arbeidet til Utval for politisk organisering.*

	Bustad	Formålsbygg	Strategisk	Prosjekt
Tenester	Intern Teneste. Arbeider opp mot, Kurs KF, omsorg, NAV, Formålsbygg mf. Eit KF vil splitte ansvarslinja ytterlegare. Eit arbeid som absolutt bør vere heilskapleg, kan bli fragmentert, ved ei splitting	Intern teneste som yter service og tenester til alle delar av kommunen. Eit KF vil splitte styringslinjen e. Det må opprettast avtalar som regulerer forholdet mellom tenestene og eit KF.	Strategisk arbeid som er organisert som eit nettverk i adm, for å sikre heilskap i vurderingane . Styr av K.dir. Ved eit KF vil styringslinjer bli splitta og heilskapleg vurderingar blir svært	Intern teneste. Tett på k.dir for å sikre strategisk tilnærming. Ved eit KF vil brukarperspektivet ligge i anna styringslinje. Dette vil komplisere prosessar.

	av styringslinjene.		ressurskrevjande. Det vil ikkje bli samsvar mellom ansvar og mynde.	
Økonomi	All inntekt kjem frå husleige. Ved eit KF kan fokuset på sosiale forhold måtte vike for økonomiske forhold. Har ansvar for utlånsportefølgja til kommunen.	Inntekt er rammestyrtd. frå kommunen, pluss litt husleigeinntekte og festeavgifter. Ved eit KF vil inntekta kome frå interne husleiger. Dette vil krevje internfakturering og auke adm kost.	Kommunale avsetninga.. Eit KF vil ikkje utgjere ein forskjell.	Kommunale avsetninga. Eit KF vil ikkje utgjere ein forskjell. Sjekk mva.
Demokrati, medverknad og politikktutforming	Adm kost vil auke ved eit KF. Meir direkte pol styring av bustadforvaltninga.	Adm kost vil auke ved eit KF. Direkte pol styring av byggforvaltninga. Men blir lausrive frå pol styring av t.d. skoledrift.	Adm kost vil auke ved eit KF. Direkte pol styring. Utfordrande å få til ei heilskapleg vurdering av sakene.	Adm kost vil auke ved eit KF. Direkte pol styring av prosjekta. Ulike styringslinjer.
Innstilling	Ikkje opprette KF. Vil auke kompleksiteten i samhandling med andre. Kan miste naudsynt fokus på brukar og sosiale forhold.	Ikkje opprette KF. Byggforvaltning og brukarar vil kome i ulike styringslinjer. Dette vil komplisere avgjersler og det daglege arbeidet.	Ikkje opprette KF. Vil gjere det utfordrande å få til ein heilskapleg vurdering av strategiske kjøp/sal.	Ikkje opprette KF. Brukarar og prosjekt vil komme i ulike styringslinjer. Dette vil komplisere brukarmedverknad.

Kommunedirektøren meiner det ikkje er riktig å opprette eit KF for bustad og eigedom. Grunngeving for dette er oppsummert i tabellen overfor. Dersom kommunestyret vel av opprette eit KF for bustad og eigedom kan aktuelt vedtak vere:

1. Det blir oppretta eit KF Bustad og eigedom
2. KF bustad og eigedom skal ha ansvar for følgjande område, som blir overført frå ordinær drift under kommunedirektøren:
Alt a. Bustadforvaltning

- Alt b. Formålsbygg
 - Alt c. Strategisk eigedomsforvaltning.
 - Alt d. Gjennomføring av større prosjekt.
3. Kommunedirektøren utarbeider framlegg til vedtekter og mandat for KF'et og legg det fram for politisk handsaming i fyrste møte etter sumaren 2023.

Økonomiske konsekvensar:

«Skriv her»

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Vedlegga til saka er nytta som kunnskapsgrunnlag for arbeidet med denne saka, men er ikkje direkte sitert.

Behandling i Kommunestyret 12.06.2023:

Innstilling formannskapet - 16.05.2023, foreslått av ,
Det vert ikkje oppretta nytt KF for Bygg og eigedom.

Røysting:

Innstilling frå formannskapet vedtatt mot 4 røyster frå Venstre.

KOST- 091/23 Vedtak:

Det vert ikkje oppretta nytt KF for Bygg og eigedom.

Behandling i Kommunestyret 25.05.2023:

Røysting:

Samrøystes vedtatt utsatt.

KOST- 064/23 Vedtak:

Sak utsatt.

Behandling i Formannskapet 16.05.2023:

Alternativt framlegg til vedtak, foreslått av Jacob André Telvik Nødseth, Kinn Venstre
Utgreiinga synleggjer i svært liten grad moglege effektar og konsekvensar av å opprette eit kommunalt føretak for bustad og eigedomsforvaltninga, der ulike kommunar rundt om i landet har valgt ulike modellar for kommunale føretak utifrå deira behov og situasjon. Sidan saka ikkje svarer på det ein hadde venta svar på, så er det ikkje mogleg å fatte vedtak no, verken om å halde fram med dagens løysing for organisering eller å vedta anna organisering. Saka vert difor å greie ut vidare med den breidda ein må kunne forvente av ei slik sak, herunder av effektivitetsvinst og funksjonelt innhald.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vedtatt med 9 røyster (4 AP, 1 FRP, 2 R, 1 MDG, 1 SP).

Alternativt framlegg til vedtak frå Nødseth falt med 2 røyster frå V v/ Nødseth og H v/ Hagen.

FORM- 056/23 Vedtak:

Det vert ikkje oppretta nytt KF for Bygg og eigedom.

Vedlegg i saken:


Eiendomsforvaltning Haugesund kommune - Ferdig rapport PDF

nou-2004-22-velholdte-bygninger-gir-mer-til-alle

kommunal-eiendomsforvaltning-en-veileder

Helhetlig vurdering av den kommunale eiendoms forvaltning i Fauske

Innstilling - KF modell - 040402023



Saksnr.	Utval	Møtedato
031/23	Oppvekst- og kulturutvalet	30.05.2023
092/23	Kommunestyret	12.06.2023
021/23	Administrasjonsutvalet	30.05.2023

Oppretting av vikarpool i barnehage

KOST- 092/23 Vedtak:

Prosjekt bemanningssenter har desse måla:

- rekruttere og behalde tilsette i 100% stilling
- å heve kvalitet gjennom auka forutsigbarheit i tenestene
- reduksjon av sjukefråvær
- bemanningssenteret skal sikre at tenestene får dekkja sine behov for korttidsvikariat og unngår reduksjonar i opningstid /stenging av avdelingar

Prosjekt bemanningssenter for barnehagar vert gjennomført i 3 eller 4 barnehagar og inkluderer områda Florø og Eikefjord.

Prosjektet vert iverksett så raskt som mogleg og utlysing etter arbeidskraft skjer før sommarferien.

Bemanning startar med minimum ein barnehagelærar og to fagarbeidarar.

Prosjektet finansieres med 500.000,-

Prosjektperioden settast til haust 2023 - vår 2025. Evaluering halvårleg og rapportering til ADMU og relevant politisk utval.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Barnehageåret 2023-2024 vert det gjennomført eit pilotprosjekt i 2 barnehagar, for å prøve ut ei ordning med vikarpool tilpassa barnehagedrifta.

Pilotprosjektet vert å evaluere i løpet av april 2024.

Erfaringar skal danne grunnlag for om det skal innførast ei ordning med vikarpool i barnehagesektoren.

Bakgrunn for saka:

Kinn kommunestyre gjorde slikt vedtak i sak 122/22 - 2 barnehageopptak årleg, eller fortløpande barnehageopptak i Kinn kommune

KOST – 122/22 Vedtak: Kinn kommune skal gi ungar fødd i desember og seinare tilbod om barnehageplass, innanfor rammene av dette vedtaket:

I første omgang oppretter kommunen 14 plasser frå desember 2022 til juli 2023. Eksisterande vedtekter for tildeling skal følgjast så langt som mogleg er.

Kommunedirektøren skal:

-Sjå på muligheter til å ha økt kapasitet i private barnehager

-Opprette ein vikarpool på same måte som dei har gjort innan helse.

-Kalkulere om redusert bruk av vikarar, positiv effekt på sjukefråvær, tilflytting mv kan føre til redusert økonomisk konsekvens.

Økonomiske konsekvenser vert tatt inn i budsjettet for 2023. Tidleg i 2023 skal kommunedirektøren legge fram sak om korleis ein skal sikre fleksibelt barnehageopptak også på sikt.

Med bakgrunn i vedtak i Kinn kommunestyre i sak 122/22, strekpunkt 2 og 3 har kommunedirektøren sett på mulighet for å opprette vikarpool i barnehagesektoren.

Saksopplysningar:

Omsorgssektoren har i løpet av dei siste åra funne ei god ordning med vikarpool, for å dekke opp vikarbehovet ved sjukefråver. Ved å omstille ressursar, er det oppretta stilling for å administrere ordninga med vikarpool og tilsett vikarar i faste stillingar. Når ein teneste har behov for vikar, vert vikarar frå vikarpool fordelt etter behov. Ordninga fungerer godt for omsorgssektoren som har heildøgnsdrift.

Barnehagane har tre-delt vaktordning innan for ei opningstid på 9,75 t/d, 5 dagar i veka. Barnehagane har lågt vikarbudsjett, og styrar vurderer korleis vikarbudsjettet best kan disponerast gjennom året innanfor barnehagen si ramme. Barnehagane har i utgangspunktet lågt vikarbudsjett. Ein har ikkje vikarmidlar til å dekkje vikarlønn i arbeidsgjevarperioden ved alt korttidsfråver, og ved all ferieavvikling.

Kvar barnehage har eigne faste vikarar som vert kontakta når barnehagen har vikarbehov. Dette er gjerne personar som har jobba som vikar i barnehage i ei årrekke fordi dei ønskjer den fleksibiliteten ei slik ordning gjev høve til. Vikaren har opparbeidd seg kjennskap til barnehagen, har tilknytning til personalgruppa, og kjenner barna og foreldra. Slik sikrar barnehagen at tilbodet til barna er av god kvalitet (jf *Forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgaver*). Vikaren er kjent med og tek ansvar saman for innhald og oppgåver på lik linje med øvrig personale.

Ved korttidsfråver (i arbeidsgjevarperioden) vurderer styrar behovet for bemanning. Barnehagen har bemanningsnorm å forholde seg til, og mangel på vikarar utfordrar bemanningskravet og kvaliteten på tilbodet.

Ferieavviklinga til dei tilsette er primært lagt til sommarmånadane, når barn har ferie. Foreldre melder om barna sin ferie, og dei tilsette si ferieavvikling vert planlagt i forhold til dette. I veker med få barn, vert avdelingar slått saman. Dersom det er behov for ferievikar om sommaren, nyttar ein faste vikarar eller t.d. studentar som ønskjer vikarjobb. Både barn og tilsette avviklar ferie til andre tider enn i sommarmånadane. Styrar vurderer behovet for vikar, og nyttar barnehagen sine faste vikarar. Ved ferieavvikling er vikarbehovet planlagt og avtalt i god tid.

Ved langtidsfråver vurderer styrar om stillinga skal lysast ut. Er det pedagogar som har langtidsfråver (t.d. fødsels-/omsorgspermisjon), skal stillinga lysast ut. Dersom ein ikkje får pedagogar til vikariatet, skal det søkjast om dispensasjon frå utdanningskravet for vikar for namngjeven person. (Barnehagelova kap VI *Personalet*, §§ 24 – 28, og *Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehager* §3).

Ved sjukemeldt fråver får barnehagen refundert sjukepengar frå NAV når fråveret går utover arbeidsgjevarperioden. Sjukelønnsrefusjonar dekkjer kostnader med vikarlønn. Styrar følgjer også opp tilsette som har kroniske sjukdommar, og får refundert sjukepengar frå første fråversdag.

Det er også fokus på arbeidsnærvær, og barnehagar samarbeider med NAV

Arbeidslivssenter for å auke kompetansen og finne gode løysingar slik at tilsette kan vere i arbeid.

Ei stor utfordring som ein opplever i Kinn kommune, er vanskar med å skaffe vikar. Barnehageåret 2022-2023 har barnehagane hatt stort vikarbehov utan å kunne skaffe vikar. Styrar og andre i barnehageleiinga har dekkja opp vikarbehovet på avdelingar. I nokre tilfelle har ein måtte stenge avdelingar eller hatt kortare opningstid på grunn av vikarmangel.

Vurderingar:

Styrargruppa har vurdert ei ordning med vikarpool etter modell frå omsorgssektoren, og ser både fordelar og utfordringar med ei slik ordning.

Ein er i utgangspunktet usikker på om ordninga vil gje økonomisk effekt i form av innsparing ved redusert bruk av vikar (jf kommunestyrevedtaket). Dei siste åra har barnehagesektoren hatt stort sjukefråver, både korttids- og langtidsfråver. Dette er ein nasjonal trend som ein ser etter Koronapandemien, og såleis ikkje spesielt for Kinn kommune. FHI (Folkehelseinstituttet) har gitt råd om å ha ein låg terskel for å vere heime ved sjukdom, eit råd som kan ha vore med på å auke sjukefråveret.

Oppretting av vikarpool føreset at barnehagane sjølve finansierer ordninga, og i tillegg dekkjer lønnskostnader til ein ressurs som skal administrere og koordinere ordninga. Dette vil truleg bli ei dyrare løysing enn i dag. I dag administrerer styrar vikarbehovet ut frå innmeldt sjukefråver, og innanfor eiga budsjetttramme.

Både administrasjonsressurs og vikarar må vere knytt til ein teneste (objekt). Korleis dette skal løysast i praksis, må ein sjå nærare på. I omsorgstenesten er dette organisert gjennom å utvide staben.

Fordelen styrarane ser i første omgang, er at det kan byggjast opp ei stabil vikargruppe som barnehagane kan nytte ved behov. Mangel på vikarar når det er vikarbehov, er ei stor utfordring i dag. Tilsette som er på jobb opplever stor arbeidsbelastning når bemanninga er redusert på grunn av vikarmangel. Det må derfor jobbast godt med rekruttering av vikarar, då det vil vere ein føresetnad for å få til ordning med vikarpool.

Skal det opprettast vikarpool, er det ein fordel om vikarane vert delt i grupper knytt til konkrete barnehagar. For vikaren sin del er det viktig å bli kjent med barnehagen sine satsingar, personalet, barna og foreldra. For barna er stabilitet og relasjonar viktig. Ein kjent vikar er med å sikre barna eit trygt og godt barnehagemiljø. Arbeidsmiljøet for dei tilsette vert også betre ivaretatt når det er faste vikarar som høyrer til personalgruppa.

Etter kommunedirektøren si vurdering må det leggjast til rette for ei ordning som sikrar barnehagane vikarar ved behov. Omsorgssektoren har etablert ei ordning med vikarpool som fungerer godt. Om ordninga kan overførast direkte til barnehagesektoren er vanskeleg å seie utan at dette er prøvd ut. Kommunedirektøren vil tilrå at ein velgjer ut 2 barnehagar i eit pilotprosjekt kommande barnehageår, som prøver ut ei liknande vikarordning som omsorgssektoren har etablert, men tilpassa barnehagedrifta. Målet med vikarpool må vere at ein finn ei stabil ordning når det oppstår eit vikarbehov, som sikrar at tenesten får dekkja behovet for vikar. Slik kan ein unngå stor arbeidsbelastning på dei tilsette, noko som kan bidra til å redusere sjukefråveret.

Økonomiske konsekvensar:

Barnehagesektoren fekk redusert ramma i 2022 med kr 250 000,- med formål å redusere sjukefråveret. I inneverande økonomiplanperiode er det ei forventning om at barnehagesektoren skal redusere ramma med ca kr 18 mill.

Det vert starta opp eit arbeid med å lage ein budsjettfordelingsmodell for barnehagesektoren som sikrar ei likeverdig fordeling av ressursar til den ordinære barnehagedrifta.

Effekten av å opprette vikarpool, som stabil vikartilgang, bedre kvalitet på tilbudet og kva økonomiske konsekvensar ein vikarpool vil føre til, kan vi vurdere gjennom erfaringar vi får med å opprette eit pilotprosjekt barnehageåret 2023-2024. Pilotprosjektet må evaluerast våren 2024, og danne grunnlag for val av vidare løysing med vikarpool.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Barnehagelova, kap VI Personalet og kap VIII Psykososialt barnehagemiljø
Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehage

Behandling i Kommunestyret 12.06.2023:

Fellesframlegg AP, H, V, SP, SV, Krf, MDG, dei uavhengige, foreslått av Doris Christensen, Kinn Arbeiderparti

Prosjekt bemanningssenter har desse måla:

- rekruttere og behalde tilsette i 100% stilling
- å heve kvalitet gjennom auka forutsigbarheit i tenestene
- reduksjon av sjukefråvær
- bemanningssenteret skal sikre at tenestene får dekkja sine behov for korttidsvikariat og unngår reduksjonar i opningstid /stenging av avdelingar

Prosjekt bemanningssenter for barnehagar vert gjennomført i 3 eller 4 barnehagar og inkluderer områda Florø og Eikefjord.

Prosjektet vert iverksett så raskt som mogleg og utlysing etter arbeidskraft skjer før sommarferien.

Bemanning startar med minimum ein barnehagelærer og to fagarbeidarar.

Administrasjonsressurs leggst til stab og administrasjonsressurs vurderast redusert tilsvarande i barnehagane.

Prosjektperioden settast til haust 2023 - vår 2025. Evaluering halvårleg og rapportering til ADMU og relevant politisk utval.

Endring av nest siste setning i fellesframlegget, foreslått av Doris Christensen, Kinn Arbeiderparti

Administrasjonsressurs leggst til stab.

Fellesframlegg fra Kommunestyret, foreslått av Doris Christensen, Kinn Arbeiderparti

Prosjekt bemanningssenter har desse måla:

- rekruttere og behalde tilsette i 100% stilling
- å heve kvalitet gjennom auka forutsigbarheit i tenestene
- reduksjon av sjukefråvær
- bemanningssenteret skal sikre at tenestene får dekkja sine behov for korttidsvikariat og unngår reduksjonar i opningstid /stenging av avdelingar

Prosjekt bemanningssenter for barnehagar vert gjennomført i 3 eller 4 barnehagar og inkluderer områda Florø og Eikefjord.

Prosjektet vert iverksett så raskt som mogleg og utlysing etter arbeidskraft skjer før sommarferien.

Bemanning startar med minimum ein barnehagelærer og to fagarbeidarar.

Prosjektet finansieres med 500.000,-

Prosjektperioden settast til haust 2023 - vår 2025. Evaluering halvårleg og rapportering til ADMU og relevant politisk utval.

Røysting:

Fellesframlegg frå kommunestyret samrøystes vedtatt.

KOST- 092/23 Vedtak:

Prosjekt bemanningssenter har desse måla:

- rekruttere og behalde tilsette i 100% stilling
- å heve kvalitet gjennom auka forutsigbarheit i tenestene
- reduksjon av sjukefråvær
- bemanningssenteret skal sikre at tenestene får dekkja sine behov for korttidsvikariat og unngår reduksjonar i opningstid /stenging av avdelingar

Prosjekt bemanningssenter for barnehagar vert gjennomført i 3 eller 4 barnehagar og inkluderer områda Florø og Eikefjord.

Prosjektet vert iverksett så raskt som mogleg og utlysing etter arbeidskraft skjer før sommarferien.

Bemanning startar med minimum ein barnehagelærer og to fagarbeidarar.

Prosjektet finansieres med 500.000,-

Prosjektperioden settast til haust 2023 - vår 2025. Evaluering halvårleg og rapportering til ADMU og relevant politisk utval.

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 30.05.2023:

Fellesforslag fra Ok-utvalget, foreslått av Doris Christensen, Kinn Arbeiderparti

Kommunedirektør må belyse saka bedre før behandling i kommunestyret.

Punkter for ny vurdering: - utvide antall barnehager i piloten - geografisk avstand mellom barnehagene i piloten.

Vi viser forøvrig til ADMU sitt vedtak tidligere i dag.

Orientering v/ kommunalsjef Runa Nybakk.

Votering

Oppvekst- og kulturutvalet sitt forslag til vedtak samrøystes vedtatt.

OPKUV- 031/23 Vedtak:


Kommunedirektør må belyse saka bedre før behandling i kommunestyret.

Punkter for ny vurdering: - utvide antall barnehager i piloten - geografisk avstand mellom barnehagene i piloten.

Vi viser forøvrig til ADMU sitt vedtak tidligere i dag.

Vedlegg i saken:

Oppfølging av vedtak - Oppretting av vikarpool i barnehage



Saksnr.	Utval	Møtedato
046/23	Plan-, miljø og næringsutvalet	30.05.2023
093/23	Kommunestyret	12.06.2023

Lokal forskrift om tømning av slamanlegg - Eigengodkjenning av revidert forskrift

KOST- 093/23 Vedtak:

Saka vert sendt tilbake til administrasjonen for å greie ut dei forholda som vart problematisert i kommunestyret og ev. justere forskrifta for å gjere den meir hensiktsmessig.

Vedtak som innstilling frå Plan-, miljø og næringsutvalet - 30.05.2023

Kinn kommunestyre eigengodkjenner revidert lokal «Forskrift om tømning av slamanlegg».

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommunestyre eigengodkjenner revidert lokal «Forskrift om tømning av slamanlegg»

Bakgrunn for saka:

Plan-, miljø og næringsutvalet vedtok 21. mars i sak 20/23 å legge revidert lokal «forskrift om tømning av slamanlegg» ut til offentleg ettersyn.

Høyring vart gjennomført i perioden 22. mars til 19. april.

Det er ikkje motteke merknader, og forskrifta kan soleis eigengodkjennast.

Saksopplysningar:

Kinn kommunestyre vedtok 20. april 2020 «Forskrift om tømning av slamanlegg»

Basert på erfaring frå handheving av forskrifta, vurderer kommunedirektøren det slik at forskrifta bør reviderast. Revidering av forskrift starta opp i våren 2022.

PMNUV sendte revidert forskrift på høyring 1. mars 2022 i sak 16/22. Under denne høyringsrunden kom det ingen merknader. Forslaget til ny forskrift som på dette tidspunkt lå føre, kom aldri så langt som til endeleg godkjenning.

Administrasjonen har etter ein ny gjennomgang, tatt inn ytterligare presiseringar i forslag til forskrift. Det er med bakgrunn i desse presiseringane behov for ei ny høyringsrunde, før ny forskrift kan eigengodkjennast.

Forskrifta har som mål å sikre miljømessig, økonomisk og helsemessig forsvarleg oppsamling, innsamling, transport og sluttbehandling av slam frå slamanlegg i Kinn

kommune.

Framlegg til revidert slamforskrift er utarbeidd av Kinn kommune. Målsetjinga med arbeidet har vore å lage ei forskrift som er rettferdig, tydeleg og fleksibel.

Rettferdig: Gebyra skal spegle dei ulike brukargruppene sitt kostnadsnivå på best mogleg måte.

Tydeleg: Forskrifta skal vere lett å lese og handheve med klart og forståeleg språk utan uklare, eller vanskelege, formuleringar.

Fleksibel: Forskrifta viser til årlege kommunestyrevedtak for gebyra sin storleik og utforming.

I den reviderte forskrifta er det lagt vekt på tydeleggjering av særleg §§ 2-2, 2-3 og 2-5.

Kommunedirektøren ser at særleg **§ 2-2 Tilkomst/hindringar** må presiseres betre. Noverande gjeldande forskrift opnar i for stor grad til tolkning. I samarbeid med renovatørselskap er dette avsnittet omarbeid. Gjeldande tekst og ny tekst gjengitt under.

Gjeldande § 2-2.Tilkomst/hindringar

Det må være køyrbar tilkomstveg fram til maksimalt 50 meter frå slamanlegget. Som køyrbar tilkomstveg reknast i dette tilfelle veg som er framkomeleg og har breidde og styrke til å tole eit slamkøyretøy. Vegen må ha ei fri høgd på minst 4 meter. Tilkomstvegen skal ha snuplass og dessutan kurvatur og stigingsforhold for å kunne betene slamkøyretøyet.

Heile anlegget må kunne verte tømt frå same oppstillingsplass, og botntank kan vere maksimum 6 meter lågare enn høgste terrengpunkt mellom botntank og oppstillingsplass.

For anlegg som må tømmast med båt skal anlegget ha fortøyningspunkt(er), bryggje og andre naudsynte fasilitetar i tilstrekkeleg nærheit til at tømning kan utførast på ein trygg måte frå båt som renovatøren nyttar.

Anlegg som etter oppsette tømmeplan ikkje kan betenast med slamkøyretøy, på grunn av tilkomstvegens tilstand, kan verte betent med tilpassa utstyr – for eksempel traktor. Kommunen bestemmer kva for eigedomar som må betenast med slikt utstyr. Kommunen kan også påleggje at abonnenten syter for at slammet vert frakta bort/disponert på ein helse- og miljømessig god måte. Slamhandteringa skal godkjennast av kommunen.

Kinn kommune eller renovatør har ikkje ansvar for skade på og vedlikehald av privat veg og plass, med mindre det kan påvisast aktlausheit.

Ny § 2-2.Tilkomst/hindringar

Det må vere køyrbar tilkomstveg fram til maksimalt 50 meter frå slamanlegget. Som køyrbar tilkomstveg reknast i dette tilfelle veg som er framkomeleg, og som påvisast har breidde og styrke til å tole eit slamkøyretøy. Vegen må ha ei fri høgd på minst 4 meter. Tilkomstvegen skal ha snuplass med kurvatur og stigingsforhold for å kunne betene slamkøyretøyet. Dersom tilkomstvegen ikkje ligg på eigen grunn, må det sikrast tinglyst rett til å nytte denne i samband med tømning.

Heile anlegget må kunne verte tømt frå same oppstillingsplass, og botntank kan vere maksimum 6 meter lågare enn høgste terrengpunkt mellom botntank og oppstillingsplass.

For tømning i øyane der ein baserer seg på slamtømming frå fartøy/farkost, må det

etablerast fortøyingspullert eller fast kai som er eigna til fortøyning av eigna fartøy. Djupna på tilflot ved kai må vere minst 3 meter ved fjære sjø. Slamavskiljaren skal plasserast i maksimal avstand til kai på 50 meter. Dersom fortøyingspunktet ikkje ligg på eigen grunn, må det sikrast tinglyst rett til å nytte denne i samband med tømning.

Kinn kommune eller renovatør har ikkje ansvar for skade eller vedlikehald på eigedom eller slamanlegg, med mindre ein kan påvise at ein har vore aktlaus.

For alle tømmeåtar gjelder at renovatørens sikkerheit (HMS) skal ivaretakast under utføring av arbeid.

Dersom anlegg ikkje kan tømmast i samsvar med reglane ovanfor, må det opprettast ei tilrettelegging for alternativ avløpsløyse som ikkje krev tømning. Kommunen kan ikkje godkjenne anlegg som ikkje er i samsvar med reglane ovanfor.

Anlegg som etter oppsette tømmeplan ikkje kan betenast med slamkøyretøy, på grunn av tilkomstvegens tilstand, kan tømmast med tilpassa utstyr – for eksempel traktor. Kommunen bestemmer kva for eigedomar som må betenast med tilpassa utstyr, som slamrenovatør disponerer.

Andre presiseringar som er tatt inn i revidert forskrift:

§ 1-2.Verkeområde

Nytt fjerde avsnitt: «Tette tankar skal kun nyttast i kombinasjon med vakuumtoalett»

§ 2-3.Tilgjengelegheit til anlegget

Revidering tredje avsnitt til: «Det er abonnenten si plikt å syte for at tømning blir utført i samsvar med oppsett tømmeplan og varsel om tømning. Tømning utanom fastsett tømmeplan vert rekna som ekstratømning, og vert fakturert deretter.»

§ 2-5.Tømmefrekvens

Dei første fem avsnitta skal lyde:

«Slamavskiljarane på heilårsbustad skal tømmast minimum ein gong kvart 2. år.»

«Større fellestankar har eigne fastsette tømmefrekvensar basert på behov og dimensjonering, men ikkje sjeldnare enn kvart 2. år.»

«Eksisterande tette tankar og minireinseanlegg skal tømmast minimum 1. gang kvart år.»

«For fritidsbustader/hytter skal det tømmast kvart 4. år eller hyppigare dersom nødvendig.»

«Der tømmefrekvensen er fastlagt ved utsleppsløyve vert denne lagt til grunn. I spesielle tilfelle kan kommunen bestemme ein annan tømmefrekvens. Tømmetidspunkt vert fastsett i Kinn kommune sin tømmeplan og er tilgjengeleg på kommunen sine heimesider.»

3 nye avsnitt leggst til:

«Abonnenten skal føre tilsyn med slamanlegget og melde frå til kommunen ved behov for hyppigare tømning.»

«Kinn kommune kan for einskilte anlegg tillate/krevje andre tømmefrekvensar. Dersom utsleppstillating krev hyppigare tømning, må tillatinga følgjast.»

«Ekstratømningar utanfor fastsett tømmeplan, eller utanfor tilpassa tømning for tette tankar, vert utført av Kinn kommune etter førespurnad. Abonnenten varslar då

kommunen som vil utføre slik tømning innan 14 dagar. For slik tømning må det betalast ekstra gebyr.»

Vurderingar:

Kommunedirektøren sin vurdering er at den noverande slamforskrifta er for upresis på einskilde område, som igjen gjer håndheving utfordrande. Med dei rettingar som foreslås i den revderte forskrifta, vil kommunen ha eit vesentleg betre grunnlag for oppfølging.

Kommunedirektøren presiserer at tømmefrekvens på slamavskiljarar knytt til heilårsbustad og fritidsbustad er sett til minimum kvart 2. og 4. år i samsvar med forureiningsforskrifta. Skjeldnare tømning vil vere i strid med sentrale forskrifter.

Økonomiske konsekvensar:

Slamgebyra i Kinn kommune byggjer på sjølvkostprinsippet, det vil seie at kostnadane med å tilverke tenestene skal dekkjast inn gjennom dei gebyra som abonnentane betalar. Sjølvkostprinsippet er lovheimla i forurensingsloven med tilhøyrande forskrift, der det går fram at kommunane skal dekkje inn 100 % av sine kostnader til slamtømming gjennom gebyr.

Nivå på slike gebyr blir ikkje bestemt i denne saka, men i kommunen si årlege handsaming av kommunale avgifter og gebyr i samband med budsjetthandsaminga.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Forureiningslova med tilhøyrande forskrift

Behandling i Kommunestyret 12.06.2023:

Forslag frå Raudt, Geir Oldeide, foreslått av Geir Ole Oldeide, Kinn Rødt

Følgande ny paragraf skal inn i forskrifta:

Innbyggjarar som har godkjende slamanlegg skal ikkje påleggast tilkopling til kommunale fellesanlegg med mindre det fører til vesentlege miljøgevinstar.

Forslag til vedtak:, foreslått av Jacob André Telvik Nødseth, Kinn Venstre

Saka vert sendt tilbake til administrasjonen for å greie ut dei forholda som vart problematisert i kommunestyret og ev. justere forskrifta for å gjere den meir hensiktsmessig.

Røysting:

Forslag frå Nødseth vedtatt mot to røyster frå Teigen og Nydal.

KOST- 093/23 Vedtak:

Saka vert sendt tilbake til administrasjonen for å greie ut dei forholda som vart problematisert i kommunestyret og ev. justere forskrifta for å gjere den meir hensiktsmessig.

Behandling i Plan-, miljø og næringsutvalet 30.05.2023:

Røysting:


Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

PMNUV- 046/23 Vedtak:

Kinn kommunestyre eigengodkjenner revidert lokal «Forskrift om tømning av slamanlegg».

Vedlegg i saken:

Forskrift om tømning av slamanlegg - revidert mars 2023



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
050/23	Plan-, miljø og næringsutvalet	30.05.2023
094/23	Kommunestyret	12.06.2023

Kommunale forvaltningsmål for hjort 2023-2027

KOST- 094/23 Vedtak:

Kinn kommune vedtek vedlagde kommunale måldokument for forvaltninga av hjort for perioden 2023-2027, der følgande er sett som hovudmål: Hjorten er ein viktig utmarksressurs i Kinn kommune og bestanden skal forvaltast slik at det sikrar grunnlaget for ei langsiktig og stabil hausting av hjort som ein ressurs for jakt, naturopplevingar, matproduksjon og næringsutvikling. Dette utan at konfliktnivået i høve nærings- og andre samfunnsinteresser vert for stort. Forvaltninga skal og sikre bestandar med sunne og friske dyr i god kondisjon utifrå dyra sin eigenverdi.

Vedtak som innstilling frå Plan-, miljø og næringsutvalet - 30.05.2023

Kinn kommune vedtek vedlagde kommunale måldokument for forvaltninga av hjort for perioden 2023-2027, der følgande er sett som hovudmål: Hjorten er ein viktig utmarksressurs i Kinn kommune og bestanden skal forvaltast slik at det sikrar grunnlaget for ei langsiktig og stabil hausting av hjort som ein ressurs for jakt, naturopplevingar, matproduksjon og næringsutvikling. Dette utan at konfliktnivået i høve nærings- og andre samfunnsinteresser vert for stort. Forvaltninga skal og sikre bestandar med sunne og friske dyr i god kondisjon utifrå dyra sin eigenverdi.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommune vedtek vedlagde kommunale måldokument for forvaltninga av hjort for perioden 2023-2027, der følgande er sett som hovudmål: Hjorten er ein viktig utmarksressurs i Kinn kommune og bestanden skal forvaltast slik at det sikrar grunnlaget for ei langsiktig og stabil hausting av hjort som ein ressurs for jakt, naturopplevingar, matproduksjon og næringsutvikling. Dette utan at konfliktnivået i høve nærings- og andre samfunnsinteresser vert for stort. Forvaltninga skal og sikre bestandar med sunne og friske dyr i god kondisjon utifrå dyra sin eigenverdi.

Bakgrunn for saka:

Kinn kommune har mangla kommunale mål for hjorteforvaltninga og har så langt styrt etter planar frå tidlegare Vågsøy og Flora kommune. Med dette måldokumentet har ein utarbeidd nye mål for hjorteforvaltninga i Kinn.

Saksopplysningar:

Kommunane har hovedansvaret for den offentlege forvaltninga av hjorteviltet. I tillegg til å bidra til å take vare på bestandane og deira leveområder, har kommunane eit stort ansvar for offentlege interesser knytt til hjortevilt, blant annet opplevingsverdiar,

biologisk mangfald, beiteskadar og trafikkproblem.

Formålet med denne forvaltningsplanen er å gje ei oversikt over korleis utviklinga i hjortebestanden i kommunen har vært og kva utfordringer ein har i den framtidige forvaltninga. Planen viser målsetningane for hjorteforvaltninga i kommunen, og den er samstundes eit styringsverktøy som skal gjere at desse målsettingane vert nådd.

Vurderingar:

Hjortestamma i Kinn kommune har vore i vekst over lang tid og er stor og livskraftig. Hjorten døyr stort sett av jakt. Høg tettleik har medført at stammen over tid har fått redusert kondisjon med låge kalvevektar og låg fruktbarheit. Dette har mange årsaker, mellom anna auka parasittbelastning, konkurranse om beiter, skeiv kjønnsfordeling, med meir. Av dyrevelferdsmessige forhold må ein stogge denne utviklinga. I tillegg vil store bestandar av hjort kunne ha negativ verknad på naturmangfaldet. Funn av den smittsame og dødelege sjukdomen skrantesjuke (CWD) på villrein har medført statlege pålegg om å halvvere bestandane av hjortevilt rundt reinområda kring Hardangervidda. Dette understrekar kor viktig det er at hjorteviltbestandane ikkje vert for store dersom smitten skal spreie seg.

Som for dei fleste kommunar i Vestland er kjønnsfordelinga i hjortebestanden skeiv og det er låg andel vaksen bukk i bestanden, sjølv om situasjonen er noko betra siste tiår. Høgt jakttrykk på hjortebukkar og låg andel vaksne bukkar (6 år og eldre) medfører at viktige økologiske prosessar i samband med brunsten, som konkurranse om paringar og synkronisering og tidleg egglysing hjå koller ved brunstadferd frå mange storbukkar, er forstyrta. Dette er uheldig. Fleire av målsettingane i denne forvaltningsplanen er sette for å motverke dei negative effektane av tidlegare tiders jaktavskyting og for å få ein ein hjortebestand som vert likare «naturlege bestandar». Naturlege bestandar er kjenneteikna av lågare bestandstettleik, store og produktive dyr, balansert kjønnsamansetning og at dødelgheita er størst blant kalv, ungdyr og gamle dyr. Ideelt sett skal jakta etterlikne dette.

Hjorten er ein fantastisk ressurs som skal forvaltast klokt i Kinn kommune. Potensialet for å utvikle verdikjeder basert på hjorten i form av kjøtressursar og naturopplevingar bør realiserast gjennom samarbeid mellom kommunen, grunneigarar og lokale og regionale aktørar. Eit robust grunnlaget for dette vil vere ei fagleg forankra forvaltning av hjortestammen.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen. Grunneigarane betalar fellingsavgift for kvart hjorteløyve der inntekta går til Viltfondet. Dette fondet finansirer mellom anna ettersøk etter trafikkskadd vilt, kurs og skadeførebyggjande tiltak.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Viltloven. Formålsparagrafen seier:

§ 1. Viltet og viltets leveområder skal forvaltes i samsvar med naturmangfoldloven og slik at naturens produktivitet og artsrikdom bevares. Innenfor denne ramme kan viltproduksjonen høstes til gode for landbruksnæring og friluftsliv.

Behandling i Kommunestyret 12.06.2023:

Røysting:

Innstilling frå Plan-, miljø og næringsutvalet samrøystes vedtatt.

KOST- 094/23 Vedtak:

Kinn kommune vedtek vedlagde kommunale måldokument for forvaltninga av hjort for

perioden 2023-2027, der følgande er sett som hovudmål: Hjorten er ein viktig utmarksressurs i Kinn kommune og bestanden skal forvaltast slik at det sikrar grunnlaget for ei langsiktig og stabil hausting av hjort som ein ressurs for jakt, naturopplevingar, matproduksjon og næringsutvikling. Dette utan at konfliktnivået i høve nærings- og andre samfunnsinteresser vert for stort. Forvaltninga skal og sikre bestandar med sunne og friske dyr i god kondisjon utifrå dyra sin eigenverdi.

Behandling i Plan-, miljø og næringsutvalet 30.05.2023:

Orientering v/ plansjef Jon Anders Stavang.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.


PMNUV- 050/23 Vedtak:

Kinn kommune vedtek vedlagde kommunale måldokument for forvaltninga av hjort for perioden 2023-2027, der følgande er sett som hovudmål: Hjorten er ein viktig utmarksressurs i Kinn kommune og bestanden skal forvaltast slik at det sikrar grunnlaget for ei langsiktig og stabil hausting av hjort som ein ressurs for jakt, naturopplevingar, matproduksjon og næringsutvikling. Dette utan at konfliktnivået i høve nærings- og andre samfunnsinteresser vert for stort. Forvaltninga skal og sikre bestandar med sunne og friske dyr i god kondisjon utifrå dyra sin eigenverdi.

Vedlegg i saken:

Framlegg Kinn kommunale viltmål 2023-2027

Oppsummeringsrapport frå Overvakingsprogrammet for hjortevilt 1991-2021



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
049/23	Plan-, miljø og næringsutvalet	30.05.2023
095/23	Kommunestyret	12.06.2023

Interkommunalt samarbeid innanfor byggesak og forureiining i Nordfjord og Sunnfjord

KOST- 095/23 Vedtak:

Kommunestyret i Kinn kommune gjer følgjande vedtak:

1. Kommunestyret vedtar vertskommuneavtale for tilsyn med spreidde avløp og byggesak. Gloppen vert vertskommune for tilsynet
2. Kostnadsfordelinga mellom kommunane skal vere basert på ein 30/70-modell, der 30 % av kostnadene vert fordelt likt mellom deltakarkommunane, og dei resterande 70 % vert fordelt etter:
 - a. talet på registrerte spreidde avløp pr. 1. juli i året før budsjettåret for kostnader knytt til tilsyn med spreidde avløp, og
 - b. talet på innbyggjarar i kommunane ved siste årsskifte for kostnader knytt til tilsyn med byggesak

Vedtak som innstilling frå Plan-, miljø og næringsutvalet - 30.05.2023

Kommunestyret i Kinn kommune gjer følgjande vedtak:

1. Kommunestyret vedtar vertskommuneavtale for tilsyn med spreidde avløp og byggesak. Gloppen vert vertskommune for tilsynet
2. Kostnadsfordelinga mellom kommunane skal vere basert på ein 30/70-modell, der 30 % av kostnadene vert fordelt likt mellom deltakarkommunane, og dei resterande 70 % vert fordelt etter:
 - a. talet på registrerte spreidde avløp pr. 1. juli i året før budsjettåret for kostnader knytt til tilsyn med spreidde avløp, og
 - b. talet på innbyggjarar i kommunane ved siste årsskifte for kostnader knytt til tilsyn med byggesak

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Kinn kommune gjer følgjande vedtak:

1. Kommunestyret vedtar vertskommuneavtale for tilsyn med spreidde avløp og byggesak. Gloppen vert vertskommune for tilsynet
2. Kostnadsfordelinga mellom kommunane skal vere basert på ein 30/70-modell, der 30 % av kostnadene vert fordelt likt mellom deltakarkommunane, og dei resterande 70 % vert fordelt etter:
 - a. talet på registrerte spreidde avløp pr. 1. juli i året før budsjettåret for kostnader knytt til tilsyn med spreidde avløp, og
 - b. talet på innbyggjarar i kommunane ved siste årsskifte for kostnader knytt til tilsyn med byggesak

Bakgrunn for saka:

Kommunestyra i Nordfjordkommunane har tidlegare gjort følgjande likelydande vedtak:

Kommunestyret tek saka til vitande, og ber kommunedirektøren utgreie vertskommunesamarbeid for tilsyn med spreidde avløp og tilsyn byggesak i samsvar med den vedlagte tiltaks- og tidsplanen. Kommunedirektøren legg til grunn at kapasiteten, oppgåvene og økonomi i eit vertskommune-samarbeid, vert tilpassa tal på kommunar som vel å vere med i vertskommunesamarbeidet. Kommunestyra i Bremanger, Gloppen, Stad, Kinn og Stryn inngår ved handsaminga av denne saka, vertskommuneavtale om etablering av eit eige tilsyn som skal følgje opp spreidde avløp og byggesaker i dei 5 kommunane. Kommunedirektøren i Kinn deltek allerie i det administrative nettverket innanfor dette området. Kommunedirektøren meiner det vil vere ein fordel for Kinn å delta i eit slit samarbeid, og tilrår difor at Kinn blir ei del av dette vertskommunesamarbeidet. Det er viktig at samarbeidet opnar for at Sunnfjord kan tiltre samarbeidet dersom kommunestyret gjer vedtak om dette på eit seinare tidspunkt. Sunnfjord si deltaking vil styrke dette samarbeidet.

Gloppen kommune vert vertskommune for tilsynet, og det vert lagt til grunn at tilsynet skal vere etablert 1. januar 2024. Framlegg til vertskommuneavtale følgjer som vedlegg til saka.

Dei andre kommunane i samarbeidet må vedta nye forskrifter. Kinn sine vedtekne forskrifter er utforma slik at dei kan nyttast som grunnlag for samarbeidet.

Tilsyn med spreidde avløp og byggesak er allereie gebyrfinansiert i Kinn. Evt. Behov for justering av gebyrregulativa vil bli vurdert i samband med handsaming og vedtak av økonomiplan for 2024 og framover.

Saksopplysningar:**Saksutgreiing**

Etter ureiningslova av 13. mars 1981, er kommunane gitt mynde og plikter i ureiningssaker. Med heimel i ureiningsforskrifta av 1. juni 2004 kap. 12, jf. ureiningslova § 9 mv., har kommunane fått delegert oppgåver og mynde til å føre tilsyn med utslepp av sanitært avløpsvatn frå bustadhus, hytter, turistverksemder og andre verksemder med utslepp som er mindre enn 50 pe (person-ekvivalentar).

I samsvar med plan- og bygningsloven § 25-1 2. ledd, skal kommunen føre tilsyn i slikt omfang at det kan avdekke regelbrot. Av byggesaksforskrifta 2 (SAK10) § 15-1, går det fram at kommunen skal utarbeide ein strategi for tilsyn. Denne skal innehalde målsetting, organisering, utveljing og prioriteringar, samt rapporteringsrutinar. Vidare skal kommunen etter plan- og bygningsloven § 32-1, følgje opp brot av reglar gitt i – eller i medhald av, lova. Kommunen har plikt til å føre tilsyn med at tiltak blir gjennomført i samsvar med utferda løyve og gjeldande reglar. Kommunane skal også sjå til at ansvarlege føretak er kvalifiserte. Tilsynsplikta følgjer av § 25-1, og er nærare presisert i § 25-2. Kommunen skal føre tilsyn i eit slikt omfang at det kan avdekke regelbrot.

For at kommunane skal verte i stand til å ivareta dei oppgåvene og myndet som er delegert til dei gjennom lovverket, har det våren 2023 blitt utgreidd eit mogleg vertskommunesamarbeid etter kommunelova § 20-2.

Kommunestyra i Bremanger, Gloppen, Stad og Stryn har tidlegare hatt eiga orienteringssak til handsaming, og gjort likelydande vedtak om utgreiing av eit vertskommunesamarbeid. Kommunane Sunnfjord og Kinn har allereie etablert eigne tilsyn med spreidde avløp, men har – frå administrativt hald, bedt om høve til å kome inn i eit samarbeid med kommunane i Nordfjord då dette venteleg vil gje dei høve til å delta i eit større fagmiljø, høve til spesialisering og auka tilsynskapasitet.

Tilsyn spreidde avløp

Utslepp frå mindre avløpsanlegg er i mange område ei stor kjelde til ureining av vatn, elvar og myrar. Hovudmålet i EU sitt vassdirektiv er at alle vassførekomstar minimum skal ha miljøtilstanden «god». Kommunen er ureiningsmynde, og dermed plikta til å overvake miljøtilstanden, og om naudsynt sette i verk tiltak for miljøforbetring i dei lokale vassdraga.

Opprydding i mindre avløpsanlegg er eit viktig tiltak for å nå målet i EU sitt vassdirektiv. Klima- og miljødepartementet har laga nasjonale føringar om at alle avløpsanlegg i kvar kommune skal oppfylle ureiningsforskrifta sine reinsekrav slik at vi kan nå miljømålet innan 2027, og seinast innan 2033. For å nå dei nasjonale målsetningane, må kommunane prioritere tilsynsarbeidet med mindre avløps-anlegg.

Å skaffe seg oversikt over tilstanden i dei mindre avløpsanlegga og starte eit systematisk tilsynsarbeid, vil i dei aller fleste kommunane vere eit omfattande arbeid som krev kompetanse, ressursar og ein heilskapleg plan for oppfølging. Fleire kommunar har starta arbeidet med opprydding og tilsyn av mindre avløpsanlegg. Kinn er av dei kommunane som i fleire år har arbeid godt med dette. Tilsyn er eit viktig verkemiddel i kartleggingsarbeidet av status på dei private anlegga i kommunen.

For å finansiere arbeidet, må kommunen vedta å innføre gebyr for tilsyn og naudsynt utbetring av mindre avløpsanlegg. Gebyrstorleiken skal settast ut frå kostnadene kommunen har med å gjennomføre tilsyna, og kostnadene knytt til avbøtande tiltak for å hindre ureining frå private avløpsanlegg. Innkreving av tilsynsgebyr skal vere basert på sjølvkost. Kommunestyret i Kinn tidlegare vedteke slik forskrift. Det vert lagt til grunn at alle eigedomar som har eit privat avløpsanlegg, skal betale dette gebyret.

Aktuelle arbeidsoppgåver knytt til tilsyn med mindre avløpsanlegg er:

- Kartlegge status og følgje opp med tilsyn av mindre avløpsanlegg
- Få oversikt over ureiningssituasjonen i vassdrag i kommunen
- Gjennomgang av skriftleg dokumentasjon og utferde løyva til anlegga
- Gjennomføre fysisk tilsyn av anlegga
- Få oversikt over anlegg som ikkje har reinsing i dag. Der er fleire døme på anlegg som har utslepp rett til sjø utan kommunal eller privat reinsing
- Kontroll av avviksmeldingar frå NOMIL/Norva24/andre, og følgje opp med pålegg om utbetring av avvik der dette er aktuelt
- Utarbeide handlingsplan for opprydding av avløpsanlegg frå spreidd busetnad
- Lage strategi for å få oversikt over og kontroll med spreidde avløp i kommunen

- Utarbeide ei prioritering av ulike tiltak som må gjennomførast
- Vurdere krav om tilkopling til kommunalt avløpsnett der dette er aktuelt
- Sende ut og følgje opp pålegg om oppgradering av eldre anlegg som ikkje tilfredsstiller noverande reinsekrav

Andre aktuelle oppgåver:

- Opplæring av personell som arbeider med avløp
- Følgje opp akutte ureiningssaker (avløp)
- Arrangere informasjonskampanjar om regelverket for avløp. Mange kjenner ikkje til krava om vert stilt til avløpsanlegg, eller at ein må søke om å sleppe ut avløpsvatn

Kostnadene knytt til drifta av tilsyn med spreidde avløp skal fordelast mellom kommunane etter ein 30/70-modell, der 30 % av dei samla kostnadene skal fordelast likt mellom deltakarkommunane og 70 % av dei samla kostnadene skal fordelast etter talet på registrerte avløp i deltakarkommunane.

Tilsyn Byggesak – oppfølging av ulovlige tiltak (ulovlegoppfølging)

Handsaming av byggesaker har som formål å sikre at byggetiltak vert utført i samsvar med lov, forskrift og planvedtak. Videre skal lova sikre at det einskilde byggetiltaket blir utført på ein forsvarleg måte. Plan- og bygningslova legg ansvaret for oppfølging av krava knytt til dokumentasjon og teknisk utføring til tiltakshavar og ansvarlege aktørar i ei byggesak.

Byggesakshandsaminga er basert på tillit mellom kommunen som mynde og aktørane. Plan og forvaltning si rolle i handsaming av søknadar er kontroll av at saka er tilstrekkeleg opplyst i samsvar med forvaltningslova § 17, og å sjå til at alle ansvarsområde og ansvarsrettar, jf. pbl. § 21-4, er på plass.

For å nå sentrale målsettingar om forsvarleg utføring og kvalitet i bygg, er det viktig å følge opp at aktørar arbeider systematisk med kvalitetssikring i lys av dei krava og løyva som følgjer av lovverket. Kommunen sitt arbeid med tilsyn og ulovlegoppfølging er naudsynt for å kunne avdekke og følgje opp eventuelle feil i byggetiltak, og ulovlege forhold i byggesaker og på eksisterande byggverk. Det er viktig for innbyggjarane sin tillit til kommunen som mynde, at vesentlege avvik knytt til byggesaker vert følgd opp og utbetra. Det er også av stor interesse for tilliten til offentlege mynde at ulovlege tiltak vert følgd opp (ulovlegoppfølging) og retta, slik at byggesakshandsaminga ikkje taper legitimitet.

Overordna målseting for tilsyn og ulovlege tiltak:

- Medverke til å sikre god kvalitet på bygg, og at tiltak vert gjennomført i samsvar med gitte løyve og gjeldande reglar
- Medverke til å skape haldningar til god byggeskikk og god kvalitet i bygg
- Styrke respekten for regelverket og at regelverket vert følgt i byggesaker

Tilsyn og ulovlegoppfølging finansierast gjennom byggesaksgebyret som følgjer av kommune sitt gebyrregulativ etter sjølvkostforskrifta. Det økonomiske handlingsrommet for sanksjonar med tvangsmulkt og lovbrøtgebyr, dekkjer i mindre grad ressursbruken.

Det vert førebels lagt til grunn at kostnadene knytt til drifta av tilsyn med byggesak skal fordelast mellom kommunane etter ein 30/70-modell, der 30 % av dei samla kostnadene skal fordelast likt mellom deltakarkommunane og 70 % av dei samla kostnadene skal fordelast etter talet på innbyggjarar i deltakarkommunane ved siste årsskifte.

Tilsynsrapportar skal utarbeidast etter kvart tilsyn i samsvar med byggesaksforskrifta § 15-2, og arkiverast i den einskilde tilsynssaka. Det skal utarbeidast ein årleg rapport for eininga sin aktivitet innan utgangen av kvart år. Talet på rapporterte og avslutta ulovlegsaker skal rapporterast saman med talet på opna og avslutta tilsyn.

Det skal utarbeidast ein strategiplan for tilsynsverksemda, og denne skal reviderast kvart år. Det bør vere eit overordna mål å gjennomføre tilsyn med minst 10 % av byggesakene deltakarkommunane i vertskommunesamarbeidet. Strategiplanen for tilsyn med spreidde avløp og tilsyn med byggesak skal prioritere korleis tilsynsfunksjonen skal arbeide.

Oppretting av ny teneste

Det skal vere eit skilje mellom tilsyn etter forureiningslova og plan og bygningslova. I Kinn har vi på plass eit slikt skilje. Dei andre Nordfjordkommunane må gjer ei endring av si organisering for å få dette på plass. Eit slikt skilje gjer det lettare å kontrollere at ein held seg innanfor det handlingsrommet som sjølvkostprinsippet gjev enn dersom ureinings- og bygge-/delesaker vert inntekts- og utgiftsført som ei felles teneste.

Økonomiske konsekvensar for kommunen

Etablering av eit tilsynsorgan som skal følgje opp ureiningssaker etter ureiningslova, og eit tilsynsorgan som skal følgje opp byggesaker og ulovlegsaker etter plan og bygningslova, vil bli finansiert gjennom innføring av gebyr. Eige gebyrregulativ skal vedtakast årleg i samband med budsjetthandsaminga i medlemskommunane.

Kostnadene ved drifta av tilsyn for spreidde avløp og byggesak skal fordelast mellom kommunane etter ein 30/70-modell. Dette inneber at 30 % av kostnadene fordelast likt mellom medlemskommunane, og at 70 % av kostnadene vert fordelt etter forventa aktivitet i kommunen; byggesak etter folketal og forureinings etter tal avløpsanlegg for fell inn under ordninga i kommunen.

Gebyrstorleiken skal sikre at vertskommunen og deltakarkommunane får dekt alle kostnadene knytt til drifta av tilsynet.

Det ligg til grunn at nivået på dei aktuelle gebyra ikkje blir endre på grunn av dette samarbeidet.

Kommunedirektøren si vurdering

Kommunane har fått delegert mynde etter ureiningslova til å følgje opp ureiningssaker. I kommunar med spreidd busetnad, er avløp frå hytter og hus ei viktig kjelde til ureining både til sjø og vassdrag. Kommunane Stryn, Gloppen, Stad og Bremanger har i den noverande situasjonen verken naudsynt kapasitet eller ressursar til å følgje opp det myndet som er delegert til oss. Kommunane har heller ikkje ein strategisk plan for gjennomføring av tilsyn. Kinn har naudsynt kapasitet til å følgje opp etter forurensningslova. Vi har og tilsette med ansvar for oppfølging etter plan og bygningslova, men her har vi etterslep på oppfølging av tilsyn,- og ulovligheitssaker.

Gjennomføring av tilsyn i samsvar med ureiningslova og plan- og bygningslova, krev at kommunane har ein overordna strategi for gjennomføring av tilsynet

innan dei ulike fagområda. Tilsyn krev også at ein har relevant kompetanse på plass. I slike saker inneber dette både juridiske kompetanse og relevant fagkompetanse innan bygg og VA.

For at kommunane skal kunne ta dette ansvaret framover, er det mest teneleg å samarbeide om både planar og kompetanse. Eit samarbeid sikrar eit større fagmiljø som ivaretek kompetanse, kvalitet og rekruttering til tenesta. Eit større fagmiljø vil også evne å gje ei fagleg betre teneste som sikrar heilskapleg satsing, lik handsaming og tryggare tenester for innbyggjarane.

Kommunedirektøren meiner at etableringa av eit vertskommunesamarbeid mellom Bremanger, Gloppen, Stad, Stryn og Kinn vil vere den mest tenelege løysinga for kommunen. Dette vil styrke kommunen sitt arbeid innanfor desse felta.

Dersom ein eller fleire av kommunane skulle avstå frå å delta i vertskommunesamarbeidet, meiner kommunedirektøren at ein – uavhengig av dette, må etablere samarbeidet mellom dei kommunane som ønskjer det. Kommunedirektøren har utfordra Sunnfjord kommune til å delta i samarbeidet. To større kommunar inn i samarbeidet vil vere positivt for. Da dette vil sikre eit større fagmiljø og gje betre kontinuitet i arbeidet. Skriv her»

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Plan og bygningslova. Forureiningslova og kommunelova.

Behandling i Kommunestyret 12.06.2023:

Røysting:

Innstilling frå plan-, miljø og næringsutvalet vedtatt mot 8 røyster (4 R, 2 V v/ Eliasson og Iversen, 2 SP v/ Midtbø og T. Eikevik).

KOST- 095/23 Vedtak:

Kommunestyret i Kinn kommune gjer følgjande vedtak:

1. Kommunestyret vedtar vertskommuneavtale for tilsyn med spreidde avløp og byggesak. Gloppen vert vertskommune for tilsynet
2. Kostnadsfordelinga mellom kommunane skal vere basert på ein 30/70-modell, der 30 % av kostnadene vert fordelt likt mellom deltakarkommunane, og dei resterande 70 % vert fordelt etter:
 - a. talet på registrerte spreidde avløp pr. 1. juli i året før budsjettåret for kostnader knytt til tilsyn med spreidde avløp, og
 - b. talet på innbyggjarar i kommunane ved siste årsskifte for kostnader knytt til tilsyn med byggesak

Behandling i Plan-, miljø og næringsutvalet 30.05.2023:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.


PMNUV- 049/23 Vedtak:

Kommunestyret i Kinn kommune gjer følgjande vedtak:

1. Kommunestyret vedtar vertskommuneavtale for tilsyn med spreidde avløp og byggesak. Gloppen vert vertskommune for tilsynet
2. Kostnadsfordelinga mellom kommunane skal vere basert på ein 30/70-modell, der 30 % av kostnadene vert fordelt likt mellom deltakarkommunane, og dei resterande 70 % vert fordelt etter:
 - a. talet på registrerte spreidde avløp pr. 1. juli i året før budsjettåret for kostnader knytt til tilsyn med spreidde avløp, og
 - b. talet på innbyggjarar i kommunane ved siste årsskifte for kostnader knytt til tilsyn med byggesak

Vedlegg i saken:

Vertskommuneavtale - Tilsyn med spreidde avløp og byggesak



Saksnr.	Utval	Møtedato
023/23	Helse-, sosial og omsorgsutvalet	30.05.2023
035/23	Oppvekst- og kulturutvalet	30.05.2023
096/23	Kommunestyret	12.06.2023

Tilstandsrapport 2022 - Kinn barnevern

KOST- 096/23 Vedtak:

Kommunestyret tek orienteringa om Kinn barnevern sin tilstandsrapport for 2022 til vitande.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Oppvekst og kulturutvalet og Helse-, sosial og omsorgsutvalet tek orienteringa om Kinn barnevern sin tilstandsrapport for 2022 til vitande.

Bakgrunn for saka:

Frå 01.01.2021 er det lovbestemt at kommunestyret minst ein gang i året skal få ei orientering om tilstanden i barnevernstenesta (bvl § 2-1 åttande ledd)

Barnevernstenesta i Kinn kommune har nå utarbeidd Tilstandsrapport – 2022. Tilstandsrapporten vert presentert i Oppvekst og kulturutvalet og Helse-, sosial og omsorgsutvalet før den går vidare til handsaming i Kinn kommunestyre.

Saksopplysningar:

Kinn kommunestyre og kommunen si administrative leiding har det overordna ansvaret for at barneverntenesta vert forvalta i samsvar med gjeldande regelverk, og at tenesta som vert ytt er forsvarleg.

Årleg tilstandsrapportering er ein del av kommunen si plikt til internkontroll av barneverntenesta (jf kommunelova § 25-1).

Rapporten skal bidra til auka bevisstheit i høve kva som er godt barnevern, kunnskap om barneverntenesta sin kapasitet, oppfylling av tidsfristart, ressursbruk og samarbeid med andre instansar.

Tilstandsrapporten er såleis eit verkty som sikrar kommunen si styring og systematiske kontroll med at barneverntenesta utfører arbeidet slik at barn og familiar får den hjelpa dei har behov for.

Tilstandsrapporten for 2022 gjev orientering om m.a:

- Kinn barnevern si organisering
- Oppgåver og ansvar

- Ulike tema som:
 - ny barnevernlov gjeldande frå 2023
 - krav til kompetanse hos tilsette og arbeidet med kompetansebygging
 - samarbeidet i oppvekstsektoren knytt til arbeid med førebygging og tidleg innsats
 - Kinn kommune si deltaking i Barnevernløfte Vestland
 - Tilsyn
- Ulike område som barneverntenesta rapporterer og vert målt på, og barnevernleiar si vurdering av dette
- Økonomi
- Utfordringar
- Innsatsområde og tiltak

Vurderingar:

Tilstandsrapporten synleggjer barnevernet sitt arbeid og gjev viktig informasjon til administrativ og politisk leiing om ansvaret og kvaliteten i tenestetilbodet.

Tenesten har starta arbeidet med å utarbeide kompetanseplan for å få oversikt over kompetansen og kompetansebehovet på kort og lang sikt. Deltaking i tenestetøtteprogram er med å styrke kvaliteten på barneverntenesta sitt arbeid. Planlagde kompetanse- og utdanningstiltak vil venteleg sikre barneverntenesten lovpålagd kompetanse innan januar 2031.

Aktiv jobbing med eit godt system for internkontroll vil gje betre oversikt over arbeid i tenesten som kan vere sårbare for svikt, og gje betre styring av tenesten.

Kommunedirektøren viser til barnevernleiar si vurdering av arbeidet med meldingar, undersøkingar, tiltaksarbeid, barn under omsorg og arbeidet med ettervern. Tal på barn under omsorg i institusjon er av personvernomsyn ikkje synleggjort i rapporten.

Barneverntenesten deltek i tverrfagleg arbeid med plan for førebyggjande arbeid og tidleg innsats som del av temaplan for oppvekst. Kommunesdirektøren vurderer at det tverrfagleg arbeidet vil vere eit viktig verktøy for å sikre forplikting til og systematisk innsats med å legge til rette for heilskaplege tenester til barn og unge.

Økonomiske konsekvensar:

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Barnevernlova

Endringar i velferdstjenestelovgivning (samarbeid, samordning og barnekoordinator)

Behandling i Kommunestyret 12.06.2023:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

KOST- 096/23 Vedtak:

Kommunestyret tek orienteringa om Kinn barnevern sin tilstandsrapport for 2022 til vitande.

Behandling i Oppvekst- og kulturutvalet 30.05.2023:

Orientering v/ kommunalsjef Runa Nybakk.

Votering

Oppvekst- og kulturutvalet tok tilstandsrapporten til vitande.

OPKUV- 035/23 Vedtak:

Oppvekst og kulturutvalet og Helse-, sosial og omsorgsutvalet tek orienteringa om Kinn barnevern sin tilstandsrapport for 2022 til vitande.

Behandling i Helse-, sosial og omsorgsutvalet 30.05.2023:

Kommunalsjef Norunn Stavø orienterte.

Røysting:


Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak samrøystes vedtatt.

HSOUV- 023/23 Vedtak:

Helse-, sosial og omsorgsutvalet tek orienteringa om Kinn barnevern sin tilstandsrapport for 2022 til vitande.

Vedlegg i saken:

Tilstandsrapport Kinn barnevern 2022



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 23/25017
Sakshandsamar: Frida Rogne
Dato: 05.06.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
097/23	Kommunestyret	12.06.2023

Interpellasjonar


KOST- 097/23 Vedtak:

Behandling i Kommunestyret 12.06.2023:

KOST- 097/23 Vedtak:

Underliggende sak:

006/23, Interpellasjon/ spørsmål til formannskapsmøte 10.05.2023 - Havnespy
Ingen vedtak.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
002/23	Formannskapet	16.05.2023
004/23	Kommunestyret	25.05.2023
006/23	Kommunestyret	12.06.2023

Interpellasjon/ spørsmål til formannskapsmøte 10.05.2023 - Havnespy

KOST- 006/23 Vedtak:

Ingen vedtak.

Behandling i Kommunestyret 12.06.2023:

Interpellasjon frå Raudt:

Havnespy er ei fremmedart, også kjent som japansk sjøpung, som truer norskekysten. Havnespy dannar koloniar som dreper alt liv på havbotnen under seg og fortrenger alle andre arter. Miljødirektoratet opplyser at artsutbreiinga kan få store konsekvensar for økologien og naturmangfaldet i norske havområder.

Dette er dramatisk og det oppdagast stadig nye førekomstar på nye plasser. Havnespy er no oppdaga i Florø og det er kanskje berre eit tidsspørsmål før den er i Måløy.

Spørsmål:

1. Er kommuna klar over denne trusselen?
2. Om ja, kva slags tiltak er satt i verk?

Dersom kommuna ikkje allereie har satt i verk tiltak så foreslår eg følgande:

VEDTAK

1. Kinn Kommune går i dialog med Florø Hamn og Nordfjord Hamn om å gjennomføre strakstiltak for å bremse vidare spreiding av havnespy.
2. Kinn Kommune engasjerer seg aktivt i samarbeid med andre kommunar, Vestland fylkeskommune, Statsforvalteren, direktorat og andre naturlege samarbeidspartners for å arbeide fram nasjonale retningslinjer for å stoppe spreidinga av havnespy.
3. Kommunestyret får ei oppdatering på kommunestyremøte den 13. juni frå dialogen med Nordfjord Hamn og Florø Hamn om mulige strakstiltak.

Svar frå ordførar:

Ja, kommunen er klar over trugselen og har venta at havnespy skal etablere seg i

kommunen grunna den omfattande båttrafikken i hamnene våre.

Kommunen har hatt tett dialog med Statsforvaltar om funn av DNA frå havnespy i Florø og Måløy. Kommunen har ikkje sett i gang konkrete tiltak på noverande tidspunkt. I samband med mudring av farleia vest for Florø til hausten har Statsforvaltaren sett krav til overvaking av sjøbotnen. Ved funn av havnespy skal arbeidet stogkast og tiltak utførast. I samband med filming av sjøbotnen inne på Florevika er det no truleg gjort funn av havnespy. Omfanget i Florø vil bli kartlagt med undersjøisk kamera i juni. Konkrete tiltak vil verte vurdert i det vidare arbeidet i lag med regionale og nasjonale myndigheiter. Plansjefen, miljøkonsulenten og kommunalsjef, saman med leiarar ved Florø hamn og Nordfjord hamn har løpande dialog om havnespy. Det er planlagt å sette opp informasjonsplakatar om havnespy i småbåthamnene i Florø og Vågsøy.

Oppdatert 12.06.2023.

Det har vore avdekka fleire koloniar av havnespy over eit større område i indre hamnebasseng i Florø. Spreiingsmønsteret av desse tyder på at det finst ein eller fleire større koloniar i nærleiken som er opphav til desse. No vil Havforskningsinstituttet kome til Florø i siste halvdel av juni for å detaljkartlegge forekomstar. Vidare tiltak vil følgje av denne kartlegginga.

Kystverket sin planlagde mudring ved Mortingbåen vil truleg ikkje verte påverka. Det er funne havnespy i eit av deponiområda og stein frå Mortingbåen vil verte nytta for å dekke desse forekomstane. Effekten av dette vil likevel vere avgrensa då det er funne koloniar utanfor deponiområda.

Kinn kommune har dialog med relevante aktørar og har kalla inn til informasjonsmøte for Fjordbase, hamneområda og skipsverfta i Florø og Måløy 12. juni. Det er hengd opp informasjonsplakatar i småbåthamnene i Florø og det same vil verte gjort i Måløy.

Alle aktørar som driv skipsfart eller gjennomfører prosjekt i sjø som kan føre til spreiring av havnespy, har i samsvar med Naturmangfoldloven ei aktsemdsplikt. Dette inneber at dei må gjere tiltak for å hindre spreiring av havnespy.

Røysting:


Ingen røysting.

KOST- 006/23 Vedtak:

Ingen vedtak.

Vedlegg i saken:

Følgeskriv



Saksnr.	Utval	Møtedato
098/23	Kommunestyret	12.06.2023

Skjenkeløyve- Ludviken As - 2023-2024

KOST- 098/23 Vedtak:

Ludviken AS, org. nr. 929 337 859, ved dagleg leiar Steinar Svardal, får løyve til servering og skjenking av alle sortar alkoholhaldig drikk i omsøkte og godkjente lokalar for dette, Ludviken AS, Stavang, 6944 Stavang .

Løyvet gjeld til og med 30.09.2024.

Godkjent styrar	Steinar Svardal, født 23.10.1970
Godkjent stadavløysar	Ida Sørдал, født 23.11.1980
Godkjent lokale	Ludviken AS, inne og ute, jf. godkjente planteikningar
Type verksemd	Pub
Alkoholware	Alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2, drikk med inntil 22% alkohol

Vilkår: Dei til ei kvar tid gjeldande statlege vilkår for skjenkestader, jf. Alkoholova med forskrift, og Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer for perioden 2020-2024 .

Godkjende opnings- og skjenketider:

Skjenkestad	Skjenketider	Opningstider
	Under 22 %	Ope til
Ludviken AS	08.00-02.00	08.00-03.00

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Ludviken AS, org. nr. 929 337 859, ved dagleg leiar Steinar Svardal, får løyve til servering og skjenking av alle sortar alkoholhaldig drikk i omsøkte og godkjente lokalar for dette, Ludviken AS, Stavang, 6944 Stavang .

Løyvet gjeld til og med 30.09.2024.

Godkjent styrar	Steinar Svardal, født 23.10.1970
Godkjent stadavløysar	Ida Sørдал, født 23.11.1980
Godkjent lokale	Ludviken AS, inne og ute, jf. godkjente planteikningar
Type verksemd	Pub
Alkoholware	Alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2, drikk med inntil 22% alkohol

Vilkår: Dei til ei kvar tid gjeldande statlege vilkår for skjenkestader, jf. Alkohollova med forskrift, og Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer for perioden 2020-2024 . Godkjende opnings- og skjenketider:

Skjenkestad	Skjenketider	Opningstider	
		Ope til	
Ludviken AS	08.00-02.00	08.00-03.00	

Bakgrunn for saka:

Kinn kommune har motteke søknad om skjenkeløyve frå Ludviken AS, som ønskjer å starte pub i Stavang. Dei søker om løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2.

Saksopplysningar:

Lokalet er ombygd frå eit trelast lager og det er gjeve bruksendring til drift av pub. Dei sendte søknad om serveringsløyve og skjenkeløyve 06.03.23, og bruksendring vart gjeve 12.05.23. Ludviken AS er informert om politisk saksgang for slike søknader.

Vurderingar:

Ludviken AS har levert inn alle dokument som er kravd for slike søknader. Søknaden er handsama i samsvar med serveringslova og alkohollova. Kommunedirektøren rår til at løyve vert gjeve som framlegget viser.

Økonomiske konsekvensar:

Det vil i samsvar med gjeldande lovverk bli gjennomført kontroll med utføring av det gjeve løyvet. Dette vert utført av det kontrollselskap kommunen har avtale med. Vidare vil Kinn kommune kvart år krevje inn gebyr for å inneha kommunalt løyve for skjenking av alkoholhaldig drikk. Dette gebyret skal dekke dei utgifter kommunen har med oppfølging og kontroll med det gjeve løyvet.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

[Lov om omsetning av alkoholhaldig drikk av 02.06.1989, nr. 27 \(alkohollova\)](#) med seinare tillegg og endringar.

[Forskrift av 08.06.2005 nr. 538 om omsetning av alkoholhaldig drikk m.v](#) med seinare tillegg og endringar.

[Forskrift av 15.12.1994 nr. 1187 om internkontroll for å oppfylle næringsmiddelavgjevinga.](#)

[Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer](#), godkjent i kommunestyre i sak 046/20, den 20. april 2020.

Behandling i Kommunestyret 12.06.2023:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

KOST- 098/23 Vedtak:

Ludviken AS, org. nr. 929 337 859, ved dagleg leiar Steinar Svoldal, får løyve til

servering og skjenking av alle sortar alkoholhaldig drikk i omsøkte og godkjente lokalar for dette, Ludviken AS, Stavang, 6944 Stavang .
Løyvet gjeld til og med 30.09.2024.

Godkjent styrar	Steinar Svardal, født 23.10.1970
Godkjent stadavløysar	Ida Sjørdal, født 23.11.1980
Godkjent lokale	Ludviken AS, inne og ute, jf. godkjente planteikningar
Type verksemd	Pub
Alkoholware	Alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2, drikk med inntil 22% alkohol

Vilkår: Dei til ei kvar tid gjeldande statlege vilkår for skjenkestader, jf. Alkoholova med forskrift, og Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer for perioden 2020-2024 .
Godkjende opnings- og skjenketider:

Skjenkestad	Skjenketider		Opningstider	
	Under 22 %		Ope til	
Ludviken AS	08.00-02.00		08.00-03.00	

Vedlegg i saken:

A10 Situasjon_utomhus.pdf
Fasade1
Fasade 2
A20-01 Plan 1. Etasje.pdf



Saksnr.	Utval	Møtedato
087/23	Formannskapet	08.06.2023
099/23	Kommunestyret	12.06.2023

Høyringsmerknad - Utgreiingsprogram for Havvind

KOST- 099/23 Vedtak:

Kinn kommune støttar at det vert gjennomført konsekvensutgreiing slik det går fram av framlegg til program for strategisk konsekvensutgreiing av nye områder for fornybar energiproduksjon til havs i høyringsbrev, arkivsak 23/900.

1. Auka behov for kraft til klimaomstilling, samt ein olje- og gassproduksjon som vil avta, vil skape ytterlegare behov for ny energiproduksjon. Skal ein klare den samla målsettinga bør ein auka produksjon av Havvind.
2. Samtidig må vi ta omsyn til at urørt natur har ein eigenverdi og at andre næringar skal leve i sameksistens med og ikkje verte skadelidande på grunn av ny energiproduksjon – særleg er dette aktualisert rundt fiskeri og offshore havvind.
3. Stortinget har vedteke at olje- og gassinstallasjonar skal elektrifiserast. Kinn kommune meiner at den krafta må kome frå offshore vind. Samtidig må ein sørge for at det går kablar til land slik at vindkraft også kan nyttast til fastlandsindustrien og bidra til større fleksibilitet i kraftforbruket.
4. Fiskerinæringa i Vestland er noko av det mest bærekraftige vi har og må ikkje nedprioriterast til fordel for havvind.
5. Kinn kommune har eit sterkt og kompetent maritimt næringsliv som kan delta i utvikling av nye arbeidsplassar innnan havvind. Departemenet må leggja til rette for nyskaping og innovasjon som støttar ei næringsretta satsing på havvind gjennom at målretta program for forskning, inkubasjon og andre incentiv tiltak. Tiltaka bør være særskilt innretta mot å utvikle områder med særskilte fordeler med tanke på koblingspunkt mellom havvind og sentralnettet, og må ha ein distriktsprofil.
6. Konsekvensutredning skal utføres av faglig kompetente og uhilda instansar.
7. Havforskning på marin bærekraft kontra havvind må styrkast kraftig for å ivareta "Førevar-prinsippet".
8. Konsekvensutgreiinga bør mellom anna ta hensyn til:
 - mykje sterkare satsing på ENØK
 - oppgradering av eksisterande vasskraftanlegg og linjenett
 - utbygging av geotermisk energi og solenergi

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 08.06.2023

Formannskapet sender saka vidare til kommunestyre for handsaming.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommune støttar at det vert gjennomført konsekvensutgreiing slik det går fram av framlegg til program for strategisk konsekvensutgreiing av nye områder for fornybar energiproduksjon til havs i høyringsbrev, arkivsak 23/900.

1. *Auka behov for kraft til klimaomstilling, samt ein olje- og gassproduksjon som vil avta, vil skape ytterlegare behov for ny energiproduksjon. Skal ein klare den samla målsettinga bør ein auka produksjon av Havvind.*
2. *Samtidig må vi ta omsyn til at urørt natur har ein eigenverdi og at andre næringar skal leve i sameksistens med og ikkje verte skadelidande på grunn av ny energiproduksjon – særleg er dette aktualisert rundt fiskeri og offshore havvind.*
3. *Stortinget har vedteke at olje- og gassinstallasjonar skal elektrifiserast. Kinn kommune meiner at den krafta må kome frå offshore vind. Samtidig må ein sørge for at det går kablar til land slik at vindkraft også kan nyttast til fastlandsindustrien og bidra til større fleksibilitet i kraftforbruket.*
4. *Fiskerinæringa i Vestland er noko av det mest bærekraftige vi har og må ikkje nedprioriterast til fordel for havvind.*
5. *Kinn kommune har eit sterkt og kompetent maritimt næringsliv som kan delta i utvikling av nye arbeidsplassar innnan havvind. Departementet må leggja til rette for nyskaping og innovasjon som støttar ei næringsretta satsing på havvind gjennom at målretta program for forskning, inkubasjon og andre incentiv tiltak. Tiltaka bør være særskilt innretta mot å utvikle områder med særskilte fordeler med tanke på koblingspunkt mellom havvind og sentralnettet, og må ha ein distriktsprofil.*
6. *Konsekvensutredning skal utføres av faglig kompetente og uhilda instansar.*
7. *Havforskning på marin bærekraft kontra havvind må styrkast kraftig for å ivareta "Førevar-prinsippet".*

Bakgrunn for saka:

Olje og energidepartementet har bede om merknad til program strategisk konsekvensutgreiing etter havenergilova.

Utgreiinga er sett i verk for å konsekvensvurdere utbygging av havvind. Ei gruppe nedsett av departementet er blitt beden om å vurdere områder mot 2040 med 30GW i energiproduksjon.

Departementet har opna for å kunne gje merknader til programmet for utgreiing innan 12. juni.

[Link til høyringsdokumenta](#)

Saksopplysningar:

Departementet har bede om tilbakemelding på framlegg til program for strategisk konsekvensutredning av nye områder til fornybar energiproduksjon i havområda. Det ligg to framlegg til program a) område Sørvest F og Vestavind F som mogeleggjær tildeling av prosjektområder i 2025 og b) utredningsprogram for 18 identifiserte områder.

Utgreiinga er heimla i Havenergilova [Havenergi lova](#). Områder som vert vurdert opna for Havvind vert først utgreidd av statlege mynde, medan konsekvensutgreiinga på prosjektspesifikke vert utarbeidd av utbyggjar som er tildelt areal.

Formålet med utgreiinga er at dei klargjere miljø og samfunnsmessige forhold knytt til potensielle område for havvind.

Departementet skriv:

«Utredningen skal gjøres på et overordnet nivå, og har som mål å fremskaffe beslutningsrelevant kunnskap om utredningsområdene. Områdene som utredes vil vurderes opp mot hverandre, og det vil avdekkes ny informasjon om potensielle konflikter med andre interessenter. Utredningene vil også belyse kunnskapsmangler. Utredningen skal identifisere de mest sentrale potensielle konfliktene knyttet til de aktuelle områdene, samt vurdere kvaliteten på eksisterende kunnskapsgrunnlag om miljø- og samfunnsinteresser. Utredningen skal også fremskaffe nødvendig kunnskapsgrunnlag for vurderinger etter naturmangfoldloven kapittel II.»

Kartet nedanfor viser område som vert vurdert.



Kommunestyret handsama i sak 23/020 innspel til Regional plan for fornybar energi;

1) Kinn kommune er uroa for ein situasjon kor vi risikerer kraftunderskot frå 2026/27. Det vil føre til høgare prisar og at det blir vanskelegare å få til kutt i klimagassar. Om lag 50 prosent av energibruken vår er fossil. Auka behov for kraft til klimaomstilling, samt ein olje- og gassproduksjon som vil avta, vil skape ytterlegare behov for ny energiproduksjon....Skal ein klare den samla målsettinga auka produksjon, vil vi difor slutte oss til Energikommisjonen si overskrift: Meir av alt – raskare. Samtidig må vi ta omsyn til at urørt natur har ein eigenverdi og at andre næringar skal leve i sameksistens med og ikkje verte skadelidande på grunn av ny energiproduksjon – særleg er dette aktualisert rundt fiskeri og offshore havvind....

6) Stortinget har vedteke at olje- og gassinstallasjonar skal elektrifiserast. Kinn kommune meiner at den krafta må kome frå offshore vind. Samtidig må ein sørge for at det går kablar til land slik at vindkraft også kan nyttast til fastlandsindustrien og bidra til større fleksibilitet i kraftforbruket.

7. Fiskerinæringa i Vestland er noko av det mest bærekraftige vi har og må ikkje nedprioriterast til fordel for havvind. Når ein ser i planen på retningslinjer for fornybar energi (s.27-28) under avsnitt om fisk, så er alle punkta (26-30) kun om fisk som blir berørt av vannkraftutbygging (laksevassdrag, minstevannføring osv.). Ikkje eit ord er nevnt om dei marine saltvannsfiskane og påvirkning ved utbygging av havvind. Det må inn i kriteria under avsnitt fisk; at førevar-prinsippet skal gjelde for dei marine artane. Utbyggar av havvind skal koste konsekvensutredning og sikre at utbygging ikkje medfører negative belastningar for marint liv og miljø. Konsekvensutredning skal utføres av faglig kompetente og uhelda instanser. Havforskning på marin bærekraft kontra havvind må styrkast kraftig for å ivareta "Førevar-prinsippet".

Kommunestyret sitt kan også være dekkande for ny merknad for denne høyringa.

Vurderingar:

Høyringsdokumenta peikar på at det er gode vindressursar i havområda utanfor vår kyst og dei kan bli viktig ledd i reduksjon av fossile kjelder.

Miljø konsekvensane er enno ikkje er tilstrekkeleg utgreidd og det er naudsynt med avklaringar av arealbruk i høve petroleum- og fiskerinteresser. Ei konsekvensutgreiing og ny kunnskap om er såleis viktig, og ein av intensjonane bak konsekvensutgreiing. Havforskningsinstituttet har publisert forskning og analyser kring verknader av havvind og dei gjev denne anbefalinga;

HI anbefalar at det blir utforma ein standardisert protokoll for havvindanlegg tilpassa norske forhold. Ein slik protokoll bør omfatta grundige undersøkingar av områda før utbygging, samt overvaking av både fysiske og biologiske endringar under drift og etter avvikling av anlegga. Innsamla data bør vera opent tilgjengelege. HI rår førebels frå utbyggingar i område som er spesielt viktige for enkelte artar, som gyteområde for fisk. Utbygging bør også unngåast i område som er spesielt sårbare eller verdifulle for det marine økosystemet. HI anbefalar bruk av støydempande tiltak som boblegardin under utbygging. Utbyggingsarbeid bør ikkje skje i gyteperiodar for fisk eller beite- og kasteperiodar for sjøpattedyr i og nær område dette er aktuelt. HI rår også til å bruka materiale som gir minst mogleg støy ved fortøying av flytande turbinar.

Link til sida til : [Havforskningsinstituttet - Havvind](#)

Fiskeridirektorat har peika på at vi disponerer store havareal, men det er, og kan bli trangt om plassen. Direktorat presenter kartløyisingar som viser korleis fiskeri, olje, og anna aktivitet brukar havareal. Fiskeridirektorat har vore med å forma ut område som skal konsekvensutgreiast. Fiskeridirektorat skriv at område som no vert peika på ligg utanfor dei viktigaste fiskeriinteressene.

[Fiskeridirektoratet - omtale av fiskerintereser](#)

Når det gjeld førebels næringsperspektiva er det mogeleg å peike analyse frå Menon Analyse;

Vi vurderer at det er spesielt innen følgende områder at norske aktører har konkurransefortrinn:

- Høy offshore-kompetanse, teknologisk innsikt og kvalitet på produkt/tjeneste
- Egnet topografi og kort geografisk avstand til europeiske markeder
- Godt samarbeid mellom norske aktører, som fremmer synergier og leverandørmangfold
- Flere samarbeidskonstellasjoner med internasjonale aktører som fremmer innovasjon og gir markedstilgang

- *Internasjonalt ledende innovasjonsøkosystem, med utgangspunkt i formelle klynger, testsenter og samarbeid med FoU-institusjoner*

Menon Analyse - Næringspotensiale Havvind

Kinn kommune har ei næringsliv som er maritim rette, og har interesser i få greidd ut vilkår for å utvikle havvindressursane, samstundes som ei slik analyse må peike på korleis slik utvikling ikkje må gå på bekostning av miljø og anna næring.

Økonomiske konsekvensar:

«Skriv her»

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Behandling i Kommunestyret 12.06.2023:

Forslag frå Raudt, foreslått av Geir Ole Oldeide, Kinn Rødt

Konsekvensane for naturen og livet i havet er ikkje godt nok utgreidd til å gjere slike store utbyggingar. Fisker skal vere ein evigvarande ressurs og må ikkje gamblast med. Fiskerane sine organisasjonar har sagt klart frå at dei nye planane er heilt uakseptable. Vindkraft er ein svært ustabil kraftressurs som krev store mengder balansekraft.

Vindkraft, og då særskilt havvind, er svært dyr å produsere og krev ein høg straumpris eller svært store subsidiar for å vere lønsam, sannsynlegvis begge deler.

Det er grunn til å frykte at krafta frå slik utbygging blir eksportert.

Norge sitt kraftbehov dei næraste tiåra kan m.a. dekkast gjennom

- prioritering av kva krafta skal brukast til
- strengare regulering av krafteksporten
- mykje sterkare satsing på ENØK
- oppgradering av eksisterande vasskraftanlegg og linjenett
- utbygging av geotermisk energi og solenergi

Kinn kommune bed regjeringa legge vekk planane om nye store utbyggingsområde for havvind

Tilleggspunkt, foreslått av Jan Henrik Nygård, Kinn Venstre

Konsekvensutgreiinga bør mellom anna ta hensyn til:

- mykje sterkare satsing på ENØK
- oppgradering av eksisterande vasskraftanlegg og linjenett
- utbygging av geotermisk energi og solenergi

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vedtatt med 24 røyster (10 AP, 6 H, 4 V, 3 SV, 1 KRF).

Framlegg til vedtak frå Raudt falt med 14 røyster (4 Raudt, 3 SP, 2 FRP, 1 MDG og 4 uavhengige v/ Egeberg, Aare, Hopland og Solheim).

Tilleggsforslag frå Jan Henrik Nygård samrøystes vedtatt.

KOST- 099/23 Vedtak:

Kinn kommune støttar at det vert gjennomført konsekvensutgreiing slik det går fram av framlegg til program for strategisk konsekvensutgreiing av nye områder for fornybar energiproduksjon til havs i høyringsbrev, arkivsak 23/900.

1. Auka behov for kraft til klimaomstilling, samt ein olje- og gassproduksjon som vil avta, vil skape ytterlegare behov for ny energiproduksjon. Skal ein klare den samla målsettinga bør ein auka produksjon av Havvind.
2. Samtidig må vi ta omsyn til at urørt natur har ein eigenverdi og at andre næringar skal leve i sameksistens med og ikkje verte skadelidande på grunn av ny energiproduksjon – særleg er dette aktualisert rundt fiskeri og offshore havvind.
3. Stortinget har vedteke at olje- og gassinstallasjonar skal elektrifiserast. Kinn kommune meiner at den krafta må kome frå offshore vind. Samtidig må ein sørge for at det går kablar til land slik at vindkraft også kan nyttast til fastlandsindustrien og bidra til større fleksibilitet i kraftforbruket.
4. Fiskerinæringa i Vestland er noko av det mest bærekraftige vi har og må ikkje nedprioriterast til fordel for havvind.
5. Kinn kommune har eit sterkt og kompetent maritimt næringsliv som kan delta i utvikling av nye arbeidsplassar innan havvind. Departemenet må leggja til rette for nyskaping og innovasjon som støttar ei næringsretta satsing på havvind gjennom at målretta program for forskning, inkubasjon og andre incentiv tiltak. Tiltaka bør være særskilt innretta mot å utvikle områder med særskilte fordeler med tanke på koblingspunkt mellom havvind og sentralnettet, og må ha ein distriktsprofil.
6. Konsekvensutredning skal utføres av faglig kompetente og uhilda instansar.
7. Havforskning på marin bærekraft kontra havvind må styrkast kraftig for å ivareta "Førevar-prinsippet".
8. Konsekvensutgreiinga bør mellom anna ta hensyn til:
 - mykje sterkare satsing på ENØK
 - oppgradering av eksisterande vasskraftanlegg og linjenett
 - utbygging av geotermisk energi og solenergi

Behandling i Formannskapet 08.06.2023:

Røysting:

Samrøystes vedtatt å sende saka vidare til kommunestyre utan innstilling frå formannskapet.

FORM- 087/23 Vedtak:

Formannskapet sender saka vidare til kommunestyre for handsaming.